

# **Årsrapport 2011**

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

# Innhold

<b>Kapittel 1 - Om embetet</b>	Side 4
<b>Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer</b>	Side 9
<b>Kapittel 3 - Resultatområder</b>	Side 20
Kongehuset	Side 20
Miljøverndepartementet	Side 20
Landbruks- og matdepartementet	Side 27
Kunnskapsdepartementet	Side 41
Statens Helsetilsyn	Side 63
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	Side 68
Justis- og politidepartementet	Side 73
Kommunal- og regionaldepartementet	Side 77
Arbeidsdepartementet	Side 83
Helse- og omsorgsdepartementet	Side 86
Samferdselsdepartementet	Side 103
Utenriksdepartementet	Side 104
Kulturdepartementet	Side 104
Fomyings-, administrasjons- og kirke departementet	Side 104
Andre	Side 109
Endringer i årsrapporten	Side 110

# Kapittel 1 - Om embetet

## 1.1 Tilstanden i embetet og fylket generelt

Møre og Romsdal er eit fylke med stor aktivitet på alle områder. Vi er eit fylke med eit sterkt og allsidig næringsliv, og med eit blømande kulturliv. Kommunane satsar på å skape det gode samfunn for alle. Fylkeskommunen er ein aktiv medspelar i dette. Fylkesmannen har og heilt klart sine oppgåver i dette samspelet. 2011 har vore eit år der desse tre aktørane har arbeid i lag på mange områder.

Fylkesmannen sine oppgåver er mange og store i eit fylke som har ein slik topografi og eit så aktivt og blømande næringsliv. Og presset på Fylkesmannen sine tenester vert berre større og større.

Møre og Romsdal har 36 kommunar, og berre fire av dei har over 10 000 innbyggjarar. Med andre ord så har vi mange små kommunar med dei avgrensingar det set, når det gjeld m.a. kompetanse på mange fagområder. Derfor er interkommunalt samarbeid utprega i Møre og Romsdal. Ei av utfordringane er at dette samarbeidet spriker i alle retningar. Fylkesmannen hadde sett at desse hadde hatt ein fastare struktur, slik at dei same kommunane samarbeidde på fleire områder.

Det er på gang samtalar i ein del kommunar om samanslåing. Og vi trur at det vert fleire som vil starte slike samtalar i 2012.

Med så mange og små kommunar, og med dei reiseavstandane ein har, vert dette og eit stort press på fylkesmannen sine tenester.

Trass i at næringslivet går godt og arbeidsløysa er lav i fylket, er den kommunale økonomien ikkje god. Kanskje har ambisjonane om å skape gode tenester til folket vore for store sett i høve til inntektene. Kanskje har låneopptaka vore for store. I alle høve har vi no 10 kommunar på ROBEK-lista. Utfordringa for fylkesmannen er å hjelpe desse kommunane til å få orden på økonomien sin, slik at dei kan kome seg ut så snart rå er, og kan bli «herre i eige hus».

Vi har i 2011 spissa skjønsmidla opp mot barnevernet, samhandlingsreforma, spesialundervisning og velferdsteknologi. Dette vil vi og gjere i 2012, men med ei utviding når det gjeld barnevern til å gjelde oppvekst for barn og unge. Vi skal i 2012 starte opp med årlege dialogkonferansar med kommunane, med hovudtema på skjønsmiddelbruken, der føremålet med dette er å trekkje kommunane meir inn i prosessen i utveljinga av områder vi skal spisse skjønsmidla inn mot.

Det må og nemnast at 2011 vart ei stor utfordring for Fylkesmannen på beredskapssida. Først ved terroråtaka den 22. juli. Vi meiner vi har takla det bra så langt, men her ligg det mykje arbeid framføre oss i 2012 og kanskje i fleire år framover. Vi har sett ned ei gruppe av ressurspersonar, frå Fylkesmannen, Arbeidarpartiet, AUF, KS, støttegruppa – både den nasjonale og lokale, helseføretaket og fylkeskommunen. Vi har faste møter ein gong i månaden for oppfølging.

Brannen om bord i hurtigruteskipet Nordlys ga oss og ein del utfordringar, men den vart godt handsama av rederi, politi, brannvesen, kystverket og Ålesund kommune.

Kvelden første juledag råka orkanen Dagmar fylket vårt med hard hand. Dette sette og beredskapen på prøve. Vi sendte alt vesle julaftan ut melding til alle kommunane om ekstremvervarslet vi fekk frå vêrvarslinga.

Vårt inntrykk er at kommunane jamt over gjorde ein god jobb på beredskapssida. Sjølvsagt var det ting som kunne vore gjort annleis eller betre.

Den store utfordringa var at straumforsyninga og telenettet var borte i så lang tid, samt at NRK P1, beredskapskanalen, var ute av drift eit heilt døgn. Dette har vi hatt evalueringsmøter på, og skal ha fleire i 2012. Alle aktørane er samde om at dette må betrast, og dei har og vil ta tak i dette.

Men det er eit tankekors for Fylkesmannen at vi er meir sårbar no i 2012 enn det vi var ved nyttårsorkanen 1. januar 1992.

Største utfordringa til Fylkesmannen internt er å få driftsnivået ned slik at vi får balanse i rekneskapen vår.

2011 kom ut med underskot, og det må takast inn att i 2012. Vi har for høg aktivitet, og for mange tilsette sett i høve til inntektene. Dette gjer at vi må gå igjennom alle oppgåvene våre, og bli samde om kva oppgåver som må prioriterast bort/ned. Det er heilt klårt at vi ikkje har økonomiske ressursar til å gjere embetsoppdraget fullt ut.

Dette vert krevjande, men vi trur vi skal klare det – det er i alle fall eit prioritert mål.

Pr. 31.12.2011 er vi 135 tilsette, inkludert 5 tilsette som er i svangerskapspermisjon og er organisert med fem fagavdelinger.

Leiargruppa består av embetsleiinga, leiarane i alle avdelingane og administrasjonssjef, 4 menn og 4 kvinner.

### **Sjukefråværet i embetet**

Dei endelege tala frå NAV om sjukefråværet for 4. kvartal 2011 i embetet er ikkje klart, men tala frå 1., 2. og 3. kvartal er høgare enn dei var i fjor. Det som bekymrer mest er at sjukefråværet i embetet no er høgare enn gjennomsnittet for heile staten. Vi arbeider jamnleg med tiltak for å få ned sjukefråværet og auke nærveret, men vi slit med å finne dei tiltaka som verkar. Vi er redd for at vi ser ein tendens til at sjukefråværet har ein samanheng med at det ikkje er samsvar mellom embetsoppdraget og dei ressursane som vert stilt til disposisjon, at tilsette kjem i eit krysspress som ikkje er bra for helsa.

## **1.2 Ressursbruk og andre økonomiske forhold**

Vi har tidlegare gitt tilbakemelding om at rammetildelinga til Fylkesmannen i Møre og Romsdal ikkje står i forhold til dei oppdraga som skal løysast. Vi har òg ved fleire høve peika på at fordelingsmodellen som vert nytta, ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til dei geografiske utfordringane når det gjeld reiseavstandar og det høge antal kommunar i Møre og Romsdal, samt at embetet pga geografi og mykje industrielt næringsliv har utfordringar både med omsyn til omfanget av klagesaker i plan og bygg og saker innafor t.d. forureiningsområdet som krev rask og god oppfølging.

Vi konstaterer at embetet får ein reell nedgang i rammeoverføringa for 2012, samtidig som vi har ei auke i antal enkeltsaker på fleire område.

Vi har innsett at løyvinga til fylkesmannsembeta ikkje vil endre seg, og at vi må innrette drifta i forhold til dei økonomiske rammene som vi har. I 2011 har Fylkesmannen i Møre og Romsdal hatt eit stramt budsjett, der vi har halde stillingar vakante for å halde budsjetttramma, noko som har ført til at oppgåver ikkje har vorte utført i tråd med embetsoppdraget. Vi ser at den økonomiske situasjonen er av varig karakter, og vi har derfor satt i gang ein prosess der alle avdelingane går kritisk gjennom alle oppgåver, for å sjå kva for oppgåver vi ikkje har ressursar til å gjennomføre.

I vårt budsjett for 2011 la vi derfor opp til ein prosess for å redusere stillingsressurser i embetet bl.a. gjennom vakanseperioder ved ledighet – samt en varig bemanningsreduksjon på nokre område.

Gjennom budsjettåret nådde vi dessverre ikkje dei innsparingsmål vi hadde satt oss, noko som gjer at vi i 2011 fekk eit meirforbruk i forhold til disponible midler.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal fortset derfor prosessen med nedbygging av stillingsressurser ved embetet, og har for driftsåret 2012 eit budsjett som går i balanse i forhold til tildelinga frå departementet. Vi er imidlertid klar over at ytterlegare driftsreduksjonar må setjast i verk midlertidig for å dekke fjorårets overforbruk.

Dette vil slik vi ser det vere varige utfordringar, men det vil sannsynlegvis vere ulike oppgåver som vi vil verte nedpriortert frå år til år. Fylkesmannen si oppfølging av enkeltsaker med verknad for rettstryggleiken til einskildpersonar vil alltid måtte prioriterast.

Kommunaldepartementet har innført ein frist på 12 veker for handsaming av byggesaksklager med verknad frå 1.7.2012. Vi gjer merksam på at dette allereie i mange år har vore eit prioritert saksområde hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Det er ikkje mangel på prioritering som fører til lang sakshandsamingstid. Utfordringa ligg i at også andre saksområder har saker som haster og som har stor betydning for dei partane som venter og for kommunane som har sakene inne til handsaming. Fylkesmannen har ikkje økonomi til å halde ønska og forsvarleg sakshandsamingstid på alle sakstyper.

Dersom departementet meiner byggesaksklager generelt skal prioriterast framfor andre sakstyper, slik ein generell frist vil medføre, må dette følgjast opp med ei ressurstildeling som gjer området mindre sårbart enn i dagens situasjon.

Kommunaldepartementet tildelte i 2010 ekstra midlar til å arbeide ned restansane på byggesaksområdet. I Møre og Romsdal vart midlane brukt etter intensjonen og sakshandsamingstida vart redusert, men problemet er at antal saker har auka meir enn antal sakshandsamarar kan ta unna, så derfor vil ikkje skippertak vere ei langsiktig løysing. Det er heilt nødvendig at departementet legg inn ressursar til fylkesmannsembeta slik at det er mogeleg å halde fristen på 12 veker.

Møre og Romsdal fekk ikkje tildelt ei ny planstilling då andre embete fekk ressursar til dette i 2009, dette har det vore peika på ved fleire høve og det er heilt nødvendig at dette vert retta opp.

2011 er det første heile året at Offentleg Elektronisk Postjournal har vore aktiv. Dette har ført til ei nær dobling av antal innsynsbegjæringar for Fylkesmannen i Møre og Romsdal frå 2010 til 2011. Vi er heilt einig om at forvaltninga skal vere offentleg tilgjengeleg, men dette har ført til ei auke i arbeidsbelastninga både på arkivpersonell og sakshandsamarar, særleg der innsynsbegjæringa gjeld saker som er unnateke offentlegheit. Staten må ta innover seg at meiroffentlegheit ikkje fører til mindre arbeid og at nokon må ta ansvar for å tildele ressursar til dette meirarbeidet.

Når det gjeld andre spesifikke oppgåver i 2012 vil Fylkesmannen i Møre og Romsdal mangle kapasitet til gjennomføre følgjande oppgåver på ein god måte:

- Følgje opp utslippsløyve med særleg vilkår. Brot på utslippsløyve vert ofte tilfeldig avslørt gjennom klager og enkelthendingar.
- Følgje opp alle klager når det gjelder støy, lukt og andre forureiningsproblem.
- Jobbe systematisk med klimaoppgåver jmf. embetsoppdraget.
- Vurdere og administrere skjøtsel av naturvernområder.
- Lavere aktivitet mot kommunane i arealsaker.
- Arbeidet med økologisk landbruk.
- Arbeidet med kulturlandskap – det som går utover forvaltning av tilskotsordningane.
- Arbeidet med samhandlingsreformen.
- Høyringsprosesser i saker frå departement, direktorat og kommunar.

Den største bekymringa vår er at knappe ressursar kan føre til ein tendens til at det berre vil vere dei lovpålagte oppgåvene som vil bli prioritert, og at dette vil føre til at oppgåvene som er knytt til rettleiing og utvikling vil verte skadelidande. Dette er viktig arbeid som på sikt vil kunne gje betre effekt på kvaliteten av vårt arbeid, enn arbeid med enkeltsaker. Ei slik utvikling vil på lengre sikt kunne føre til at den proaktive rolla med å bistå kommunane på alle våre fagfelt vil verte svekka.

Vi har hatt ekstraordinære utgifter i 2011 som er knytt til ombygging av våre lokaler, samt at vi har fått ei auke i faste husleieutgifter som det ikkje er tatt omsyn til i fordelinga.

<b><u>Kap. 1510 post 01/kap. 4510 refusjonsposter mv</u></b>	<b><u>Tall i kroner</u></b>
Bevilgning på kap. 1510 post 01 i tildelingsbrevet 2011	69 126 000
Overføring av årsresultatet 2010 på post 01, jf FADs brev av 04.04.2011	462 000
Andre tilleggsbevilgninger/overskridelsessamtykker, sum*)	653 170
Inntekter kap. 4510 post 15 - Refusjon arbeidsmarkedstiltak	43 326
Inntekter kap. 4510 post 16 - Refusjon foreldrepenger	1 521 190
Inntekter kap. 4510 post 17 - Refusjon lærlinger	117 201
Inntekter kap. 4510 post 18 – Refusjon sykepengar	2 175 653
<b>Sum bevilgninger og refusjoner</b>	<b>74 098 540</b>
Utgiftsført beløp post 01 – driftsutgifter	76 605 933
Inntektsført beløp kap. 4510 post 02 Ymse inntekter **)	587 068
<b>Sum mer-/mindreutgifter utgiftspost 01</b>	<b>-1 920 325</b>

\*) Lønnskompensasjon for oppgjøret 2011, jfr. FAD's brev av 4.11.2011

<b><u>Kap. 1510 post 21/kap. 4510 post 01</u></b>	<b><u>Tall i kroner</u></b>
Overføring av årsresultatet 2010 på post 21, jf FADs brev	<b>-255 000</b>

av 04.04.2011

Utgiftsført kap. 1510 post 21- spesielle driftsutgifter	4 705 015
Inntektsført kap. 4510 post 01 Oppdragsinntekter**)	5 083 224
<b>Sum mer-/mindreutgifter post 21</b>	<b>123 209</b>

Departement	Kap1510	Fagdep
Miljøverndepartementet	kr 10 998 230,82	kr 2 254 261,77
Landbruks- og matdepartementet	kr 10 798 039,12	kr 11 443,45
Kunnskapsdepartementet	kr 5 868 360,95	kr 1 606 688,83
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	kr 2 261 929,66	kr 498 096,24
Justis- og politidepartementet	kr 3 841 260,46	kr 245 518,86
Kommunal- og regionaldepartementet	kr 3 977 541,65	kr 0,00
Arbeidsdepartementet	kr 587 687,69	kr 779 460,51
Helse- og omsorgsdepartementet	kr 10 085 222,87	kr 4 206 669,51
Andre	kr 23 996 993,79	kr 0,00
<b>Sum:</b>	<b>kr 72 415 267,01</b>	<b>kr 9 602 139,17</b>

### 1.3 Risikostyring

Embetet har i 2011 hatt i gang prosesser blant dei tilsette og leiarane for å få på plass ein strategiplan. Denne er no klar til å sendast ut på høring blant alle tilsette. Embetet har derfor ikkje enno gjennomført risikostyring på overordna mål, men i samband med handlingsplaner på avdelingsnivå er det gjennomført risikovurdering i nokre avdelingar. Dette vil vi arbeide vidare med framover, slik at risikostyring vert ein naturleg del av planer i avdelinga. Embetet vil avvente dei felles tiltaka som arbeidsgruppa som FAD har satt ned før vi gjer noko meir på dette området.

### 1.4 Helhetlig og strategisk ledelse

I 2011 har mellomleiarane vorte inkludert i ei heilskapleg leiing ved at dei deltek på ei felles samling for alle leiarane frå lunsj til lunsj. Vi vurderer også å ha eigne møte i løpet av året med utvida leiargruppe, slik at det vert kortare veg frå vedtak til gjennomføring.

I 2011 har vi revidert vårt interne delegasjonsreglement.

#### IA-avtalen

##### Egne IA-måltall (inngått ny IA avtale)

Planlagte og gjennomførte tiltak:

- utarbeide mål- og handlingsplan IA
- Gjennomført HMS-opplæring for verneombod, leiarar og AMU
- IA tema i fellesmøte for alle tilsette
- Opplæring i medarbeidarsamtalen for alle tilsette og utvida opplæring for leiarane
- Gjennomført medarbeidarsamtale (påtrykk frå embetsleiinga om å få gjort dette)
- Målretta bruk av BHT og i 2011 arbeidshelseundersøking
- Gjennomgang og innskjerping av oppfølging sjukmeldte
- Utarbeiding og kommentering av sjukefråværsstatistikk. Krav om kommentarar/tiltaksvurdering ved sjukefråvær >4%
- Inkludering av medarbeidarar med nedsett funksjonsevne og tilrettelegge for desse.

Planlagte, men ikkje fullt ut gjennomførte tiltak:

- Statistikk for uførepensjonistar følgjes på linje med sjukefråvær - embetet er lite og oversiktlig. Har oversikt over utvikling/kven det gjeld og grunnar for pensjonering, men ikkje systematisk statistikk på dette.

Mål for IA er satt for hele inneværande IA-avtale periode. Om vi har nådd måla, er for tidleg å uttale seg om.

Sjukefråværsutviklinga er ikke positiv, men det er tatt tak i.

## Lærlingar i staten

Vi har i år to lærlingar i kontorlaget, den eine er førsteårs og den andre er andreårs lærling. Vårt mål er å ha same ordninga framover

## Innkjøp

Vi har inngått avtale med Møre og Romsdal fylkeskommune om å bruke deira rammeavtaler på innkjøp, og har derfor ikkje tatt i bruk Merzell KGV-løysinga. Alle rammeavtalane ligg tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet vårt, saman med embetet sitt eige innkjøpsreglement.

Dessverre vedtok styret for Iverksetting av handlingsplan for miljø og samfunnsansvar i offentlege innkjøp i Møre og Romsdal å leggje ned knutepunktet i Møre og Romsdal frå 01.01.2012.

## Kommunikasjonspolitik

Embetet har halde fleire medietreningskurs for dei tilsette. Vi er og involvert i arbeidet med dei nye portalsidene for embeta. Vi vil i år ha kursing i klart språk for alle.

## Universell utforming

I 2011 har vi revidert vår handlingsplan for universell utforming. Den opprinnelege handlingsplana vart laga i einskapsfylketida.

Nye tiltak i handlingsplana for 2011 og 2012 er:

- Automatiske dørøpnarar inn til 4. etasje servicekontoret og 5. etasje - dette er gjennomført i 2011
- HC toalett i 5. etasje - dette skulle huseigar gjennomføre i samband med ombygging, men er enno i realisert.
- Gjennomgang vedr. behov for ledelinjer/markeringar (innomhus i lokala til FM) - dette skal gjennomførast etter at ombygging av våre lokaler er gjennomført medio 2012.
- Sørge for at kurs/konferansar/møter som legges utanfor eigne kontorlokaler er tilpasse rørslehemma - dette vert gjort kontinuerleg
- I fleire år har utleigar av huset plassert julestjerner (allergene plantar) rundt om på huset (kantine, resepsjon, felles areal) FMMR har oppmoda utleigar om å revurdere utplassering av julestjerner rundt om på huset - huseigar tok oppmodinga og jula 2011 vart ikkje julestjerner plasserte ut
- Sørge for at kurs/konferansar/møter som legges utanfor eigne kontorlokaler er tilpassa tilsette med behov for "allergivenlege" lokaler/rom/spesialmat etc. I større forsamlingar sørge for at det er lydforsterkarar og helst teleslynge - dette vert gjort kontinuerleg.

Møre og Romsdal er eit av sju pilotfylke i Miljøverndepartementet si satsing på universell utforming. Det vart søkt om å vere pilotfylke i einskapsfylkeperioden og prosjektet er derfor eit samarbeid mellom fylkeskommunen og fylkesmannen. Det er satt ned ei prosjektgruppe som har representantar frå begge etatane. Eit av satsingsområda i prosjektet sin handlingsplan er kompetanseheving, og i samband med dette vil alle tilsette i embetet få tilbud om eit temakurs i emnet.

## 1.5 Andre forhold

### 1.5.2 Kongehuset

Sjå kap 3, 00.1 og 00.2.

### 1.5.3 Samarbeidskompetanse og medbestemmelse

sjå kap 3, 98.3 Medvirkning.

## Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer

### 2.1 Generelle samordningsoppgaver. Fornyning av offentlig sektor

Vi heldar fram arbeidet med å etablere gode og effektfulle løysingar for korleis vi kan ivareta samordningsoppgåvene. I 2011 har vi prioritert å strukturere vår interne informasjon om kommunane, og med å nytte det i samanheng med tildeling av skjønnskot.

Gjennom å etablere og systematisere informasjonsflyt avdelingane imellom og opp mot leiinga, får vi eit heilskapleg grunnlag og eit strategisk verkty for den kommuneretta samordninga knytt til lokale utfordringar og utvikling i høve til nasjonale styringssignal og måltal. Resultatet av dette arbeidet er eit dialogdokument som kan nyttast i dialogen med kommunane om samarbeid og samhandling om viktige område og utfordringar i fylket.

Dei interne prosessane i samband med skjønnskottildelinga er òg eit område som har vært prioritert i 2011. I det ordinære skjønnskottet har vi knytt fagavdelingane i større grad med i tildelingsprosessen for å fange opp spesielle og aktuelle utfordringar i kommunane som kan kvalifisere til ein kompensasjon gjennom skjønnet.

Embetet har dei siste åra endra strategien for prosjektskjønnet. Strukturen for prosjektskjønnet liknar no meir på ein «fylkesmannsstyrt tildelingsmodell» enn ein «normalmodell». Satsingsområda blir valt på bakgrunn av embetet sin totale kunnskap om lokale utfordringar og problemstillingar i kommunane, sett opp mot embetsoppdrag, retningslinjene til skjønnet og statlege mål, satsingar og politikk. Ut frå dei kriteria lagast ein heilskapleg strategi for kvart enkelt satsingsområde som inneheldt tema, klart definerte mål, og eit opplegg for oppfølging og erfaringsspreiing. Arbeidet med satsingsområda skal vere langsiktig for å gi området eit reelt løft, og for å sikre varig læring og leggje til rette for nettverksbygging mellom kommunane. I 2011 var barnevern, samhandlingsreforma, spesialundervisning og velferdsteknologi satsingsområda hjå oss.

Vi ser at ein slik modell involverer i stor grad fagavdelingane for å bidra med kommunekunnskap og fagkompetanse for å identifisere og utarbeide gode satsingsområder, vurdere søknader og for å følgje opp prosjekta med tilhøyrande evaluering, tilbakemelding og spissing. Eit godt døme på ein arbeidsmetode for å lette ressursbruken, er å ha ei samling der ein kallar inn prosjekta som har fått støtte for å halde eit foredrag. Ein kan også kople på eksterne fagmiljø for å bidra på samlinga. Til ei slik samling inviterer vi også dei andre kommunane som ikkje har fått støtte for å få ta del i dei erfaringane og kunnskapen som prosjekta genererer, og for å legge til rette for nettverksbygging kommunane imellom. Vi legg også opp til ein god diskusjon i etterkant der vi legg vekt på å gi tilbakemelding til prosjekta med tanke på både å løfte relevante problemstillingar og for å spisse prosjekta i det vidare arbeidet, og mot neste søknadsrunde.

Vi tileignar oss stadig ny kunnskap og erfaringar med ein slik modell for prosjektskjønnet. 2011 var eit positivt år der vi tok eit steg i riktig retning. Vi vil halde fram arbeidet med strukturen for prosjektskjønnet.

### 2.2 Velferd, helse og personlig tjenesteyting

Fylkesmannen har utført oppgåvene på dette området i samsvar med embetsoppdraget. Tiltaka er gjort greie for i kapittel 3.

#### **Samhandlingsreforma:**

2011 var eit år for forbuing av denne viktige reforma. Dei 36 kommunane i Møre og Romsdal var førebudd svært ulikt for dei utfordringa som var venta. Fylkesmannen detok i fleire samlinger og konferansar med kommunane og helseføretaka/føretaket og heldt innlegg om reforma. Ein hadde også dialogmøtar med kommunar og to av regionråda. Møre og Romsdal har tre regionråd som er organisert noko ulikt. Ei utfordring var og at dei to helseføretaka i fylket vart slått saman til eit 1. juli. Dette førte til at oppstart med eksterne møter vart utsett til hausten 2011.

Våren vart brukt mykje til interne og nasjonale møter om helseplana og dei nye lovene. Ein fulgte også med på kommunane si satsing med omsyn til sentrale samhandlingsmidlar.

Fylkesmannen bevilga skjønnskott til ein fylkeskoordinator for reforma. Denne personen vart tilsett på våren og stillinga er knytt opp mot KS. Ho vil ha kontakt opp mot alle kommunane gjennom regionråda, ha kontakt



med helseføretaket, og vere ein kontakt med fylkesmannen.

Fra hausten har fylkesmannen hatt møter med KS, fylkeskommunen og helseføretaket. Fleire avdelinger hos fylkesmannen har delteke.

Fylkesmannen har saman med Helsedirektoratet hatt to konferansar om reforma opp mot folkehelsasatsinga. Vi hadde ikkje resursar sjølv til lovopplæring på hausten, men har medverka i konferansar med eksterne foredragshaldarar. Det vart forebudd eigne kurs for saksbehandlarar i kommunane for gjennomføring i januar 2012.

Fylkesmannen har ikkje delteke i arbeid med samarbeidavtalar mellom kommunar og helseføretak, men vore godt orientert.

Frå 2012 vil ein arbeide meir strukturert både i fylket og i regionen.

### **Omsorgsplan 2015**

Arbeidet med Omsorgsplan 2015 er framleis høgt prioritert i embetet. Det er organisert som eit prosjekt, med prosjektgruppe og fylkesmannens leiargruppe som styringsgruppe. Det blir utarbeidd prosjektplan for kvart år.

I 2011 har vi sett spesielt fokus på mellom anna underernæring, demens og palliativ omsorg. Desse temaa har vore belyst gjennom månadlege nyhetssbrev til kommunane, kurs, konferansar og nettverkssamlingar.

Fylkesmannen har samarbeidsavtale og eit særst godt samarbeid med dei to Utviklingssentra for omsorgstenester, som organiserer nettverk for alle kommunane i fylket.

Vi ser Omsorgsplan 2015 i samanheng med Samhandlingsreformen, noko som kjem spesielt godt til uttrykk når det gjeld kompetansebehov i kommunane, bruken av investeringstilskot og velferdsteknologi. Saman med fylkesmennene i Nord- og Sør-Trøndelag er vi med i ei regional satsing på velferdsteknologi. På bakgrunn av behovet for erfaringar på dette feltet, beslutta fylkesmannen å prioritere velferdsteknologi ved utlysing og tildeling av prosjektskjønn for 2011. Dette vil og vere prioritert i 2012.

På bakgrunn av kartlegging etter oppslag i TV2 og særskilt oppdrag, vart fire kommunar innkalt til møte om saksbehandling ved søknad om sjukehemsplass. Vi opplevde dette som svært nyttig, og sendte i ettertid ut brev til alle kommunane i fylket med presisering av krav til utgreiing og saksbehandling.

Kvalitet i omsorgstenestene er eit viktig tema. Dei siste åra har vi arrangert eigne konferansar for å legge fram tilsynserfaringar. Det vart også gjort i 2011. Vi opplever imidlertid å nå ei relativt smal gruppe av fagpersonellet på denne måten. På bakgrunn av dette, legg vi no vekt på å legge inn ein bolk om tilsyn og erfaringar i alle våre arrangement. Målet er at alle tilsette i dei kommunale tenestene skal relatere tilsynserfaringar samt internkontroll og kvalitet til sine eigne fagområde.

### **Samhandling i Helse og sosialavdelinga**

Helse og sosialavdelinga er organisert med ein utviklings- og ein tilsynsseksjon. Vi har i to år hatt fokus på samarbeid internt for å utnytte erfaringane frå dei to seksjonane til å betre både tilsyna og utviklingsarbeidet. Vi ynskjer og å nytte erfaringane til meir dialog med kommunane. Med 36 kommunar og lange fjordar er dette ei stor utfordring.

Vi vil i 2012 sjå om ein kan bruke meire video til dialogmøtar. I tilsynssamanheng ynskjer vi å bruke meir dialog i oppfølginga. Vi vil og ta i bruk nye tilsynsformer for å medverke til endring og erfaringsoverføring for fleire kommunar enn dei som har ordinære tilsyn.

## **2.3 Oppvekst, barnehager, utdanning og likestilling**

### **Strategi for samhandling med kommunane/fylkeskommunen og andre samarbeidspartar**

Hovudstrategien for samhandling med kommunane, er regionsamarbeidet som vi har utvikla vidare i 2011. Nytt av året er at vi bruker av fylkesmannen sine skjønnsmidlar til å støtte kommunane i regionsamarbeidet. Med 36 kommunar der fagkompetansen på kommunenivået er sterkt varierende, er det etter vår vurdering heilt avgjerande at kommunane samarbeider. Kvar av dei fire regionane har sin regionskontakt - ein for skule og ein for

barnehage. Vi har møte med regionskontaktene 3-4 gongar pr år, og når det er aktuelle saker, deltar også fylkeskommunen på desse møta. Møta er viktige for å få informasjon om kva behov kommunane har for kompetanseutvikling og rettleiing. Dette tek vi omsyn til når vi skal planlegge innhaldet i møta med kommunar/samarbeidspartar gjennom året. Vi har faste møte med dei barnehageansvarlege og skuleansvarlege på kommune nivå i kvar region i slutten av januar der vi går gjennom nasjonale føringar på ulike område, og presenterer statistikk med analyse og vurderingar på utvalde område. I år sette vi fokus på auken i ressursbruk og enkeltvedtak i spesialundervisninga. I tillegg har vi fylkesmøte for same målgruppa vår og haust over 2 dagar der vi i 2011 tok opp tema som erfaringar frå tilsyna, St.meld nr 18 (2010-11) Læring og fellesskap, St meld om ungdomstrinnet St meld 22 (2010-11) Motivasjon - mestring og muligheter, digital mobbing, Ny Giv, Arbeidslivsfaget m.m.

Som åra før bruker vi dei faste fora våre aktivt for å koordinere og legge til rette for møteplassar. Vi har eit godt samarbeid med KS, lærarorganisasjonane, høgskulane, fylkeskommunen og kommunane. Vi vil likevel trekke fram spesielt Høgskulen i Volda og lærarutdanninga som ein særleg aktiv part når det gjeld kompetanseheving og kvalitetsutvikling i fylket. Deira medverknad både på barnehage- og skuleområdet har vore viktig for å få reformane/satsingane gjennomført og implementert. Vi har eigne planleggingsmøte med høgskulen og dei er involvert i våre møte med kommunane både på fylkes- og regionsnivå og dei deltek også på møta med regionskontaktane. Det er viktig for fylket at Høgskulen i Volda held ved like og utviklar sin kompetanse og får tilført nok ressursar og kompetanse dei manglar. Vi treng eit sterkt fagmiljø i fylket som kan støtte dei 217 skulane vi har i tillegg til 350 barnehagar.

Vi har godt samarbeid med fylkeskommunen gjennom faste møte med utdanningsavdelinga. Vi er representert i referansegruppa for NY GIV og har hatt regelmessige møte. Fylkeskommunen er invitert på våre arenaer for å informere kommunane om Ny GIV-satsinga og andre satsingar som fylkeskommunen har ansvaret for. Vår utfordring i året som kjem er å etablere kontakt og bidra til samhandling mellom Statped Midt, skuleeigarar, PP-tenesta og Høgskulen i Volda, jf St meld 18 Læring og fellesskap. Eit sentralt mål i meldinga er å samordne ressursane og støtte PP kontora i kompetanseutvikling. Dette er særleg viktig i eit fylke som vårt med mange små PP-kontor som treng tilført kompetanse.

## **Barnehagefeltet**

### Retten til barnehageplass og økonomisk likeverdig behandling

Alle dei 36 kommunane i Møre og Romsdal har oppfylt retten til barnehageplass i samsvar med lovverket. Vi har følgd utviklinga i den enkelte kommune tett, og ser at det framleis er viktig å halde fokus på den lovfesta retten til barnehageplass no etter at det øymerka driftstilskotet til barnehagen er overført i rammene til kommunane. Derfor har vi dette som tema på alle tilsyna vi har gjennomført i 2011 - og det vil bli eit kontinuerleg arbeid med kommunane også i 2012. Vi ser at usemje mellom ikkje-kommunale barnehagar og kommunen om økonomisk likeverdig behandling kan føre til utfordringar for kommunen til å dimensjonere den lovfesta retten til barnehageplass. Derfor er det viktig å gje best muleg informasjon om dette temaet til både kommunane og dei ikkje kommunale barnehageeigarane. Vi har arrangert fellesmøte der begge partar er til stades og får informasjon om det same, noko vi ser er viktig også i tida framover.

### Kompetanse- og kvalitetsutvikling

Vi har eit omfattande samarbeid med kommunane om kompetanse- og kvalitetsutvikling i barnehagane som t.d rekruttering av førskulelærarar og skolering av assistentar. Vi har i strategiperioden valt å fordele midlar til store, regionale prosjekt som involverer heile barnehageverksemdar/grupper av tilsette. Dette for å stimulere til at heile barnehageorganisasjonen skal endre og utvikle seg og for ei betre utnytting av tildelte ressursar. I 2011 prioriterte vi Romsdalsregionen som er igang med eit stort kompetanseopplegg om danning i samarbeid med Høgskulen i Volda. Vi oppfordrar kommunane til å involvere også dei ikkje kommunale barnehagane i tiltaka. Fylkesmannen gir føringar til kommunane om at kompetansemidlane skal kome både ikkje-kommunale og kommunale barnehagar til gode. Samtidig oppmodar vi om at bruken av tildelte midlar involverer og vert drøfta med dei tilsette og tillitsvalde.

### Tilsyn/klagesaker

Vi har gjennomført 6 tilsyn i 2011 og mange barnehageeigarar har fått avvik. Men vi ser at tilsyna resulterer i at barnehageeigarane set igang systematisk arbeid med lov og regelverk både før og etter tilsynet. Fylkesmannen vurderer det slik at tilsyna medvirker til tydelegare medvit i kommunane om rollene som barnehagemyndigheit og -eigar. Fleire kommunar og regionar samarbeider om utvikling av tilsyna. Vi vel ut kommunar til tilsyn utfrå ei risikovurdering, der vi gjennom statistikk, rapportar, klagesaker, kontakt pr telefon, epost og møte, får eit godt kjennskap til kommunane. Vi har hatt ein del klagesaker på likeverdig behandling som har tatt svært lang tid

å behandle. Ein del av sakene er mangelfullt utgreidd av kommunane, og det tar tid å innhente informasjon. Vi ser framleis behov for kompetanseheving for barnehageansvarlege i kommunane. I nokre klagesakene har vi kalle inn representantar for kommunane til møte for å gi rettleiing.

## Utdanningsfeltet

### Tilsyn

Det nasjonale tilsynet på det psykososiale miljø har vi utført i samsvar med felles tilsynsmetodikk og tilsynsinstruks utarbeidd av utdanningsdirektoratet. Planen for tilsyna har vorte gjennomført med små endringar sjølv om vi ikkje har greidd å følgje det stramme tidsskjema vi sette opp i utgangspunkt. Vi har trekt inn fleire av dei tilsette i tilsynsteamet slik at vi i alt har 7 av 9 tilsette som jobbar med dette på utdanningsområdet. Det har vore særleg spennande å arbeide med utvikling av tilsyn på Læreplan og skulebasert vurdering og tilsynet har vorte godt mottatt av skulane/skuleeigarar fordi det omhandla kjerneverksemda til skulen. I mai hadde vi seminar for region Midt for å informere og skolere dei i dette tilsynet. Dette var i samband med at region Midt fekk i oppgåve å gjennomføre dette tilsynet under "Prioriterte tilsyn".

Vi er opptatt av at det blir god effekt av tilsyna slik at lov og regelverketlevinga blir betre i skule og hos skuleeigarane. Derfor legg vi vekt på at skulane og skuleeigarane får god rettleiing i samband med tilsyna. Vi har i 2011 brukt mykje tid til å informere om tema for tilsyna som kjem, gå gjennom lov- og regelverk på tilsynsområdet på førehand, vise til rettleiingsmateriell og forskning kring temaet, og i etterkant av tilsynet kontrollere at lovbrotta blir følgd opp. I tillegg informerer vi dei andre kommunane om resultat og erfaringane som kjem fram i tilsyna. Vi trur at vi på den måten kan hjelpe og støtte skulane og skuleeigarane slik at dei i større grad etterlever lovkrava. Informasjon om lov- og regelverk har vore faste programpostar på dei fylkesvise samlingane vi har hatt med skulefagleg ansvarlege på kommunenivået. Vi har brukt skuleleiarmøte for vidaregåande skule til å informere om tilsyn som kjem, og til å presentere resultat frå gjennomførte tilsyn. Dette gjeld brevtilsyn på lokalgitt eksamen og kap 9a om Eleven sitt skulemiljø i oppl.l. Vi vil spesielt trekke fram skule- og utdanningskonferansen vi arrangerte i mai som omhandla innhaldet i tilsynet om læreplanarbeid der innhaldet var lokalt læreplanarbeid, individuelle opplæringsplanar (IOP), elevvurdering, skulebasert vurdering. Vi trur at skolefolk får inn regelverket på ein lettare måte gjennom å ta utgangspunkt i det som skjer i klasserommet og trekke inn forskning som er i samsvar med gjeldande lov- og regelverk.

Vår erfaring etter fleire år med tilsyn, er at dei skulane som har person(ar) med god kompetanse på kommunenivået til å støtte og følgje dei opp, har færre lovbrøt og har i større grad evne til å arbeide for å lukke avvika. For oss ser det ikkje ut til å vere forskjell mellom store og små kommunar, men nøkkelpersonen på kommunenivået er avgjerande.

Risikoanalyse har vi brukt ved utveljing av tilsynsobjekt. Skoleporten med nasjonale prøver, avgangseksamen i grunnskulen, GSI-statistikk, Elevundersøkelsen, KOSTRA, klagesaker og andre data er viktig som grunnlagsdata for vårt tilsynsarbeid.

### Klagesaker

Når det gjeld klagesaker, ser vi at vårt fylke har mange i forhold til andre fylke (52 klagesaker på spesialundervisning og 15 klagesaker på psykososialt miljø). Vi bruker mykje tid på klagesakene og legg mykje arbeid i rettleiing og rådgiving når vi behandlar klagen. Ved ein gjennomgang av klagesaker i spesialundervisning for dei siste åra ser vi at vi omgjer ca. 20% av klagesakene - dette gjer vi fordi vi veit at kompetansen på kommunenivået er svak i mange kommunar og at det er til elevane sitt beste at det ikkje går for lang tid før saka blir avgjort og elevane får oppfylt sine rettar. I tillegg har vi ein del saker som vi opphever og sender tilbake for ny behandling. Vi erfarer at det er svært arbeidskrevjande å omgjere sakene og vi må ofte innhente nye opplysningar før vi endeleg kan ta stilling til sakene. Tilbakemeldingane frå kommunane tyder på at dei er fornøgd med den rådgivinga vi gir. Vi viser førøvrig til mastergradsavhandling frå Universitetet i Oslo som har sett på fylkesmannen si klagesaksbehandling i tre forskjellige fylke og konkluderer med at Møre og Romsdal og Finnmark i større grad enn Oslo/Akershus omgjer spesialundervisningssakene istaden for å oppheva dei og sende dei tilbake til kommunen. Vi vil likevel gjere oppmerksom på at i det året denne undersøkinga vart gjennomført, hadde vi ekstra mange omgjeringssaker (32%) i forhold til det vi har i eit gjennomsnittsar (20%).

Vi har hatt tunge saker innanfor kap 9a og eleven sitt psykososiale miljø som har tatt mykje tid med bl.a. rådgivningsmøte med skuleeigarar. I ei av sakene innanfor kap 9a har fylkesmannen vorte klage innfor Sivilombudsmannen for den måten vi hadde behandla saka på, der vi førøvrig fekk medhald.

Vi ser også at ein del PP kontor har mangelfull kvalitet på arbeidet sitt. Vi er bekymra for utviklinga av korleis PP-kontora vert organisert i delar av fylket der det er ein tendens til å splitte dei interkommunale kontora til

mindre kontor som resulterer i at dei får svakare kompetanse.

### Ekstra innsats på utvalde område over fleire år - prosjektskjønnsmidlar

Vi har utfra erfaringar frå tilsyn, klagebehandling, statistikkdata frå bl.a. Skoleporten og evalueringar frå Kunnskapsløftet, peika ut to område som kommunane i fylket har særleg store utfordringar på, nemleg auke i ressursbruk ved enkeltvedtak i spesialundervisning og arbeid med læringsmiljø (mobbing). Derfor bestemte fylkesmannen at desse områda skulle prioriterast ved tildeling av fylkesmannen sine prosjektskjønsmildar. For nærmare omtale av oppfølginga av prosjektkommunane, viser vi til pkt 32.5

### Andre satsingsområde

Når det gjeld vidareutdanning, ser vi at det er 9 kommunar som ikkje har nytta seg av vikarmidlar medan ordninga med det varige systemet for vidareutdanning har eksistert. Fylkeskommunen har også i liten grad nytta seg av vidareutdanninga. Skuleeigarane signaliserer at det er for dyrt på grunn av fordelingsmodellen, men også på grunn av høge reise- og opphaldsutgifter kommunen har då dei fleste studia er lagt til andre delar av landet. Vi ser fram til at den nye strategien blir teken i bruk og har fått signal om at fleire vil nytte den nye ordninga. Det er også viktig at tilboda ikkje ligg for langt unna slik at reise- og opphaldutgiftene blir for store.

Arbeidet med lærarrekuttering og GNIST har kome godt i gang i fylket med godt arbeid i dei etablerte gruppene. Fylkesmannen har tatt på seg leirolla i gruppa. Vi har i samarbeid med VOX gjennomført etterutdanningskurs for lærarar som underviser vaksne innvandrarar i norsk og samfunnskunnskap. Det er høg kvalitet på fagkurser i regi av VOX og stor deltaking på kursa.

Fokus på likestilling er størst på barnehageområdet. Vi har hatt likestilling som tema i møte med kommunane. Vi har også hatt møte med Likestillingsombudet og fagpersonar frå Dr Maud i Trondheim med tanke på ei skoleringsrekke for barnehagepersonalet. I all statistikkarbeid deler vi inn elevane etter kjønn for å få data for jenter og gutar. I samband med klagesaker på psykososiale miljø har diskriminering vore ein del av bildet, og det har vore behov for rettleiing på dette området.

### Vurdering av resultatoppnåing utfra kompetanse, ressursar, kompetanse, strategiar, metodikk

Når det gjeld strategiar/metodikk, viser vi til det vi har skreve ovanfor om regionsamarbeid. Vi har 13,5 årsverk tilsett på oppvekst- og utdanningsavdelinga der vel 3 årsverk går med til barnehageområde + vel eit halvt årsverk til Introduksjonlov og tilskott, og ca. 9,0 årsverk på skule/utdanning. På avdelinga har vi ei god fordeling mellom medarbeidarar med kort og lang erfaring. 5 personar er tilsett i løpet av dei siste 2-3 åra og vi ser at nyttilsette treng tid til å sette seg inn i nye oppgåver. Derfor har vi hatt tilsynsteam på 3 personar slik at nye får opplæring. Men i 2012 reduserer vi dette slik at kvar tilsynsgruppe består av 2 personar. Vi ser at vi bruker mykje ressursar til tilsyn på utdanningsområdet. Med 36 kommunar med lange reiseavstandar og ca. 50 fergestrekningar i fylket og der reisetid vert rekna som vanleg arbeidstid, går det med mykje tid til tilsyn.

Vi har stort fokus på tiltak for å få ned talet på klagar når det gjeld standpunktarakterar i grunnskulen som er for stort. Som nemnt ovanfor har vi mange klager på spesialundervisning som tek mykje tid på grunn av at sakene er dårleg utgreidd frå skuleigar. I tillegg har vi hatt ein del saker som har vore arbeidskrevjande på kap 9a om Elevens skulemiljø. Dette har medført meir arbeid på klagesaksbehandling enn kva vi har planlagt- derfor har saksbehandlingstida på enkelte saker vore for lang. Vi vil ha større fokus på dette i året som kjem og prioritere tid til arbeid med klagesaker.

For å spare pengar i embetet er det bestemt at vi ikkje skal tilsette nokon før det går 3 mnd etter permisjonar. Derfor vart ein seniorrådgivar ikkje erstatte då vedkomande fekk permisjon frå 1. okt. Vi har likevel utført oppgåvene etter oppdraget, men med små endringar på tilsynsområdet i forhold til oppsett plan. Det har medført eit større arbeidspress på nokre medarbeidarar. Vi har god kompetanse på alle områda.

### Barnevern

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn som systemrevisjon med tema frå barnevernlova i tre barnevernstenester, ei av tenestene var interkommunal og omfatta tre kommunar.

Det er fem barneverninstitusjonar i fylket. På alle institusjonane er det gjennomført systemrevisjon. Det har vore gjennomført til saman 14 individtilsyn. Følgjande tema er gjennomgått i systemrevisjonane: Bebuarane sin rett til medisinsk tilsyn og behandling. Det vart ikkje avdekt avvik ved nokon av institusjonane.

Fylkesmannen har på grunnlag av gjennomgangen av fristskjema frå barneverntenestene, fått kunnskap om fristoverskridingar. Sju barneverntenester i Møre og Romsdal har i 2011 hatt oppfølging av Fylkesmannen med

bakgrunn i fristoverskridingar. Oppfølginga har gått ut på rådgjeving og rettleiing, jf. forskrift om mulkt etter barnevernlova. Det er i 2011 ikkje gitt mulkt til nokon av kommunane i Møre og Romsdal. Regjeringa valde i 2011 å gi øymerka midlar til styrking av det kommunale barnevernet. Fylkesmannen fekk i oppgåve å fordele 20 stillingar til barnevernet i kommunane i fylket. Dei kommunar som hadde størst vanskar med å halde lovkrav skulle prioriterast ved tildeling av stillingar. Fylkesmannen fann å avvente vidare tilsyn/ oppfølging av kommunar med høg andel fristoverskridingar til det kan ventast resultat av denne styrkinga.

Barne, Familie- og Likestillingsdepartementet løyvde for 2011 kr 11.723.000 til styrking av det kommunale barnevernet i Møre og Romsdal som fylkesmannen skulle fordele. Fylkesmannen fordelte 20 stillingar der departementet hadde gitt føringar om at kommunar med størst avvik frå lovkrav skulle prioriterast. Fylkesmannen ba om råd frå barnevernleiarar med omsyn til prioritering av kompetansemidlar på kr 2.7 mill. Det vart prioritert å gi tilskot til vidareutdanning og til kvalifisering innan tiltaksarbeid.

16 barneverntenester fekk tilskot til stillingar. Av dei var det fem interkommunale barneverntenester. Fylkesmannen følgde opp barneverntenester som hadde fått tilskot med besøk til ni av dei. Besøka vart gjennomført som dialogmøte med barnevernleiar og eventuelt andre som barnevernleiar valde å ta med. Målet med møta var å få informasjon om situasjonen i kommunen og gi råd og rettleiing for å medverke til at det overordna målet med styrkinga vert nådd.

Fleire tilsette i barneverntenestene er i gang med vidareutdanning. Dei fleste barnevernleiarane i kommunane i fylket er i gang med leiarutdanning som også har eit utviklingsperspektiv. Denne utdanninga er komen i stand gjennom samarbeid mellom BUFetat og kommunar og gjort mogeleg gjennom midlar som fylkesmannen har tildelt .

Slik fylkesmannen ser det har auka ressursar i barneverntenesta skapt optimisme og pågangsmot for å stå på for å klare lovkrav. Men det er framleis ikkje samsvar mellom den kapasitet og kompetanse som finns i (dei fleste) kommunane og dei oppgåvene barneverntenesta har gjennom lovverket.

## **2.4 Arealdisponering og byggesaker**

### **Arealdisponering**

Fylkesmannen har fokus på dei områda som er vektlagd i embetsoppdraget.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal behandla tilsaman 1113 plan- og dispensasjonssaker i 2011. Det er fremma motsegner til 64 planar. Det har vore gjennomført 7 meklingar, dei fleste knytt til strandsoneproblematikk. Det vart fremma til saman 19 klager på kommunale dispensasjonsvedtak i 2011..

Mange av plansakene er både komplekse og konfliktfylte, og krev tett oppfølging i form av møte og synfaringar. Strandsoneforvaltning og kjøpesenteretablering er eksempel på saker som utfordrar ulike interessegrupper som gjerne skaper stort lokalt engasjement. Det er påfallande mange reguleringsplanar som omfattar små areal. Dette har erstatta bruk av dispensasjon, noko som vi ser på som positivt. Kommunane er no blitt meir trygge på bruken av ny plan- og bygningslov som vart gjort gjeldane 1.7.2009

I samarbeid med fylkeskommunen og statens kartverk gjennomførte Fylkesmannen ein plankonferanse 9.-10. november 2011 med 125 deltakarar frå kommunar, arkitektfirma, konsulentar og politikarar.

Fylkesmannen deltar i arbeidet med regionale delplanar for villreinområda i Ottadalsområdet og på Dovrefjell. I tillegg gjer villreininteressene seg sterkt gjeldande i forslag til kommuneplan for Nesset, der fylkesmannen har motsegn til Eikesdal alpin m.m. Med atterhald om kommunen si handsaming vil denne bli sendt over til departementet i løpet av første halvår 2012.

### **Byggesaker**

I 2011 sette fylkesmannen fokus på kommunen si tilsynsrolle etter plan- og bygningslova. Vi har stimulert til interkommunalt samarbeid for å sikre eit best mogleg kommunalt tilsyn. I samband med dette gjennomførte fylkesmannen ein konferanse der temaet var saksbehandlinga knytt til det å følge opp ulovleg bygging etter plan- og bygningslova. Mellom anna vart reglane om overtredelsesgebyr gjennomgått. Vi har og deltatt på ein kommunal konferanse og orientert om reglane om tilgjenge for alle(universell utforming)

Møre og Romsdal med sine 36 kommunar er prega av små kompetansmiljø innafor byggesaksbehandlinga. Fylkesmannen har derfor høgt fokus på å rettleie kommunane. Dette vert gjort både i klagesakene, på telefon, på befaring og møte med kommunane. Vi deltek og på nettverksmøte med kommunale byggesaksbehandlarar der fylkesmannen orienterer om ulike tema. Det er særleg stort behov for å rettleie om saksbehandlingsreglane, og dei krav som gjeld for grunngjeving av enkeltvedtak.

## 2.5 Landbruksforvaltning, næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

### Landbruksforvaltning og næringsutvikling

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er aktiv i samarbeidet om næringsutvikling i regi av det regionale partnerskapet, og har ei leiande rolle for utvikling av den regionale strategien for landbruksrelatert næringsutvikling. Arbeidet med rullering av den årlege handlingsplanen for verdiskaping er leia av fylkeskommunen med aktiv deltaking frå fylkesmannen, innovasjon Norge og fleire andre regionale utviklingsaktørar. Hoppid.no-satsinga er eit viktig fundament for det kommunale næringsapparatet, og vil verte styrka og følgt opp frå regionalt hald.

Fylkesmannen ønskjer tettare samarbeid også med det private rådgjevings- og tiltaksapparatet. Dette går både på rasjonell arbeidsdeling og utveksling av erfaringar, men det går også ut på å sikre breiare prosessar for å identifisere aktuelle tiltaksområde. For å møte denne utfordringa har fylkesmannen etablert eit nettverk for Rådgjeving, forskning og utvikling, der «alle» aktørane møtes.

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal vedtok i slutten av november å starte arbeidet med å utarbeide ei landbruksmelding for Møre og Romsdal. Målet er å vedta meldinga i starten av 2013, og arbeidet skal organiserast av fylkesmannen. Ei landbruksmelding vil vere eit godt grunnlag for å styrke landbruket og landbruksbasert næringsutvikling i fylket. Den vil også kunne setje landbruket på den politiske dagsordenen og ikkje minst utvikle politiske visjonar og målsetjingar på regionalt nivå. Meldinga skal ha fokus på overordna prinsipp og strategiar og arbeidet skal vere prega av brei involvering og grundige prosessar. Meldinga vil vere tett kopla til arbeidet med revideringa av gjeldande fylkesplan og danne grunnlag for prioriteringar i kommande regionale planar og handlingsprogram. Meldinga skal analysere og foreslå strategiar for å møte utfordringane – m.a. strukturendringar, manglande rekruttering, dårleg lønsemd og nedlegging av foredlingsanlegg. Det er behov for å synleggjere Møre og Romsdal som eitt av dei fremste landbruks- og matfylka i landet – og å halde på den stillinga i åra framover. Næringa si mangesidige rolle gjer at framtida må drøftast i eit vidt samfunnsmessig perspektiv.

I arbeidet med matsatsing har Møre og Romsdal hatt seks år med prosjektsatsing retta mot lokal mat og matmangfald. Satsinga på lokal mat skal halde fram, men med ny organisering. Oppgåvene skal løysast i eit tettare samarbeid mellom Fylkesmannen, matnavet og det generelle tiltaksapparatet på kommunalt og regionalt nivå (Hoppid.no).

Fylkesmannen har gjennom mange år lagt stor vekt på skulehagar som pedagogisk arena. Skulehagane har blitt støtta økonomisk, og fylkesmannen har engasjert Bioforsk økologisk for å tilby materiell og råd til skulane.

Møre og Romsdal er langt frå å oppfylle nasjonale ambisjonar på øko-området. Vi har best resultat på sau, medan vi slit tyngre med storfe- og planteproduksjonar. Marknadssituasjonen har gjort at nye produsentar for øyeblikket ikkje har økonomiske incitament for å legge om. I denne situasjonen har Fylkesmannen valgt å satse på oppfølging av eksisterande produsentar, tiltak mot barn og unge, og prosjekt for å lette marknadstilgang – spesielt internettportalen matnorge.no.

Fylkesmannen har organisert Inn på tunet – satsinga som prosjekt, med økonomisk støtte frå Møre og Romsdal fylke. Det blir jobba strategisk for å inkludere IPT arbeidet i større prosessar, som mellom anna Omsorgsplan 2015 og gjennomføring av samhandlingsreforma. Satsinga er tenkt spissa mot demensområdet og som arena for spesialpedagogiske tilbod. Samarbeidet med relevante sektoretatar er godt.

Klima- og miljøspørsmål har fått nytt fokus. I 2011 har vi deltatt i Gårdsgass Midt-Norge (nettverk for biogass), og fylkesmannen har også jobba opp kommunane om landbruket si rolle i klimaspørsmål. Fylkesmannen har samarbeid med Bioforsk økologisk om hydroteknikk, utslepp av lystgass, og om å etablere kompetanse i rådgjevingsapparatet rundt grøfting og kanalisering. Dokumentasjon av samanhengar mellom agronomisk praksis, dreneringstilstand og uønska avrenning og utslepp står sentralt i vårt samarbeid med Bioforsk.

Fylkesmannen samarbeider med Landbruk Nordvest og Bioforsk Vest for å få fram fakta og finne strategiar rundt handtering av husdyrgjødsel. Feildimensjonerte kjellarar og manglande logistikk rundt handtering av husdyrgjødsel er høgst sannsynleg underliggande årsak til dei største miljøproblema landbruket står overfor.

## Naturressursforvaltning og miljøvern

Arbeidet med naturforvaltning er høgt prioritert hjå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Manglande ressursar gjer likevel at vi ikkje har kapasitet til å utføre heile embetsoppdraget på dette området.

Møre og Romsdal har totalt godt over 200 verneområde. I 2011 er det lagt ned store ressursar i å skjotte desse områda på ein best mogeleg måte. Det er ma godkjent forvaltningsplanar for 15 naturreservat. Det er gjennomført tiltak for omlag 1 mill kr. i verneområda. Satsinga har vore størst på fjerning av sitkagran og bergfuru i utvalde kommunar.

Ordninga med frivillig skogvern har no kome godt i gang, og vi har fått tilbod om vern av fleire interessante område. To barskogreservat blei oppretta i vårt fylke i 2011.

Verneområdestyre for Trollheimen er konstituert, og verneområdeforvalter er tilsatt med kontorsted samlokalisert med SNO i Rindal.

Vi prioriterer arbeidet med å følgje opp naturmangfoldlova. Naturtypen slåttemark fekk status som utvald naturtype i 2011. I Møre og Romsdal er det registrert over 200 svært viktige eller viktige slåttemarker, fordelt på 34 av våre 36 kommunar. Det er no laga skjøtselplanar for 68 av desse lokalitetane.

Det er registrert mindre rovviltskade på sau i 2011 enn i føregåande år. Som vanleg er det jerv som var årsak til størstedelen av desse tapa. Fylkesmannen har handsama 78 søknader om rovvilterstatning, og har motteke 16 klagar på desse vedtaka.

Fylkesmannen har nyleg gitt ut ei hendig brosjyre som heiter "**Naturarven i Møre og Romsdal**" som har eit kart over alle verneområda i fylket og andre nyttige opplysningar om arbeidet med naturmangfald. Brosjyra er sendt til alle kommunane og ei rekke organisasjonar i fylket.

Tilsyn med forureinande verksemdar er høgt prioritert i Møre og Romsdal. Oppgåvene innan tilsyn med og regulering av utslepp frå delegert industri er utført stort sett i samsvar med landsomfattande aksjonar samt etter vurdering av risiko (risikobasert eigeninitiert tilsyn).

I 2011 har det difor vore særleg fokus på biloppsamlarar, fiskeoppdrettarar, næringsmiddelindustri, asfaltverk, og notvaskeri. Det var avdekka lovbrøt og manglande miljøkunnskap på fleire av desse områda.

Akvakultur er ei stor næring her i fylket og vi har ei rekkje saker til behandling. På dette området er det behov for å få klarare retningslinjer om bruk av lovverket, særleg om "samspelet" mellom forurensingslova og naturmangfaldlova.

Det er svært ressurskrevjande å følgje opp brot på utsleppsvilkår. Anmeldelse og tvangsmulkt blir sjeldan brukt som verkemiddel.

Fylkesmannen har deltatt i planarbeidet saman med Klif og Ålesund kommune i forhold til opprydding av forureina sediment i Borgundfjorden. Vi vil fortsette å prioritere arbeidet med å følgje opp varsel om pålegg gjeve til grunneigarar i tiltaksplanområdet for forureina sjøbotn i Ålesund kommune.

Arbeid med å oppdatere Miljøstatus for Møre og Romsdal blei prioritert i siste kvartal 2011.

Arbeidet med vassforskrifta er i rute. Det er gjennomført møte med alle kommunane i vassregionene og innhenta lokal kunnskap og informasjon om alle vassførekomstane. Det pågår no eit arbeid med å leggje all informasjonen ut via Vann-nett og Vannmiljø.

Møre og Romsdal har stor innsats innan arbeidet med handlingsplan for bekjemping av gyro. Lokal motstand mot den planlagte laksesperra i Driva har medført mykje arbeid, men denne prosessen har no kome over i eit godt spor. Reguleringsplan med KU er lagt ut til offentleg gjennomsyn. Fylkesmannen har invitert dei aktuelle kommunane (Sunndal, Gjemnes og Oppdal) til å melde inn representantar til eit regionalt samarbeidsorgan som skal sikre god flyt av informasjon i den vidare prosessen. Dette initiativet har vorte godt motteke i dei aktuelle kommunane.

## 2.6 Samfunnssikkerhet og beredskap

### Terroråtak 22. juli

22. juli skjedde det utenkelege. 77 menneske, dei fleste ungdomar, vart drepne i to uhyrlege terroråtak; i regjeringskvartalet og på Utøya. Det er framleis for tidleg å vere sikker på korleis desse terroråtak vil påverke samfunnet vårt framover. Det viktigaste er framleis å ta vare på dei som overlevde og dei som miste sine. Dette vil ta lang tid, og det vil krevje mykje av mange. Det profesjonelle hjelpeapparatet har sine oppgåver, men også familie, venner, omgangskrets, skular, organisasjonar og arbeidsgjevarar må stille opp – også no, når den første merksemda har lagt seg.

Fylkesmannen har vore tungt involvert i oppfølgingarbeidet etter terroråtak – og er det framleis. Dei første dagane og vekene var fylkesmannen bindeledd og informasjonsknutepunkt mellom sentrale styresmakter. Som eit supplement til dei ordinære kontaktlinjene oppretta fylkesmannen tidleg ei ressursgruppe der representantar for involverte og berørte kan møtest. Arbeidarpartiet og AUF sine fylkeslag, den nasjonale støttegruppa, helseforetaket, KS og fylkeskommunen er faste medlemmer i støttegruppa, der også fagpersonar hos fylkesmannen deltek. Støttegruppa har faste månadlege møte, og har vist seg å vere ein viktig og god arena for erfaringsutveksling og samordning av ulike tiltak og arrangement. I 2012 vil gruppa mellom anna bli brukt til å planlegge kurstilbod for fagpersonar og ein erfaringskonferanse for kommunane og hjelpeapparatet elles.

### Risiko- og sårbarheitsanalyse for Møre og Romsdal

Fylkesmannen, fylkeskommunen og NGU ferdigstilte i april 2011 ein risiko- og sårbarheitsanalyse for fjellskred i Møre og Romsdal – "FylkesROS-fjellskred". Denne analysen gir ei samla oversikt over kvar og korleis risikoen for fjellskred gjer seg gjeldande i Møre og Romsdal. Kartlegging har identifisert over 80 ustabile fjellparti som kan føre til fjellskred med store volum. Fjellpartia er klassifiserte etter risiko. Fire fjellparti har høg risiko: Mannen (Rauma), Åknes (Stranda) og Hegguraksla, øvre og nedre (Norddal). 15 fjellparti har moderat risiko og 36 har låg risiko. 33 fjellparti er førebels ikkje risikoklassifiserte. FylkesROS-fjellskred gir råd om beredskapstiltak, vidare risikovurderingar og oppfølging gjennom arealplanlegging og utbygging. Fjellpartia med høg risiko vert allereie handterte av det interkommunale selskapet Åknes/Tafjord Beredskap IKS. For ustabile fjellparti med moderat risiko, er det så langt ikkje etablert rutinar for oppfølging. FylkesROS-fjellskred tilrår etablering av eit program for periodiske rørslemålingar. Fjellpartia som ikkje er risikoklassifiserte bør følgjast opp gjennom vidare undersøkingar i det nasjonale kartleggingsprogrammet for fjellskred.

Straks etter ferdigstillinga av FylkesROS-fjellskred, bestemte fylkesmannen og fylkeskommunene seg for å vidareføre samarbeidet om risiko- og sårbarheitsanalysar. Neste mål er å utarbeide ein heilskapleg fylkesROS, som i utgangspunktet skal analysere alle risiko- og sårbarheitsfaktorar som har regional betydning. Samfunnskritiske infrastrukturar som kraftforsyning, telesamband og vegtransport blir sentrale analyseobjekt. Arbeidet vart starta opp i august 2011, planprogrammet vart sendt til høyring i november, og analysen skal ferdigstillast i løpet av 2012.

### Lovfesta kommunal beredskapsplikt

Gjennom endringar i sivilbeskyttelseslova kom det frå 01.01.2010 eit eksplisitt lovpålegg om at kommunane skal utarbeide heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysar og beredskapsplanar for handtering av ekstraordinære situasjonar. Lovkrava vart frå 07.10.2011 supplerte med ei eiga forskrift om kommunal beredskapsplikt, og tidleg i 2012 kjem det ein rettleiar om regelverket. Etter fylkesmannen si vurdering er dei nye lovkrava langt på veg ei formalisering av etablert praksis. Fylkesmannen sine erfaringar frå tilsyn og annan dialog viser at kommunane jamt over har gode beredskapsplanar. Dette viser seg også når noko skjer. Gong på gong ser vi at kommunane trør til og stiller opp når noko ekstraordinært skjer. Dette fortener kommunane ros for. Det er svært sjeldan vi ser eksempel på dårleg kommunal krisehandtering. Når det gjeld risiko- og sårbarheitsanalysar er bildet meir variabelt. På dette området vart det gjort ein stor innsats fram mot årtusenskiftet, men i åra etterpå har vi sett for mange eksempel på manglande oppdatering og revisjon av ROS-analysane. Med utgangspunkt i desse erfaringane, den nye forskrifta og rettleiaren som kjem, vil fylkesmannen i 2012 prioritere å følgje opp kommunane sitt arbeid på dette området.



## Jula med Dagmar

Veslejulaftan 2011 kom det første varselet om ekstremvêr i sikte. Om morgonen julaftan hadde julegjesten fått namn: "Dagmar" skulle ho heite, ho var ventande om kvelden første juledag, og ho var i slekt med nyttårsorkanen i 1992. Kanskje ikkje like infernalsk, men likevel blant dei 10 kraftigaste stormane dei siste 30 åra.

No i ettertid må vi gje meteorologane honnør for tidleg og presis varsling. Vi har enno ikkje eit endeleg og presist skadebilde, men det ser ut til at dei umiddelbare, direkte øydeleggingane er noko mindre denne gongen enn dei var etter nyttårsorkanen i 1992. Samstundes har vi likevel sett at følgjekonsekvensar i form av svikt i kraftforsyning, telesamband og radiodekning har råka endå hardare denne gongen. Dette seier noko om samfunnet si sårbarheit – som på dette området har utvikla seg i feil retning sidan 1992. Etter fylkesmannen si førebelse vurdering kan det sjå ut til at sjølve infrastrukturane for kraft og tele toler mindre, og heilt sikkert er det at øvrige samfunnsfunksjonar er meir direkte avhengige av kraft og tele no enn for 20 år sidan. Dette hadde sannsynlegvis blitt endå tydelegare om "Dagmar" kom ei veke tidlegare eller seinare. Det er sjølv sagt ille at mange fekk julefeiringa og julefreden øydelagt, men konsekvensane for næringsliv, helsevesen, pleie- og omsorgstenester, skular og anna offentleg tenesteyting hadde vore endå tydelegare dersom "Dagmar" kom når samfunnet var i eit anna drifts- og stressmodus.

Ingen må lure seg sjølv til å tru at eit ekstremvêr som "Dagmar" ikkje vil gje konsekvensar. Robustheit og beredskap er kostbart, og det er urealistisk at samfunnet med raske og enkle grep kan sikre seg heilt mot slike naturkrefter. Samstundes er det også klart at konsekvensane etter "Dagmar" ikkje er akseptable, og at vi må bruke dei erfaringane vi har fått til målretta arbeid for å få konsekvensane ned på eit akseptabelt nivå.

Det er framleis for tidleg å vere sikker på kva tiltak som vil gje best effekt, men etter fylkesmannen si vurdering er det minst fire område som bør vurderast nærare:

1. Nettselskapa sitt distribusjonsnett må gjerast meir robust. Det er i dette nettet dei langvarige feila har oppstått. Sentral- og regionalnettet har gjennom masking ("omrutingsmoglegheiter") større innebygd robustheit. Det bør vurderast om heile eller store deler av distribusjonsnettet bør leggst i jordkabel. Dette blir i stor grad gjort i samband med utbygging av nytt distribusjonsnett, og i motsetning til kabling av sentralnettet er kostnadene akseptable. Kabling av distribusjonsnettet vil elles gje positive tilleggsgevinstar for miljø og arealutnytting.
2. Telenettet må gjerast meir robust og meir uavhengig av kontinuerleg straumforsyning. I ekstreme situasjonar må vi kunne leve med redusert kapasitet og kvalitet i telenettet, men at store område mister all kontakt med omverda er ikkje akseptabelt. Etter fylkesmannen si vurdering bør det gjennomførast konkrete risiko- og sårbarheitsanalysar med tanke på å finne løysingar der eit akseptabelt minimum av telekommunikasjon blir oppretthalde gjennom eit omfattande straumbrot. Dette kan mellom anna innebere betre batteribackup, rutinar for skifting av batteri, fleire aggregat ved sentralar og basestasjonar eller flytting av sentralar og basestasjonar til lokalitetar/institusjonar der det allereie er aggregat. Erfaringane frå den siste veka viser også at teleleverandørane har noko å gå på når det gjeld føresetnader for å formidle konkrete situasjonsbilde og prognosar for feilretting. Også her er koplinga til kraftforsyningssituasjonen for tett, teleleverandørane er heilt avhengige av å få straumen tilbake før dei får avklara om feilen ligg i deira infrastruktur. Det må også vurderast om det bør gjevast tydelegare krav om beredskap i teleleverandørane sine konsesjonsvilkår.
3. NRK si radiodekning må gjerast meir robust. Under "Dagmar" fall dei to viktigaste sendarane for NRK i Møre og Romsdal ut, og låg ute nesten heile det første, kritiske døgn. Når all annan telekommunikasjon fell bort, må vi framleis kunne rekne radioen som siste skanse for formidling av viktige budskap. Det som skjedde må evaluerast grundig – inkludert moglegheita for å gje NRK P1 prioritet på tilgjengelege frekvensar.
4. Den enkelte styresmakt, verksemd og innbyggjar må gjere seg sjølv meir robust og i stand til å takle slike situasjonar. Til sjuande og sist er god handtering av slike situasjonar avhengig av kor godt budd den enkelte er. Kvar og ein må så langt det let seg gjere ta ansvar for eiga verksemd. Aggregat, alternative varmekjelder og satelitelefonar er ikkje uoverkomelege investeringar verken for verksemdar eller privatpersonar. Dersom ein verkeleg har behov for slike løysingar, kan det vere dyrare å la vere. I denne samanhengen framstår landbruket som eit godt eksempel på ei næring der behovet for naudstraum er erkjent og følgt opp. Mange kommunar har også god dekning med naudstraum, medan andre kommunar nok ser behovet for betre dekning.

I tillegg til desse fire punkta som er direkte relaterte til "Dagmar" må det framleis vere stor merksemd på førebyggjande omsyn i arealplanlegging og utbygging. Plan- og bygningslova set tydelege og ufråvikelege krav om både utgreiing av mogleg fare og om avbøtande tiltak før utbygging eventuelt kan tillatast. Dette er eit kontinuerleg og langsiktig arbeid, og etter fylkesmannen si vurdering blir utbyggjarar og kommunar stadig

flinkare til å ta nødvendige omsyn til skredfare og flaum. Når det gjeld utbygging i område med fare for stormflo, er det relativt nye forskriftskrav som gjeld. I 2010-revisjonen av byggteknisk forskrift vart det fastsett at det for stormflo skal gjelde tilsvarende tryggleikskrav som for flaum. For dei fleste utbyggingsformål med personopphald vil det i praksis seie at ein skal bygge sikkert for 200-års stormflo. Kombinert med forventa havnivåstigning betyr det at ein i Møre og Romsdal ikkje kan bygge lågare enn om lag 2,5 meter over middelvestand – dersom ein samstundes ikkje kan dokumentere at byggverket vil tole ei slik stormflo. Erfaringane frå både "Dagmar" og "Berit" tilseier at dette framstår som ein rimeleg tryggleiksmargin, og fylkesmannen vil det komande året ha stor merksemd mot dette.

## 2.7 Vergemål

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har merka seg at sakene som kjem inn hit til behandling ofte er juridisk kompliserte. Dette ser ein også av anna kontakt ein har med overformyndaria og andre per telefon og e-post. Også i 2011 er det ei auke på innkomne klagesaker og saker i første instans.

I 2011 mottok fylkesmannen 23 klagesakar og 9 saker i førsteinstans. Det er behandla 14 klagesaker, derav 1 frå 2010. Det er behandla 6 førsteinstans saker. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida på klagesaker har vore ca. 3,5 månader og på saker behandla i første instans ca. 1,5 månad. I 2011 vart 1 av sakene påklaga til Justis- og politidepartementet og 3 saker vart påklaga til Sivilombodsmannen.

I 2011 mottok fylkesmannen 34 rekneskap (inkl. frå tidlegare rekneskapsår). Det er behandla 32 rekneskap (inkl. frå tidlegare år). Gjennomsnittlig saksbehandlingstid har vore 8,5 månader.

Det er ikkje utført stadlege tilsyn på grunn av ressursituasjonen på området.

Fylkesmannen har oppretta 1 tilsynssak i 2011. Denne er framleis under behandling.

Elles har fylkesmannen motteke 22 skriftlege brev, som er svart på og avslutta innan ca. 10 dagar

Som ledd i fylkesmannen sitt tilsynsansvar har det i 2011 blitt sendt ut informasjonsskriv om enkelte sentrale tema til alle overformyndaria i fylket.

**Verjemålsreforma:** I 2011 etablerte fylkesmannen ei prosjektgruppe under leing av ass. fylkesmann til å arbeide med - og førebu - reforma. Det er i den samanhengen avgjeve div. fråsegner til Justisdepartementet om forskrifter til ny lov, om sentrale prosjektrapportar m.v. Grappa har og utarbeidd intern prosjektplan og bemanningplan for embetet (som i jan. 2012 var godkjent av embetet si leiargruppe) samt vurdert/lagt opp strategiar for økonomi og stillingskunngjeringar, møter med kommunar og overformyndari m.v. i 2012.

Fylkesmannen vurderer det slik at arbeidet med verjemålsreforma er under kontroll og i god gjenge her i Møre og Romsdal

## **Kapittel 3 - Resultatområder**

### **Kongehuset**

#### **00.1 Kongelige besøk**

**Fylkesmannen har hatt eitt besøk frå Kongefamilien dette året.**

Litauens president Dalia Grybauskaitė og HM Kong Harald var på statsbesøk i fylket 6.4.2011. Dei besøkte mellom anna Høgskolen i Ålesund og verftet Fiskerstrand BLRT i Sula.

Kronprinsparets fylkesbesøk som var planlagt til 19. – 22. august er utsett til våren 2012.

#### **00.2 Tildeling av ordener og medaljer**

I Møre og Romsdal er det delt ut ein St Olavs Orden og 13 Kongens fortjenstmedaljar i sølv dette året.

##### **St Olavs Orden**

Egil Flakk, Ålesund

##### **Kongens fortjenstmedalje i sølv**

Anne Olise Smørholm, Kristiansund - 26.1.2011

Olav Bye, Molde - 2.4.2011

Alette Otterhals, Molde - 22.7.2011

Cecilie Dahle Torbjørnson, Volda - 1.9.2011

Elsa Karin Wollen, Stranda - 24.9.2011

Trygve Solberg Rødal, Ålesund - 27.9.2011

Sigmund Ivar Naas, Ålesund - 27.9.2011

Elias Kaare Giske, Giske - 13.10.2011

Einar Kristoffer Myrstad, Ålesund - 19.10.2011

Finn Lynghjem, Ålesund - 11.11.2011

Reidar Martin Olav Skotte, Sykkylven - 26.11.2011

Einar Strande, Molde - 1.12.2011

Per Even Kleive, Ålesund - 6.12.2011

### **Miljøverndepartementet**

#### **Resultatområde 01 Naturens mangfold og friluftsliv**

##### **01.1 Bærekraftig bruk og beskyttelse av leveområder**

##### **01.1 Bærekraftig bruk og beskyttelse av leveområder**

##### **Fylkesvise verneplanar**

Forvaltningsplaner for 11 NR i Verneplan for hekkande sjøfugl er vedtatt i desember.

Etter fagleg gjennomgang i DN vil vi arbeide vidare med forvaltningsplanene for dei 10 verneområdene i

verneplan for Smøla. Det har vore ein del arbeid med erstatningsoppgjeret samt gjennomført skjøtsel i fleire verneområde. Hovudinnsatsen på skjøtsel har gått på fjerning av framande treslag.

### **Utvida skogvern**

Ordninga med frivillig vern har kome i gang, og vi har fått tilbod om vern av fleire interessante område. To barskogreservat blei oppretta i vårt fylke i 2011.

### **Forvaltning og naturoppsyn i verna område**

Godt arbeid og utbytte sett i forhold til tilgjengelige ressursar. Naturoppsynet i kystområda har i felten og i media vist at vi nå er tilstede i dette området sjølv om ressursen er alt for liten. Det er sterkt ønskelig med permanent styrking av naturoppsynet på kysten. Auka satsing på kysten er enda viktigare nå når verneplan for sjøfugl er vedteken.

Ved auka skjøtsel i verneområde ser vi at vesentlege delar av vår arbeidskapasitet går med til å følgje opp skjøtselstiltaka dersom ikkje SNO har høve til å administrere tiltaka i felt.

Etter tildeling av midlar til utarbeiding av forvaltningsplanar for verneområde, har vi komen godt i gang med produksjon og ferdigstilling av forvaltningsplanar. Dette gir ei vesentleg betring av grunnlaget for forvaltninga av verneområdene.

### **Nasjonalparker og større verneområde**

Framdrift som forventa. Verneområdestyre for Trollheimen er konstituert, og verneområdeforvalter er tilsatt med kontorsted samlokalisert med SNO i Rindal.

### **Marin verneplan**

Minimal aktivitet i 2011.

### **Kartlegging og overvåking av biologisk mangfold**

Vi heng etter i forhold til framdriftsplanen når det gjeld BM knytt til ferskvatn. Overvakinga er starta i dei utvalde vassområda. Vi har peika ut overvakingslokalitetar for elvemusling.

Vi har god framdrift i naturtypekartlegging og generell oppdatering av naturbase på øvrige tema.

### **Motorferdsel i utmark**

Lita endring i høve til tidlegare. Relativt små problem.

### **Kulturlandskap**

Godt samarbeid med landbruksforvaltninga og kulturminneforvaltninga. Framdrift som forventet.

Naturtypekartleggingen dokumenterer fleire biologisk viktige kulturlandskapsområde i fylket med store behov for skjøtsel.

### **Utvalde naturtypar**

Arbeidet med utvalde naturtypar har vore svært omfattande. Det har gått med om lag 6 månadsverk av eigne tilsette. I tillegg er det utført omfattande arbeidsinnsats ved fagleg rettleiing, utarbeiding av skjøtelsplanar og gjennomføring av konkret skjøtsel. Hovudinnsatsen har vore knytt til slåttemark.

Det er registrert 202 lokaliteter med slåttemark i MR. (85 A-lokaliteter og 117 B-lokaliteter). Vi har sendt brev til ca 250 grunneiere og alle aktuelle kommunar. Vi har fått utarbeidet skjøtelsplan for 68 av disse lokalitetene, og det er inngått skjøtelsavtale for 42 av disse.

Det er registrert 10 lokaliteter med slåttemyr, men for disse trengs feltarbeid for å få riktig klassifisering og avgrensing.

---

## **01.2 Bærekraftig bruk og beskyttelse av arter, bestander og genressurser**

## Viltforvaltning

På grunn av redusert kapasitet frå og med 2. halvår 2011, har vi ikkje behandla klagesaker etter viltloven innan ordinær saksbehandlingstid. Vi har måttet gi melding (§11a) om saksbehandlingstid på 4-10 månader. For saker knytt til hjorteviltforskriftene har det betydd at påklagde saker ikkje har blitt behandla før etter at jakta i 2011 var slutt.

Tilskotsforvaltning vilt i god gjenge.

Fylkeskommunen har tatt over hovudansvaret for forvaltning av haustbare vilt- og fiskeressursar.

Hjortebestanden har auka vesentleg dei seinare åra, og er over bærekraftig nivå i fleire område. Det er stadvis sterk slitasje på naturlege beiteplanter, skade på verneverdiar i naturreservat (edellauvskog og barlind/kristtorn) og skade på jord- og skogbruksproduksjon.

Desse momenta gjer at fylkesmannen framleis har vesentlege innspel til hjorteforvaltninga på trass av at det er fylkeskommunen som har hovudrolla i den daglege oppfølginga av bestandsforvaltninga.

## Forvaltning av anadrom laksefisk og innlandsfisk

Oppdrag innafor ordinær sakshandsaming er gjennomført etter krav stilt av DN.

Mye tid går med i å utvikle berekraftige forskrifter om fiske etter anadrome laksefisk i vassdrag og sjø. Våre framlegg ble oversendt DN tidlig høst som innspill til DN's egen prosess med landsomfattende forskrifter. Fylkesmannen har mottatt, redigert og oversendt høringsfråsegner til DN sitt framlegg til regler.

Vitenskapelige råd for lakseforvaltning har mottatt ajourførte opplysninger om laksebestander i Møre og Romsdal.

Vi har ansvaret for styringsgruppene knytt til gyrokampen i Raumaregionen og i Sunndalsregionen.

Arbeidet med etablering av fiskesperre i Driva er i god framdrift, der reguleingsplan med konsekvensutgreiing no blir lagt ut til offentleg ettersyn. Det blir arbeida aktivt med elektrisk fiskesperre i Litledalselva.

Anlegget på Herje er langt på veg ombygd til genbankanlegg.

Arbeidet med vassdirektivet meiner vi går etter planen.

## Rovviltforvaltning

Samarbeidet innan Rovviltregion 6 fungerer godt.

Interessen for lisensfellinga av jerv har auka dei siste sesongane etter svært mange år med dårleg resultat. Oppløftande auke i talet på jerv felt under ordinær lisensfelling.

Vellukka informasjons- og dialogmøte halde i desember med deltakarar frå Rovviltnemnda, DN, SNO, mattilsynet, fylkesmannen, kommunane og organisasjonane (både brukar- og verneorganisasjonar)

## Forvaltning av trua arter

Framdrift som forventa i styringsdokument. Vi har og starta oppfølging i tråd med tiltaksdelen i handlingsplan for mnemosynesommerfugl.

## 01.3 Fremmede arter og GMOer

I 2010 starta vi opp eit prosjekt for aktiv forvaltning av vernskogen på kysten. I desse plantingane som blei statleg finansiert for nokre tiår sia er det i stor grad nytta framande treslag som sitkagran, bergfuru, buskfuru og lerk.

Spesielt sitkagrana er eit livskraftig treslag i vårt kystklima. Ho spreier seg og fortrenger naturleg stadeigen vegetasjon.

I startfasen samarbeider vi med kommunane Giske og Sandøy for å utvikle ein kommunal strategi for forvaltning av vernskogen med spesiell vekt på framande treslag.

2011 har vore ein periode for kartlegging som skal danne grunnlaget for politiske prioriteringar av kva som bør skje med leplantingane i tida som kjem. I kva for område har leplantingane ein funksjon som det er viktig å halde på og i kva område har dei ingen nyttefunksjon. Det vil og bli vurdert å fase ut dei framande treslaga over tid der det er trong til leeffekten som plantingane gir.

Vidare prosessar i kommunane vil bli initiert 1. halvår 2012.

Vi har også arbeidd med å fjerne desse framande treslaga frå verneområde der dei truar vesentlege verneverdiar.

## **01.4 Friluftsliv**

Fylkeskommunen tok over hovudansvaret for friluftsliv frå 01.01.2010. Første halvår bisto vi fylkeskommunen med handtering av sikringssakene i påvente av at dei skulle få på plass kapasitet til å løyse oppgåvene sjølve.

Vi har nokre saker på vegne av staten som grunneigar for sikra område. På grunn av kapasitetsmangel siste halvår er det nokre restansar på området.

## **Resultatområde 03 Vannforurensning, miljøgifter og avfall**

### **03.1 Overgjødsling og nedslamming**

#### **Akvakultur**

Søknader om godkjenning av utslepp frå akvakulturanlegg skjer løpande. Arbeidsmengda er sesongprega og krev til tider mykje arbeid. Anlegga er også blitt så store at meir omfattande vurderingar må gjerast i samband med utviding eller flytting. Vi mottar stadig søknader om etablering og endring/utviding av verksemder som krev utsleppsløyve.

Ein viktig føresetnad for å kunne gjennomføre embetsoppdraget er einskaplege retningslinjer. Vi opplever at utøvande praksis ikkje er godt nok samkjørt mellom fylkesmannen og Klif. Det er òg eit behov for å betre samarbeidet med Fylkeskommunen, Mattilsynet og Fiskeridirektoratet.

#### **Avløp**

6 kommunar blir omfatta av reglane i kapittel 14 som fylkesmannen er forureiningsmyndigheit for (tettstader på meir enn 10 000 PE). Kloakkutslepp elles skal følgjast opp av kommunane.

Vi slit med ressursmangel på dette området. Alle hendvendelsar blir fortløpande svara på, som søknader om utslipp, ønske om veiledning og klagebehandling mm. Vi har derimot ikkje tilstrekkeleg kapasitet til å drive med opplæring av kommunane. Arbeidet med kartlegging av begrensning av miljøgifter har ikkje blitt prioritert. Vi har ikkje ein oversikt over avløpsanlegg som overskrid utsleppsløyver.

### **03.2 Oljeforurensning**

Arbeidet med oljeforureining har eit lågt aktivitetsnivå i Miljøvernavdelinga. Vi ønskjer å involvere fylkesmannens beredskapsseksjon i dette arbeidet, bla ved å lage MOM-kart (i GISLINK).

### **03.3 Miljøgifter**

#### **Sediment**

Arbeidet med forureinsa sjøbotn i Ålesund held fram. I samband med dette prosjektet har fylkesmannen godkjent eit forsøk med tildekking av sjøbotnen på eit område utafor Fiskarstrand Verft. Den fysiske tildekkinga gjekk som planlagt. Rapport med vurdering av effekten kom i 2011.

Vi prioriterer arbeidet med å følgje opp varsel om pålegg gjeve til grunneigarar i tiltaksplanområdet for forureina

sjøbotn i Ålesund kommune.

Elles bidrar vi i andre oppryddingsprosjekt så langt ressursane strekk til.

Vi ser eit behov for meir aktivt arbeid mot kommunane i forhold til å få forankra arbeidet med forureina sjøbotn lokalt, men slit med mangel på ressursar til dette.

### **Skipsverft**

Vi har fulgt opp dei skipsverfta som tidlegare er pålagt undersøkingar og vurderingar. Pålegg om opprydding på land er sendt til alle aktuelle aktører, og vidare framdrift i arbeidet med tiltaksplana er sikra. Arbeidet med oppfølging av prioriterte skipsverft vil fortsette i 2012.

### **Mudring og dumping**

På dette området har det tidlegare vore knapt med ressursar til handsaming av innkomne saker. Her har vi fått ei ekstra halv stilling no, som avlastar mykje. Innkomne saker blir handsama fortløpande. Dumpesaker blir vurdert etter Naturmangfaldlova.

Proaktivt arbeid for å sikre at saker kjem inn kan bli betre. Vi oppdagar regelmessig saker som det burde vore søkt om.

## **03.4 Avfall og gjenvinning**

### **Avfall og gjenvinning**

I Møre og Romsdal er det no 3 avfallsdeponi og 2 avfallsforbrenningsanlegg med oppdaterte utsløppsløyve. Fylkesmannen har ikkje gitt dispensasjon for deponering av organisk materiale.

Fylkesmannen har konsesjonsbehandla dei fleste virksomheter som sorterar avfall. Det blir viktig å gjennomføre tilsyn framover, for å sikre like konkurransevilkår og bedre praktisering av regelverket.

Kontakt med kommunar og bransje blir ivareteke gjennom deltaking i styret i avfallsforum Møre og Romsdal. I tillegg arrangeres årlege 2 konferansar i regi av avfallsforum. Dette er ein viktig arena hvor ulike tema og utfordringar blir formidla og diskutert. Kommunane sin deltagelse på arrangement i regi av avfallsforum kan bli betre.

## **Resultatområde 04 Luftforurensninger og klima**

### **04.1 Klimaendringer**

#### **Kommunale klimaplaner**

Fortløpende gjennomgått og kommentert alle innkomne kommunale klimaplaner. Generelt er alle planene for lite konkret i forhold til aksjoner som skal gi reduksjon i klimautslipp.

#### **Industri**

Energieffektivisering vil bli fulgt opp i forbindelse med konsesjonsbehandling, ved tilsyn og gjennom egenkontrollrapportering.

### **04.4 Støy**

Støy blir vurdert etter bestemmelsene om støy (T-1442) i innkomne plansaker. I 2011 har Fylkesmannen fremma motsegner i 7 saker der det har vore støyproblematikk.

Vi har og nokre utfordringar med støyande verksemd. Dette er saker som skaper store konflikter.

## Resultatområde 06 Planlegging for en bærekraftig utvikling

### 06.1 Arealpolitikk og samfunnsutvikling

Fylkesmannen i samarbeid med fylkeskommunen og statens kartverk gjennomførte ein plankonferanse 09-10 november 2011 med 125 deltakarar frå kommunar, arkitektfirma, konsulentar og politikarar.

Vi har gjennomført 7 meklingar, der 4 er knytt til strandsonevernet og dei andre gjald barn- og unge sine interesser, jordvern og kulturminneinteresser. Alle sakene vart løyst gjennom mekling.

Det vart behandla 1113 plansaker mot 1123 året før, men det var ein sterk auke i talet på motsegner. Det var fremja motsegn til 59 reguleringsplanar og 5 kommune(del)planar. Dersom ein tek med enkeltmotsegner i samband med kommuneplanar var det totalt 88 motsegner. Det er strandsone, naturmiljø, barn- og unge og beredskap som har flest motsegner. Det vart påklaga 19 dispensasjonssaker, noko som er lite i høvet til talet på saker(579).

Fylkesmannen gjennomførte opplæring for dei folkevalde i kommunestyra i kommunane i Møre og Romsdal hausten 2011. Opplæringa skjedde ved at det vart arrangert dagssamlingar fire stader i fylket den 16., 17., 21. og 22. november. Planlegging som politisk reiskap var eit tema som vart gitt relativt stor merksemd på desse samlingane. Om lag 250 deltakarar deltok på samlingane.

### 06.2 Fylkesmannen som styringsmessig bindeledd og rettssikkerhetsgarantist

Fylkesmannen gir omfattande rettleiing både i høve tolking og praktisering av plan- og bygningsloven. Ein monaleg del av rettleiinga skjer gjennom telefon og e-post, men også gjennom møter. Rettleiing vert ytt både til kommunar, private planleggjarar, Statens vegvesen, fylkeskommunen og privatpersonar. Rettleiinga er ofte ikkje direkte knytt til klagesak hos fylkesmannen. Rettleiingsarbeidet er relativt tids- og arbeidskrevjande.

Vidare kan nemnast spesielt at fylkesmannen etter invitasjon frå einiskilde kommunar i om lag 4 høve har deltatt på møte og haldt innlegg om mellom anna dispensasjonsføresegna.

Det er behandla 47 saker om klager på kommunale vedtak om reguleringsplanar i 2011. Kommunestyret sitt eigengodkjenningsvedtak vart stadfesta i 29 av dei sakene som er behandla, medan 13 av sakene vart oppheva eller endra. I 5 saker har fylkesmannen gjort ei grundig klagesakshandsaming, utan at det vart fatta realitetsavgjerd. Kommunane har i desse sakene valgt å ta saka tilbake og gjort ei ny vurdering av klagane i tråd med rettleiing frå fylkesmannen. Der klager vert tatt til følge, er dette i det vesentlege på grunn av at planane ikkje har vore tilstrekkeleg eintydige og at det har vore manglar ved kommunen si saksutgreiing.

Tala på vedtak i klagesaker om reguleringsplanar for 2010, 2009 og 2008 er til samanlikning 38, 25 og 30. Det har soleis vore ei vesentleg auke i saker om reguleringsplanklager dei siste åra.

Som eit ledd i klagesakshandsaminga har fylkesmannen gjennomført synfaring i dei sakene det var naudsynt for å kunne gjere ei konkret vurdering av kommunen si arealbruksvurdering. Dette gjeld dei fleste av reguleringsplansakene som vart stadfesta.

Vi har i lengre tid hatt for lang sakshandsamingstid. Til tross for ekstra ressursar på dette området, har målet om 3 månaders sakshandsamingstid vore nådd berre periodevis i 2011. Gjennomsnittleg sakshandsamingstida har i 2011 vore omlag 25 veker, altså på 4-5 månader. Ei forklaring på dette ligg i at to erfarne sakshandsamarar gjekk ut i permisjon i 2011, samt at ein svært erfaren sakshandsamar på reguleringsplanområdet gjekk av med alderspensjon. Den faste bemanninga vart etter dette for lita til å klare å nå målet. I tillegg har ein del av sakene vore store og arbeidskrevjande, og sakene kjem inn i eit hurtigare tempo enn vi klarer å sakshandsame. Vi har arbeidd for å bygge opp eit juridisk miljø som er mindre sårbar både for permisjonar og turn-over elles, slik at fleire av juristane er no involvert i reguleringsplanområdet. Dei juridiske sakshandsamarane skal prioritere reguleringsplansaker våren 2012, og vi rekar med at sakshandsamingstida vil være under 3 månader i løpet av første halvår 2012.

Saksomkostningar er tilkjent i 3 saker. Krava vart delvis imøtekome, og fylkesmannen fastsett i alle sakene at



ansvaret for kostnadsdekkinga skulle liggje i kommunen.

Miljøvernavingdelinga har det største koordineringsansvaret for plansakene på embetet. Det har vore ytt juridisk bistand i samband med fråsegner til reguleringsplanar der dette har vore naudsynt. Juristane har og prioritert å vere bidragsytarar og delta på møta i planforum, der planleggarane i kommunane møtast.

### **06.3 Samordning av statlige interesser**

Fylkesmannen har i liten grad teke rolla som samordnar av statlege interesser, utover fylkesmannen sitt ansvarsområde. Vi gjer det i samband med meklingar der andre statlege organ som t.d Statens vegvesen, kystverket m.v har motsegn til ein kommunal plan og fylkesmannen kallar inn og står for den formelle meklinga.

### **06.4 Kart og geodata**

Kartportalen GisLink ([www.gislink.no](http://www.gislink.no)) er ei nettbasert kartteneste som er open for allmenn bruk. GisLink vert drifta av fylkesmennene og fylkeskommunane i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag og gir oppdatert informasjon til kommunar, regional forvaltning, private verksemdar og ålmenta. Noreg Digitalt samarbeidet sørger for at oppdaterte data alltid er tilgjengeleg via GisLink. Dette er særskild viktig for at berørte medarbeidarar skal kunne drive saksbehandling på rett beslutningsgrunnlag.

GisLink vart etablert i 2004, som ein av dei første regionale karttenestene av denne typen. Sjølv om tenesta framleis har god funksjonalitet, er det dei siste åtte åra vore stor utvikling i GIS og nettbasert teknologi. Arbeidet med ein ny versjon vart påbegynt i 2011 og vil bli ferdigstilt i løpet av 2012. Den nye versjonen skal vere raskare, enklare og meir intuitiv å bruke.

Den interne GISkompetansen hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal blir vedlikehalden gjennom eit eige brukarforum for GIS. Dette er ein møteplass for nøkkelpersonar i dei ulike avdelingane som nyttar GIS i stor grad. Brukarforumet er eit forum for intern nettverksbygging og kompetanseheving innafor bruk av kart og GIS.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har tett samarbeid med Statens kartverk i Molde. Fundamentet i samarbeidet er organisert med Geodatautvalet som styringsgruppe. Dette utvalet er samansett av representantar frå Statens vegvesen, Telenor, kommunar, kraftselskap, Statens kartverk, Møre og Romsdal fylkeskommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Temadatautvalet er ei undergruppe av Geodatautvalet som jobbar med prioriterte tematiske data i fylket. Plandata blir prioritert i dette arbeidet.

Fylkesmannen har oppdatert jamleg datasett til DN sitt nasjonale fagsystem Naturbase. Alle geodata blir kvalitetssikra etter gjeldande SOSI-standard. Hovudfokuset har i 2011 vore på oppdatering av datasetta prioriterte naturtypar og vilt.

## **Resultatområde 07 Tverrgående virkemidler og oppgaver**

### **07.1 Sektorovergripende arbeid**

Vi har gjort ein innsats på slutten av 2011 for å oppdatere Miljøstatus, men slik ressursituasjonen ser ut vil vi ha ei utfordring med å få prioritert arbeidet med miljøstatus i 2012.

### **07.3 Virkemidler og prosesser**

#### **Utsleppsløyver**

Søknader om utsleppsløyve blir prioritert sakshandsama så fort som mogleg. Det er mykje industri i fylket som har eller må få utsleppsløyve etter forureiningslova/forureiningsforskrifta.

#### **Tilsyn**

Vi har delteke på landsdekkjande kontrollaksjonar som planlagt, og dette vil vi også prioritere å delta på neste år. Følgjer elles frekvensbasert kontrollplan ved gjennomføring av tilsyn. I forkant av tilsynsbesøk blir aktuelle klagesaker i kommunen gjennomgått, for å sikre at desse blir tatt opp og diskutert.

I forbindelse med landsdekkjande kontrollaksjonar blir det gjort ein innsats med å gå igjennom gamle utsleppsløyve for å vurdere om dei skal opphevast eller stå ved lag (for bransjar som no har blitt forskriftsregulert). Vi må bli flinakare til å oppdatere dette i Forureiningsdatabasen.

Eventuelle brot på utslippsløyve vert oftast avslørt gjennom tilsyn men òg tilfeldig gjennom klager og enkelthendingar. Det er svært ressurskrevjande å følgje opp brot på særleg vilkår i utslippsløyve. Tvangsmulkt og anmeldelse blir sjeldan brukt som verkemiddel.

På grunn av ymse permisjonar har arbeidskapasiteten vore vesentleg mindre enn normalt. Derfor har ikkje tilsynsarbeidet fått så stort omfang som planlagt.

### Plan for tilsyn

Vi har utarbeidd kontrollplan for 2012 som tek utgangspunkt i risikoklassar og frekvens, samt landsdekkjande kontrollaksjonar. Frekvensbasert kontrollplan for 2012 vil bli samordna med plan for fellesaksjonar. Målet er å gjennomføre tilsyn i det omfanget som bli venta i tildelingsbrevet.

## Ressursrapportering

06.2 Rettstryggleik og behandling av klage på eigengodkjente reguleringsplaner: Miljøverndepartementet har tildelt kr 270.000 i 2011 til ekstra bemanning for å komme ned på ei meir forsvarleg saksbehandlingstid på reguleringsplanklager. Det er stort press på saksområdet med mange og tunge saker og utbyggerar som er klare til å gjennomføre utbyggingsprosjekt. Takket være ekstrabevilgninga har vi i perioder vore nede på 3 månaders saksbehandlingstid. 30.000 blei bevilga som tilskudd til ein konferanse om ulovlighetsoppfølging i kommunene. Desse beløpa går ikkje fram av taloppstillinga.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
01 Naturens mangfold og friluftsliv	kr 3 227 290,86	kr 1 717 318,99
03 Vannforurensning, miljøgifter og avfall	kr 925 238,17	kr 290 146,47
04 Luftforurensninger og klima	kr 323 811,75	kr 49 359,28
05 Int. miljøsamarbeid i nord- og polarområdene	kr 0,00	kr 0,00
06 Planlegging for en bærekraftig utvikling	kr 4 108 685,96	kr 0,00
07 Andre virkemidler	kr 1 397 110,51	kr 197 437,03
Andre oppgaver under MD	kr 1 016 093,57	kr 0,00
Sum:	kr 10 998 230,00	kr 2 254 261,00

## Landbruks- og matdepartementet

### Resultatområde 21 Landbruksbasert næringsutvikling

#### 21.1 Jordbruk

##### Utviklingstrekk og drifkrefter

Møre og Romsdal har om lag 600 000 dekar jordbruksareal, og det aller meste av dette blir brukt for dyrking og beite. Mjølkeproduksjonen dominerar. Utviklinga går raskt mot større og færre einingar, og talet på aktive mjølkeprodusentar kom i 2011 for første gang under 1000. Det er stor etterspørsel etter investeringsmidlar og mjølkekvoter, samtidig som mange legg ned drifta. Utviklinga går raskt mot større driftseiningar, mindre beiting og meir jordleige. Dei nye driftsformene er ikkje tilpassa eigeomsstrukturen, og det er openbart utfordrande at

bonden ikkje lenger eig jordgrunlaget for produksjonen. I Møre og Romsdal er omlag 50% av det drivne arealet leigejord. Utviklinga er i stor grad teknologidrive, og er mindre enn før styrt av næringsstrategien eller andre forsøk på politisk forming av framtida. Sentraliseringa følgjer fleire akser – kvar driftseining blir større, men det er også slik at det i nokre miljø er vekstkraft og investeringsvilje, medan andre fell frå.

Dette får konsekvensar både for jordvernet, og for viljen til å gjere nødvendige investeringar. Altfor mange bruk har eit usikkert jordgrunnlag for produksjonen. Dette er høgaktuelle problemstillingar utan gode lokale løysingar.

Landbruksnæringa har gjennom lang tid hatt dårlegare lønnssevne enn andre næringar i lokalmiljøet, og kampen om arbeidskrafta har blitt ei hovedutfordring. Dette er særleg synleg rundt generasjonsskifta. Etter kvart som det økonomiske gapet mellom landbruket og alternative næringar har blitt større, ser vi at fleire større bruk går ut av produksjon. Dette er utfordrande for målsetjinga om landbruk over heile landet, og det betyr også at landbruket si multifunksjonelle rolle blir svekka.

Vi har fleire aktive prosjekt under paraplyen kompetanse og strategi. Vi har satsingar mot matområdet og mot IPT miljøet, og begge Tine selskapa arbeider med strategirådgeving mot mjølkeprodusentar. Vi samarbeider med NLR om å utvikle bonden som byggherre, og det blir jobba med å kvalifisere fleire for arbeid i landbruket. Bygdeutviklingsmidlane er viktig del av finansieringa for alle desse tiltaka.

Vårt inntrykk er at landbruket har godt omdømme, og at næringa og næringsutøvarane har respekt og anerkjennelse i samfunnet rundt. Til tross for dette, slit næringa med rekrutteringa. Årsakene er forventningar til fortsatt svak inntening, og det heng også saman med at alternativa i samfunnet rundt aldri har vore betre enn i dag. Landbruksnæringa må bemannast av folk med interesse og forutsetningar, og det er neppe lenger mulig å rekruttere berre i den nære kretsen rundt gardsbruket.

Arbeidet med landbruksmelding for Møre og Romsdal starta hausten 2011. Prosessen rundt meldinga blir brukt til å skape tettare band og større landbrukspolitisk engasjement på tvers av organisasjonane. Vi involverar heile det utvida partnerskapet, og vil bruke arbeidet til å etablere varige plattformer for utvida samarbeid.

Fylkesmannen har vidare tatt grep for lage ein regelmessig arena for Rådgeving og FoU. Både Tineselskapa, NLR, Fylkeskommunen og Bioforsk er faste deltakarar.

Rovviltkompensasjonen er brukt til å sikre at landbruksavdelinga har kompetanse og kapasitet knytt til husdyr og førebyggjande tiltak mot rovviltskader. Landbruksavdelinga deler forvaltningssansvaret for rovviltarbeidet med areal- og miljøvernavdelinga, og har hovudansvar for forebyggjande og konfliktdempjande tiltak. Det er eit godt samarbeid mellom landbruksavdelinga og miljøvernavdelinga.

**Forebyggjande tiltak:** Møre og Romsdal høyrer til forvaltningsregion 6, i lag med Trøndelagsfylka. Løyvinga for 2011 var i vårt fylke på kr. 1,8 millionar. Det aller meste av våre rovvilttap skuldast jerv. Vi har også mål om auka bestand av gaupe, og vi ser at bestanden er i ferd med å bygge seg opp. Dokumenterte tap til gaupe gjekk likevel ned i 2011. Jerven har ei atferd som gjer at han tek flest lam på seinsommaren og mot hausten. Vårt viktigaste forebyggjande tiltak har derfor vore tidleg sanking, og sekundære tiltak som støttar opp om dette, t.d. utvida tilsyn og tilrettelegging for beredskapsbeiting. Vi har også nokre velukka vokterhundprosjekt i eit av våre mest belasta rovviltområde.

Tilrettelegging for auka beiting i områda rundt innmark, fell saman med landbrukspolitiske intensjonar og satsing på kulturlandskap. I mange tilfelle er det derfor nytta kommunale SMIL- midlar som delfinansiering av slike prosjekt. I Møre og Romsdal blir søknadar om midlar til forebyggjande og konfliktdempjande tiltak samanstilt og innsendt felles frå kommunane. Dei har med det høve til å samordne dei ulike tilskotsordningane. Vi har fleire eksemplar på at dette vert gjort. Vi oppfordrar i tillegg aktuelle søkjarar om å vurdere dei spesielt utvalde kulturlandskapsområda i fylket i samband med aktuelle beredskapsbeite. Vi har gjort fleire forsøk, men har enno ikkje lukkast med å lage større inngjeda område som fleire kan nytte i samband med tidleg nedsinking.

Rovdyr er eit stort problem i indre fjordstrok og i fjellområda. Ei like stor utfordring er tapa som skuldast flåttoverførte bakteriar og alveld. Det blir satsa på å finne løysingar på desse store utfordringane. Vi har hatt fokus på dette gjennom det nasjonale beiteprosjektet i 2009, 2010 og 2011, gjennom eige arbeid, og gjennom å initiere og støtte aktuelle forskingsprosjekt.

Tapsutviklinga er urovekkande, og erfaringane vi har gjort bør få generell oppmerksomheit. Lammetapa i 2011 kom over 12%, og tapa er tilnærma like store i kommunar utan freda rovvilt som i fjellområda. I nokre område er tapsårsakene svært samansette. Dette fører til store utfordringar for forvaltning av erstatningsordningane for tap av dyr på utmarksbeite. Rovvilterstatning gir større økonomisk utbytte til beitebrukaren enn ordninga "Erstatning for tap av sau på beite". Topografi og effektivt renovasjonssystem i naturen gjer det svært utfordrande

å finne kadaver, og det kan oppstå situasjonar med konflikt mellom dyreeigar og forvaltning om årsak til tapa.

Fylkesmannen legg sterk vekt på tiltak som kan gi bedre dokumentasjon av tapsårsaker, og nøkkelen er tidleg funn av kadaver. Vi har satsa på elektronisk identifikasjonssystem, såkalla radiobjeller til bruk på vaksne søyer. Dette har avgrensa effekt når det gjeld å finne daude lam, men mange positive sider som effektiviserer beitebruken elles. Sendarar til bruk på lam har vore prøvd ut i mange år, også her i fylket, men dei fungerer enno ikkje tilfredsstillande. Elektronisk utstyr har vore finansiert både med miljøpolitiske verkemiddel (FKT- midlar) og med landbrukspolitiske verkemiddel (Investeringsmidlar- Organisert beitebruk). Vi ønskjer å halde fram med å støtte opp om dette, og har store forventningar til dei såkalla lammenodane. Samstundes har det vore brukt FKT- midlar til kurs i trening av kadaversøkjande hundar i 2011. Dette ønskjer vi å satse meir på framover, for å gjere tilsyn meir effektivt, og for å kunne sete inn rett førebyggande tiltak i ulike beiteområde.

**Beiteprosjektet ;** Møre og Romsdal har vore del av det nasjonale beiteprosjektet sidan det vart sett i gong, som ein oppfølgar av tilsynsprosjektet i 2007. Våre hovedsatsingsområde har vore dei beiterelaterte sjukdommane Alveld og Sjodogg. Den siste skuldast flåttoverførte bakteriar. Elektronisk merking av dyr (radiobjeller) er viktig for prosjektet. Vi medverkar i to aktive forskingsprosjekt. UiO arbeider med alveld, og Bioforsk Tingvoll har fått NFR finansering av prosjektet Tickless . UiO prosjektet er finansiert gjennom støtte frå Beiteprosjektet. Alveld er ei kjempestor utfodring for lokalt sauehald. Dødstala er år om anna høge, og 2011 har vore eit tungt alveldår.

Problemet må løysast, og tilbakemeldingar frå UiO gir grunn til optimisme. Innsatsen frå beiteprosjektet og UiO verkar motiverande for næringa. Det er grunn til å tru at vi nærmar oss eit svar på årsakstilhøva, og dermed vil det åpne for å utvikle forebyggande tiltak. Vi håper at det kan løyvast midlar til dette viktige arbeidet gjennom beiteprosjektet også i 2012. Alveld er også eit problem i fleire av rovviltområda vår, men det er vanskeleg å finne kadaver. Ei løysing på alveldgåta har heilt klart potensiale til å dempe konfliktnivået i rovviltdebatten.

**Forvalte regelverket om husdyrkonsesjon og veilede og følge opp kommunene som førstelinjemyndighet for tilskuddsordninger.** Det er kun to husdyrkonsesjonar i Møre og Romsdal, ein på verpehøner og ein på gris. Det har ikkje vore søknadar dei siste 10 åra. Vi følger opp produsentar som kjem opp med før høge tal i høve til rapportane frå leveranseregisteret og produksjonstilskotssøknadene utsendt frå SLF. I 2011 har vi innkrevd standardisert erstatning frå to produsentar, og kontrollert ei samlokalisering av verpehøner for mulig ulovleg samarbeid. Utfordringa vår ligg i å følge opp produsentar som ligg heilt opp mot produksjonsgrensa. Desse kan i større grad velgast ut og kontrollerast i lag med dei ordinære føretakskontrollane.

Fylkesmannen fekk kr.980 000,- i 2011 som stimuleringsstilskot til delar av kyst- og øysamfunn for å sikre tilgang på veterinære tenester i næringssvake område. Kommunar med vanskelleg kommunikasjon grunna ferge og med store avstandar mellom bruka, vart prioritert. Det blir ein ny gjennomgang av fordelingane i 2012, der det blir innhenta råd frå Veterinærforeininga og Mattilsynet.

#### Tapsstatistikk sau på utmarksbeite

Embeter	Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk)		% tilslutning til org. beitebruk i fylket	Tapsprosent		Total tapsprosent	
	Sau	Lam		Sau	Lam	2010	2009
FMMR	37028	56376	75	2,5	12,3	7,6	8,4
<b>Sum</b>	<b>37028</b>	<b>56376</b>	<b>75</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	

## 21.2 Skogbruk

**Skogkultur:** Planting og ungskogpleie har tatt seg litt opp i 2011. Stort sett vert dei avvirka områda tilplanta med gran på nytt, men enkelte område vert omdisponert til beite og liknande. Hovedutfordringa med planting dei siste åra har vore store angrep av gransnutebille. Vi samarbeider med Skog og landskap for å sjå nærmare på dette. Tilgang på kompetent arbeidskraft vil vere viktig for å oppretthalde og auke aktiviteten innan skogkulturarbeidet. Vi har i vårt tildelingsbrev til kommunene prioritert forynging og ungskogpleie framfor andre tiltak.

**Skogbruksplanlegging:** Det er ikkje sett i gang nye prosjekt i 2011. Vi samarbeider med Skog og landskap om ei alternativ løysing i Sunndal. Vi vil mellom anna sjå på moglegeheitene for å framskrive eksisterende takst. Det vil ikke bli sett i gang nye prosjekt før nasjonal gruppe har utarbeidd nye retningslinjer for skogbruksplanlegging.

**Avvirking:** Hogst av gran aukar fortsatt. Mykje av hogsten skjer i produksjonsskogen. Mangelfull infrastruktur gjer at det blir hogd der ein når tak i skogen. Det vil i stor grad seie at ein tek ut indrefiletten og let resten stå att. Vi er til tider litt bekymra for at en del av hogsten vil øydelegge for vegbygging som er nødvendig for å kunne drive eit større område rasjonelt. Avverking og omsetting av furu er i enkelte deler av fylket for lav.

**Skogsvegbygging:** Interesse for bygging av skogsvegar er framleis stor i fylket. I samband med den aukande hogstaktiviteten vert det avdekt eit stort behov for utbygging av infrastrukturen. Fylkesmannen har i 2011 bidrege til at ein har fått etablert ei oppegåande vegplanleggarteneste i fylket. Vi ser at det er stort behov for profesjonell vegplanlegging og byggeleing for å sikre gode veganlegg og best mogleg forvaltning av tilskotsmidlane.

**Hovudplan for skogsbilvegar:** Det er gjennom året arbeidd med ajourhald av vbase og kartlegging av behov for nye og ombygde skogsbilvegar i fylket. Dette arbeidet vil halde fram ut over i 2012.

**Kystskogbruket:** Vi er med på følgjande fellesprosjekt i regi av kystskogbruket: Oppfølgingsprogram Skognæringa kyst, Oppfølgingsprogram fylkeskommunen, Taubaneprojektet, Vegprosjektet, informasjonsprosjekt SKI, Midt Norsk skogsenter, Kaiutredninger, Det norske skogselskap Vista -analyse.

I tillegg er vi med å finansierer prosjekt som er prioritert i vår strategiplan. Vi vil mellom anna framheve Ørtaskogen og skogkulturprosjektet.

**Revidering av Strategiplan for skogbruket i Møre og Romsdal 2008 -2016:** I samarbeid med Møre og Romsdal skognæringsforum har planen blitt revidert og ny tiltaksplan fram til 2016 blitt utarbeid. Planen vart godkjent av fylkestinget desember 2011.

**Bioenergi og auka bruk av tre som byggemateriell:** Er rapportert under resultatmål 22.5

## 21.3 Bygde- og næringsutvikling

### Bedriftsretta virkemiddel

Generelt har vi godt utvikla samarbeid om næringsutvikling. Vi samarbeider gjennom den regionale partnerskapen om utvikling regional næringsstrategi, og vi arbeider opp mot fylkeskommunen om rullering av den årlege handlingsplanen for næringsutvikling. Samarbeidet og gode relasjonar kjem også fram i fellesskapet rundt Hoppid satsinga, der fylkesmannen har eit særleg ansvar for breiddesatsinga. Bygdemobiliseringa er FMLA sitt hovedoppdrag opp mot Hoppid, samtidig som vi arbeider for å dyktiggjere og motivere Hoppid apparatet mot saksfelt som er særleg relevante for landbruksnæringa. Relasjonane mot Innovasjon Norge er tilsvarende gode.

Det viktigaste dokumentet for bruk av landbruksretta utviklingsmidlar er Regional strategi for landbruksbasert næringsutvikling. Vi legg vekt på kontinuitet og forutsigbarheit, samtidig som strategien må fange opp behov og utviklingstrekk. Endringane frå 2010 var små, og gjekk i all hovudsak på balansen mellom rentestøtte og tilskot i investeringssaker. Etterspørselen etter investeringsmidlar gjennom Innovasjon Norge er stor, og vi har valgt å halde maksimal tilskotssats på 20%. Størstedelen av ramma for bygdeutviklingsmidlane i 2011 var disponert før første halvår var gått.

Mjølkeproduksjon på storfe har fått 57 prosent av tilskotta, sauehald 12 prosent og det har vore løyvd tilskot til investeringar i både svinproduksjon, geitehald, storfekjøttproduksjon og fleire typar tilleggsnæring. I tillegg vert det satsa på lokal mat. Tala viser at det vert satsa i stor breidde både innanfor tradisjonelt landbruk og nye næringar. Det er spesielt oppløftande at etterspørselen etter investeringsmidlar til geit og sau har tatt seg noko opp.

I 2011 løyvde Innovasjon Norge Møre og Romsdal vel 31 millionar kroner i BU tilskott og 101 millionar i rentestøtte til landbruksrelaterte investeringar og satsingar. Tilskota er delt på 93 prosjekt, og rentestøtta på 63. Løyvingar over verdiskapingsprogramma kjem i tillegg til dette. Av tilskotsramma vart det sett av 1,7 millionar kroner til tapsfond for risikolån. Investeringsvilja er stor, og Innovasjon Norge fekk tilført 13 millionar kroner i ekstra rentestøtteramma i 2012. Heile tilskotsramma for 2011 vart brukt, og 7,5 millionar kroner av rentestøtteramma vart overført til 2012.

Midlane er brukt over heile fylket, utan geografiske preferansar ( i samsvar med strategien).

Tabellen viser bruk av tilskotsmidlar etter formål (avrunda tal, millonar kroner)

Anna	2,2
Bioenergi	0,3
Fjørfehald og pelsdyr	0,4
Geithald	1,9
Inn på tunet	1,9

Lokal mat	5,5
Mjølkeproduksjon og storfe	17,4
Oppdrett annet storfe	0,9
Sauehald	3,6
Svinehald	1,4
Reiseliv	1,0

**Utgreiings- og tilretteleggingsmidlar:** Det er eit stort mangfald i søknadene til utgreiings- og tilretteleggingsmidla, både når det gjeld tema og omfang. Vi har brukt utviklingsmidlar til prosjekt for større matmangfald, og vi har jobba strategisk gjennom Grøn forskning Midt-Norge. Satsinga på bygdemobilisering har vore omtrent på same nivå som før.

Begge Tineselskapa har prosjekt som går på strategiske veivalg for mjølkeprodusentar, og Landbruk Nordvest har prosjekt som går på dyktiggjering av bønder i investeringsfase. Veivalgprosjekta er spesielt viktige for å hjelpe bøndene å tenkje strategisk.

Fylkesmannen har etablert arena for Rådgeving, forskning og utvikling. Dette skal vere eit forum for strategisk diskusjon, dialog og samordning av aktivitetar. Vi håper resultatet kan føre til betre bruk av utviklingsmidlar, synleggjere behova klarare og gje dei ulike prosjekta større slagkraft. Arbeidet med ei landbruksmelding for Møre og Romsdal vil vere viktig for å involvere alle aktuelle aktørane på området. RFoU prosessane har peika på tre område som blir følgt opp gjennom prosjektretta satsing – dette gjeld auka svinekjøtproduksjon, rekruttering og prosjekt for å få ein «elite» av grovforprodusentar.

Fylkesmannen fekk i 2011 ei løyving på kr 4,42 mill. kroner til utgreiings- og tilretteleggingstiltak. I 2011 løyvde vi kr 5,81 mill. kroner gjennom denne ordninga. Forklaringa på dette er at vi i fjor drog inn fleire store saker der prosjekta ikkje vart gjennomførte og vi fekk dermed meir midlar til rådvelde for nye saker.

Fylkeskommunen har frå 2010 eit særskilt oppdrag på kompetanse og, rekruttering og likestilling. Fylkeskommune og fylkesmann drøftar samarbeid og oppgåvedeling, slik at vi kan få ei felles strategisk tilnærming til oppgåveløysinga.

### **Om andre satsingar**

Arbeidet med Inn på tunet har kome inn i eit godt spor, der Landbruksavdelinga samarbeider med Helse- sosial, og utdanningsavdeinga, samt fylkeskommunen. Vi arbeider for å integrere IPT satsinga i det generelle arbeidet opp mot samhandlingsreforma. Vi har særleg oppmerksomheit mot demens og mot utdanningsområdet.

Vi omorganiserar satsinga mot lokalmat. Etter 6 år med prosjekt gjennom bondelag og landbruk nordvest, satsar vi no på å utvikle samarbeidet med andre aktørar på regionalt nivå. Matnavet på Mære ha ansvaret for den matfaglege rettleiinga, medan hoppid.no-kontora skal ta seg av den bedriftsretta og strategiske satsinga. Fylkesmannen skal legge meir vekt enn før på organisering, tilrettelegging og miljøarbeid mot mataktørane.

Dei siste åra har kursen blitt justert, i retning av tyngre satsingar mot prioriterte område. Strategirådgeving mot mjølkeprodusentar, Bygdemobilisering, matsatsing og Inn på tunet er eksempel på slike satsingar. Vi står no i startfasen av satsing på å etablere elitegrupper for å gi forproduksjonen eit kvalitativt løft. Vi samarbeidar også med bondelaget om å få opp ei målretta og intensivert satsing på generasjonsskifteproblematikk. Vi vil ha større oppmerksomheit rundt gardsbruket som levedyktig bedrift, uavhengig av kven som blir framtidig gardbrukar.

Landbruket i Møre og Romsdal vil også i framtida vere dominert av storfeproduksjonane. Arbeidsmarknaden i fylket er god, og framtidsutsiktene må også sieast å vere gode. Landbruket gir frå seg arbeidskraft til anna næringsliv. Dette er særleg synleg og utfordrande i periodar rundt generasjonsskifte. Det ligg også i korta at for mange er inntekter på utsida av bruket meir fristande enn å investere for å få ny produksjon som tillegg til tradisjonell drift.

## **Resultatområde 22 Klima- og miljøtiltak i landbruket**

## 22.3 Miljøprogram og miljøplan

I 2011 har fylkesmannen deltatt i Gårdsgass Midt-Norge (nettverk for biogass), og vi har også jobba opp kommunane om landbruket si rolle i klimaspørsmål. Fylkesmannen har samarbeid med Bioforsk økologisk om hydroteknikk, utslepp av lystgass, og om å etablere kompetanse i rådgjevingsapparatet rundt grøfting og kanalisering.

Vi har også samarbeid med Landbruk Nordvest og Bioforsk Vest for å fram fakta og finne strategiar rundt handtering av husdyrgjødsel. Feildimensjonerte kjellarar, og manglande logistikk rundt handtering av husdyrgjødsel er høgst sannsynleg underliggande årsak til dei største miljøproblema landbruket står overfor.

Forvaltninga av miljøvirkemiddela har i all hovedsak følgt samme opplegget som i 2010. Det er fleire sider ved vår innretning av RMP som ikkje er optimal, men i påvente av nye føringar har vi valgt å ikkje gjere større endringar i denne programperioden. Forvaltninga av ordningane har kome inn i eit godt spor. Rutinene er innarbeidde, bøndene kjenner ordningane og prosessen har stort sett gått utan spesielle problem. Vi har lagt vekt på at kommunane skal sjå SMIL og RMP i samanheng, og at dette blir nedfelt i lokale strategiar.

Etterspørselen etter SMIL midlar er stor, og rammene svært knappe. Med mange kommuner (36) og små rammer, kan prosessen lokalt bli vanskeleg. Midlane er for små til at det kan satsast på større saker (f.eks bygningar), og ramma er ofte for lita til at det utløyser politisk trykk og oppmerksomheit.

Møre og Romsdal har vore deltakar i seterprosjektet, og vi forvaltar midlar over jordbruksavtalen til forvaltning av kulturlandskapet i verdsarvområdet. Vi prøvar å sette desse satsingane inn i ein større samanheng, der koblinga mellom natur, kultur, miljø, mat og reiseliv blir viktig.

Møre og Romsdal fekk tildelt kr. 6.700.000 til SMIL ordninga i 2011. I tillegg kjem litt midlar overførte frå 2010 og ein del inndregne midlar gjennom 2011 som er løyvd på nytt.

Forskrift 500 SMILordninga: 256 løyvde saker, tilsagn kr.7.111.976

Forskrift 034 Investeringstilskot i jordbruket: 31 løyvde saker, tilsagn kr 1.319.076

Forskrift 207 hjemmel 02 Miljø og kulturlandskapsmidlar: 2 løyvde saker, tilsagn kr 77.790

Samla løyving for desse tre ordningane er kr. 8.508.842

Talet på klagesaker er svært lågt. Arbeid med å få avslutta gamle saker vert prioritert høgt i 2012.

Gjennom regelverket for Regionalt Miljøprogram, ved oppfølging gjennom forvaltningskontrollen og føretakskontrollar har miljøplana fått stor merksemd. Miljøplan trinn 2 er eit vilkår for 3 ordningar gjennom RMP, skjøtsel av automatisk freda kulturminne, skjøtsel av kystlynghei ved beiting og skjøtsel av artsrike slåttenger og naturbeitemarker.

I samband med kontroll av tiltaka skjøtsel av artsrike slåttenger og naturbeitemarker vart det avdekt at tiltaka er vanskelege å forvalte, m.a. fordi registreringane i Naturbase ikkje kan kontrollerast maskinelt og fordi ikkje alle naturtypepane er eintydige.

**Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2011 etter søknadsomgang 2010 - kroner utbetalt til hovedområder**

Embeter	Kulturlandskap	Avrenning til vassdrag	Kulturmiljøer og kulturminner	Tilgjengelighet - friluftsliv	Biologisk mangfold	Plantevernmiddel	Avfall	Andre miljøtiltak
FMMR	13369270	1371950	2300973	0	821400		0	0
<b>Sum</b>	<b>13369270</b>	<b>1371950</b>	<b>2300973</b>	<b>0</b>	<b>821400</b>	<b>0</b>		

## 22.4 Økologisk landbruk

Fylkesmannen har leia arbeidet med å lage ny handlingsplan for økologisk landbruk (2012-2015). Planen er integrert i næringsstrategien og skal ligge til grunn for prioritering av tiltak i perioden. Satsingsområda våre har vore grovfôrbasert husdyrhald, skulehagar og no i perioden som kjem også økologisk mat i storhushaldning.

Fram til i dag har utviklinga av økologisk areal gått sakte i Møre og Romsdal. Tal frå Debio viser at vi i 2010 er oppe i 4,2% økologisk areal, noko under landssnittet. I Møre og Romsdal har vi hatt ei god utvikling av økologisk saueproduksjon, i dag er omlag 8% av sauene økologisk. Dette er noko vi satse vidare på, vi har gode føresetnadar for å få fleire sauebruk til å legge om.

Det er krevjande å arbeide opp mot storfeproduksjonane, og når vi ikkje kan garantere avsetnad av produkta til rekningsvarande prisar blir vår legitimitet som rådgjevar utfordra. Tine tapar på mjølka og produsentlaga meiner det er urett at konvensjonelle produsentar skal vere med å støtte meirprisen til økobøndene då Tine tapar på økomjølksatsinga si. Samtidig er Tine ikkje villig til å arbeide direkte for å få fleire til å legge om drifta til økologisk. Tine tilbyr pr dato ikkje meirpris til nye økoprodusentar, samtidig som Nortura er restriktiv med å skrive kontrakt på meirpris til nye produsentar. Som konklusjon av dette har vi – i alle fall midlertidig – flytta hovedvekta av vår innsats mot lokal slakting, og på å utvikle omsetjingskanalen [www.matnorge.no](http://www.matnorge.no). Vi har lukkast å få økologisk mat inn på Molde Jazzfestival. Dette har tatt seg opp i 2011, og vi vonar vi også kan få til det same under den norske Matfestivalen i Ålesund.

Vi satsar spesielt på økologiske skulehagar. Sidan 2008 har 43 økologiske skulehagar fått støtte til oppstart. Dette er ein unik måte å gjere barn og unge kjent med dei biologiske prosessane i naturen, og økologi står i fokus. Bioforsk Økologisk står sentralt i arbeidet. Bioforsk får støtte til å utvikle undervisningsmaterieil, nettsider, og til å følgje opp skulane med faglege råd.

Det siste satsingsområde er økologisk mat i storhushaldning. Økoløft kommunane har gjort ein god innsats som må følgjast opp. Som eksempel på dette kan nemnast Tingvoll sjukeheim som er oppe i 39% økologisk mat. Bioforsk Økologisk er ein viktig samarbeidspart som vil vere med å overføre erfaringane til andre institusjonar som ønskjer dette. Vi har allereie brukt handlingsplanmidlar til å sende folk på kurs om økologisk mat i storkjøkken. Dette vil vi stase vidare på.

Tiltak som har fått støtte i 2011:

Skulehagesatsing - 13 skular/barnehagar har fått støtte til å etablere skulehage, midlane skal også gå til kurs i etablering av skulehage i samarbeid med Inn på Tunet satsinga.

Kompetanseheving for økologiske produsentar - Landbruk Nordvest har fått midlar til å ha seminar, fagopplegg, kurs og ekstra oppfølging av pilotbruk på økologisk produksjon.

Oikos Midt-Norge har fått midlar til å arrangere Økologisk gardsmarknad på Derinngarden i Eide, vellukka arrangement med 50-70 deltakarar.

Vi har også gitt støtte til to deltakarar på studietur til Danmark i ledd for kursing av kjøkkensjefar på bruk av økologisk mat. Bioforsk Økologisk står sentralt i utvikling av materieil til skulehagesatsinga, oppfølging av skular, veiledning og etableringshjelp, kurs og utvikling av internettsider. Dei har fått midlar til å følgje opp dette arbeidet også i året som kjem.

## 22.5 Tre og miljø

**Bioenergi:** I 2011 har det blitt opna eit fjernvarmeanlegg i Ørsta kommune med ein planlagt årsproduksjon på omlag 8 GWh, anlegget vil nytte skogsflis som brensel. Andre varmeanlegg som nyttar flis som brensel er eit punktanlegg i Vanylven kommune, eit fjernvarmeanlegg og eit nærvarmeanlegg i Molde kommune, to punktanlegg i Nesset kommune og eit punktanlegg i Tingvoll kommune. Dette gir eit samla brenselbehov til produksjon av skogsflis på omlag 10.000 fm3 årleg. I tillegg kjem flisfyringsanlegg til industri og gardsvarmeanlegg. I Surnadal kommune er det eit fjernvarmeanlegg som nyttar brikettar som brensel og det er i tillegg nokre mindre anlegg som nyttar pellets som brensel. Det er i dag ingen bondevarmeanlegg i fylket. Hausten 2012 vil eit fjernvarmeanlegg i Tingvoll kommune med ein planlagt årsproduksjon på omlag 2,6 GWh bli opna. I Tingvoll er det opna eit kompetansesenter for sol og bioenergi, i tilknytning til dette og Bioforsk er fylket sitt første biogassanlegg som nyttar husdyrgjødsel opna.

Utfordringane for bioenergimarknaden er utfordrande økonomi, sterk konkurranse frå andre energibærarar, manglande infrastruktur for vassboren varme og kompetanse. Flismarknaden er mangelfull, dette gjer at eigarane av varmeanlegg må kjøpe flis frå andre fylke for å vere sikra rett kvalitet til rett tid. Årsaken til dette er utfordrande økonomi, mindre aktørar som opererer på marknaden og anlegg som krev høg kvalitet på brenselet (fukt og finstoff). Det eksisterar i dag ingen anlegg som kan ta i mot skogsflis som er laga av GROT.

Biowood Norway opna i 2010 ein pelletsfabrikk i Averøy kommune. I 2011 har produksjonen vore låg pga tilpasningar av produksjonsutstyret, men bedrifta planlegg og vere i full drift i løpet av 2012.

**Biostigen:** Gjennom prosjektet har det i samarbeid med næringa og Skog og Landskap blitt gjennomført forsøksdrifter på bunting av heiltrevirke og GROT, lauvskogdrifter, utnytting av GROT frå taubane og lagringsforsøk. Det har i tillegg blitt gjennomført fagtur til Østersund og fleire fagdagar knytt til dei ulike forsøka. Prosjektet er vellykka og bidrar til oppretting av meir effektive og lønnsame verdikjeder for produksjon av skogsflis. Prosjektet blir avslutta sommaren 2012.



**Tre som byggemateriell:** Gjennom det nasjonale prosjektet "Trefjøs" i regi av Trebasert Innovasjonsprogram er ei driftsbygning under bygging i Rindal med planlagt opning vinteren 2012. Byggemetoden er "slepplatt" og leveransen blir gjennomført av lokale leverandører.

Fylkesmannen har tatt initiativ til å rigge prosjektet "Tredrivaren i Møre og Romsdal". Innovasjon Norge, fylkeskommunen, Møre og Romsdal skognæringsforum, Møre og Romsdal arkitektforening og Trefokus er invitert til å delta. Utkast til prosjektplan er utarbeida og prosjektet har følgjande effektmål:

1. Bidra til oppretting av berekraftig byggeri
2. Bidra til auka kompetanse om bruk av tre som byggemateriell for både planleggarar, utbyggarar, entreprenørar og treindustrien
3. Bidra til auka innovasjon og verdiskaping hos trebasert industri

Utfordringane med å få rigga prosjektet har vore liten interesse frå fylkeskommunen og usikkerheit rundt tre som byggemateriell og størrelsen på eksisterande treindustri. Målet er at eit 3-årig prosjektet blir oppretta i løpet av 1. halvdel 2012.

**Skog og klima:** Fokus har vore bioenergi og tre som byggemateriell. I tillegg er fylkesmannen ein aktiv høringsinstans for kommunale Energi og klimaplaner.

## **Resultatområde 23 Eiendoms- og bosettingspolitikk**

### **Saker etter jordlova, konsesjonslova og odelslova**

#### **A) Klagesaker for Fylkesmannen i 2011 – jordlov og konsesjonslov**

Ved utgangen av 2011 behandla Fylkesmannen totalt 20 klagesaker, kor 11 saker gjaldt frådeling etter jordlova § 12, 1 sak gjaldt omdisponering etter jordlova § 9, 1 sak gjaldt fritak frå driveplikt etter jordlova § 8a og 7 saker gjaldt konsesjon. I tillegg behandla Fylkesmannen 5 saker som førsteinstans.

Få klagesaker i høve til omdisponering av dyrka og dyrkbar jord kan tyde på at talla for omdisponert areal er høgt for Møre og Romsdal også i 2011. I 2010 blei 201 dekar jord omdisponert etter jordlova.

Når det gjeld konsesjon har vi handsama to saker som aleine gjaldt spørsmål om eigedom kan reknast som bebygd, jf. konsesjonsloven § 5 andre ledd. Med andre ord om eit konsesjonsfritt erverv innebar lovbestemt buplikt eller ikkje. Både Fylkesmannen og dei aktuelle kommunane fant det problematisk å vurdere om de aktuelle eigedomane var ubrukeleg på grunn av alder eller forfall. Unntak frå lovbestemt buplikt ved erverv av eigedom som er ubrukeleg på grunn av alder eller forfall kan føre til at enkelte bevisst lar eigedom forfalle for å sleppe buplikta.

#### **B) Overprøving av kommunale vedtak utan klage i 2011 - forvaltningslova § 35 tredje ledd**

Fylkesmannen omgjorde kommunen sitt vedtak til ugunst for privat part i 1 sak etter jordlova § 9. Dette trass i at vi meldte om overprøving i 3 saker. Vi ser difor at melding om overprøving av vedtak helst ikkje bør sendast ut før etter ei grundig vurdering av om vedtaket bør omgjerast. Melding om overprøving av vedtak kor Fylkesmannen ikkje omgjer vedtaket fører til ei unødig forlenging av saka. Vi er av den oppfatning av det bør vere ein viss terskel for å omgjere eit kommunalt vedtak til ugunst for privat part. Det er ei utfordring å vite kor grensa skal gå.

Til nå har vi ikkje hatt behov for å nytte kontrollhjemmelen i jordlova § 3.

#### **C) Odelsfrigjøringsaker i 2011 – odelslova**

Fylkesmannen behandla 1 sak om odelsfrigjøring etter odelslova § 31, kor det blei fatta vedtak om å ikkje odelsfrigjøre eigedomen. Vedtaket er påklaga til Statens landbruksforvaltning.

## **Resultatområde 24 Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll**

Rådgeving mot kommunane var ei sentral oppgåve også i 2011, med kurs, samlingar og dagleg rådgeving i tilskotsamanheng. I produksjonstilskot og RMP har kommunane blitt fulgt opp med tanke på å overhalde tidsfristar, og FMLA har gjennomført sine arbeidsoppgåver/saksbehandling innan gjeldande fristar.

Fylkesmannen ser enkelte tendensar til at kommunale saksbehandlarane i landbruksforvaltninga har mindre tid til landbruksoppgåver pga innstrammingar og tilføring av andre oppgåver. Vi har derfor hatt særleg fokus på kvalitet i t.d. vedtak om utbetaling av tilskot etter klage, til dagleg kalla manuelle utbetalningar. Enkelte gonger har kommunen fått råd om å korrigere vedtak vi har oppdaga feil i. Ein slik framgangsmåte er smidigare enn om fylkesmannen skulle overprøve vedtaket, og vi meiner det gir betre læringseffekt.

På kommunesamlingane vart det fokusert på auke i kontrollaktiviteten for både fylkes- og kommunenivå, og hovudinnhaldet i risikovurdering vart gjennomgått på nytt. 2011 var første året alle stikkprøver vart uttrekt av kommunane. I april 2011 vart det gjennomført eit kurs over 1 dag i risikovurdering for kommunane, i samarbeid med SLF. Kurset hadde som målsetting å sette fokus på risikoområde i regelverket og dyktiggjere kommunane i objektiv tilnerming til uttrekk av kontrollobjekt og meir effektiv kontroll. Kommunane trekte i sommaromgangen for første gong ut alle stikkprøvene sjølve, og brukte då risikovurdering som grunnlag. Det vart fokusert på særskilde ordningar eller punkt i regelverket, t.d. vanleg jordbruksproduksjon på bruk med ekstensiv drift, driftsfellesskap, osv. Kommunane kontrollerte i sommaromgangen 2011 i gjennomsnitt 5,7 % av føretaka. Vi skulle ønskje talet var noko høgare, og har oppmoda kommunane om å trekkje ut føretak ut over dei pålagde 5 %.

Ikkje alle er like nøgde med at kommunen skal trekkje ut føretaka til kontroll. I nokre kommunar kan det vere ei utfordring, t.d. ved små forhold eller at jordbrukssjefen eller andre i landbruksforvaltninga sjølve driv gard.

Det vart utarbeidd kontrollplan innan fristen som var sett, og alle planlagde forvaltningskontrollane vart utførte. I 13 kommunar kontrollert i produksjonstilskot, RMP og avløyning ved sjukdom m.m.

I 5 kommunar kontrollert i SMIL

I 2 kommunar kontrollert i NMSK

Det vart avdekt 8 avvik og 22 merknader avdekt i sluttrapport

Nokre av dei planlagde føretakskontrollane vart utsett, fordi det vart gjort ei omprioritering i løpet av året.

Innmarksbeite, driftsfellesskap, miljøplan og husdyrkonsesjon har vore sentrale tema. I RMP var planen å kontrollere skjøtsel av kulturminne på innmark og skjøtsel av artsrike slåttenger og naturbeitemarker. Etter besøk på 3 føretak med artsrike slåttenger og naturbeitemarker, vart kontrollen omprioritert til å gjelde alle som hadde søkt om tilskot til desse to tiltaka. Dette vart så ressurskrevjande, at nokre føretakskontrollar i produksjonstilskot måtte avlysast.

Kontrollarbeidet set nye og heilt andre krav til kompetanse i landbruksforvaltninga. Det er ofte nødvendig å undersøkje rekneskap. Kompetanse innan rekneskapsanalyse og bokettersyn med tanke på å avdekke samarbeid som er i strid med forskrifter om tilskot stiller krav til saksbehandlarar, som ikkje er dekka gjennom vanleg utdanning.

Fleire av reglane i forskriftene om tilskot føreset utstrekt bruk av konkrete heilskaplege skjønnsvurderingar på område der det er liten eller ingen forvaltningspraksis og mangel på retningslinjer.

I sum gjer desse utfordringane kontrollarbeidet svært ressurskrevjande. Mangel på forvaltningspraksis kan lett føre til at saker blir brakt inn for domstolane.

**Gardskartprosessen** er i ferd med å bli fullført i fylket vårt. Dei siste 7 kommunane har frist til å levere korrigererte data til Skog og Landskap i 2012 og 2013, og fleire kommunar har allereie levert kontinuerleg ajourhold. Også i 2011 hadde vi kurs for kommunane. På feltkurs fekk aktuelle kommunar øving i å klassifisere grensetilfelle, med særleg vekt på innmarksbeite i overgangen mot myrterreng, tresett beite og attgroing.

**Landbruksvikarordninga** er enno ei ganske ny ordning for avløyarlaga, og dette krev særleg oppfølging av søknader og rapportering. Alle kommunane er dekka av ordninga. Foreløpige tal for 2011 viser at 248 føretak har fått sjukdomsavløyning i 3782 dagar og anna avløyning i 1543 dagar. Det er 160 vikarar i alt sysselsett i dei 19,5 årsverka fylket vårt har. 16 er faste og 140 har beredskapsavtale. Dette viser at det er vanskeleg å få ei god rekruttering til vikartenesta. Mange deltidsstillingar gir god fleksibilitet, men kan vere ustabil arbeidskraft. Deler av fylket rapporterer om for lite tilgang på landbruksvikar.

Det er behov for å fokusere på rekruttering av gode vikarar. Husdyrbruket har i aukande grad blitt meir teknologisk avansert, slik at det krevst meir opplæring, for å kunne bruke avansert og kostbart teknisk utstyr. Det

er ikkje lenger nok å vere ein god agronom for å fungere som avløyssar. Fylkesmannen har gitt Landbruk Nordvest i oppdrag å gjennomføre eit prosjekt/studie for å foreslå tiltak for å rekruttere nok kompetente avløyssarar for å handtere krisesituasjonar.

**Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2011 - antall**

**Klagebehandling**

Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler		Andre tilskuddsordninger	
Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått
1	2	1	1	0	1

**Dispensasjonssøknader**

Produksjonstilskudd			Miljøvirkemidler			Andre tilskuddsordninger		
Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått
29	0	4	4	0	2	28	0	1

**Fylkesmannens kontroll av landbruksvirksomheten i 2011**

**1. Hvor mye ressurser er avsatt til kontroll?**

Årsverk: 0,6

Antall personer: 6

**2. Gjennomførte kontroller av kommunenes landbruksforvaltning(forvaltningskontroller)**

Kommune:	<b>Halsa kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot, Regionalt Miljøprogram, Avløyssing ved sjukdom m.m., SMIL
Registrerte avvik:	Avl sjukd. 1
Oppfølging av avvik:	Pålegg om å endre praksis for framtida.

Kommune:	<b>Haram kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot, Regionalt Miljøprogram, Avløyssing ved sjukdom m.m., SMIL
Registrerte avvik:	PT, 0, Avlsjukd, 2, SMIL, 1
Oppfølging av avvik:	Pålegg om å gå gjennom og ev korrigere vedtak, og endre praksis for framtida

Kommune:	<b>Rindal kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot, Regionalt Miljøprogram, Avløyssing ved sjukdom m.m., NMSK
Registrerte avvik:	Ingen
Oppfølging av avvik:	

Kommune:	<b>Vanylven kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot, Regionalt Miljøprogram, Avløyssing ved sjukdom m.m.
Registrerte avvik:	Ingen
Oppfølging av avvik:	

Kommune:	<b>Volda kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot, Regionalt Miljøprogram, SMIL, Avløyssing ved sjukdom m.m.
Registrerte avvik:	Ingen
Oppfølging av avvik:	

Kommune:	<b>Ørskog kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot, Regionalt Miljøprogram, Avløysing ved sjukdom m.m. Felles kontor for Ålesund, Ørskog, Stordal, Skodje og Sula
Registrerte avvik:	PT, 5,
Oppfølging av avvik:	Pålegg om å endre praksis for framtida

**3. Gjennomførte foretakskontroller. Foretakene kan anonymiseres ved A, B, C etc.**

Foretak:	<b>Norddal, A</b>
Orninger/omfang:	Innmarksbeite
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Stedlig
Registrerte avvik:	Skogareal var klassifisert som innmarksbeite
Oppfølging av avvik:	Pålegg til kommunen om å klassifisere om areala og oppdatere kartet

Foretak:	<b>Norddal B</b>
Orninger/omfang:	Innmarksbeite
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Stedlig
Registrerte avvik:	Skogareal var klassifisert som innmarksbeite
Oppfølging av avvik:	Pålegg til kommunen om å klassifisere om areala og oppdatere kartet

Foretak:	<b>Norddal C</b>
Orninger/omfang:	Innmarksbeite
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Stedlig
Registrerte avvik:	Ingen
Oppfølging av avvik:	

Foretak:	<b>Norddal D</b>
Orninger/omfang:	RMP, Artsrike slåttenger og naturbeitemarker
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Stedlig
Registrerte avvik:	Ingen miljøplan trinn 2, ingen areal av slåtteng eller naturbeitemark registrert i naturbase
Oppfølging av avvik:	Vil vurdere omgjering av vedtak

Foretak:	<b>Stranda E</b>
Orninger/omfang:	RMP,, Artsrike slåttenger og naturbeitemarker
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Stedlig
Registrerte avvik:	Nesten ingen areal av slåtteng eller naturbeitemark registrert i naturbase. Muleg samanblanding av ulike regelverk.
Oppfølging av avvik:	Vil vurdere omgjering av vedtak

Foretak:	<b>Stranda F</b>
----------	------------------

Orninger/omfang:	RMP, Artsrike slåttenger og naturbeitemarker
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Stedlig
Registrerte avvik:	Lite areal av slåtteng eller naturbeitemark registrert i naturbase. Muleg samanblanding av ulike regelverk.
Oppfølging av avvik:	Vil vurdere omgjering av vedtak

Foretak:	<b>MR - 36 føretak</b>
Orninger/omfang:	RMP, Artsrike slåttenger og naturbeitemarker
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Dokumentkontroll
Registrerte avvik:	Fleire mindre avvik og delvis ikkje eintydige registreringar i Naturbase.
Oppfølging av avvik:	Behov for vurdering av heile ordninga. Vanskelig å forvalte forsvarleg.

Foretak:	<b>Vanylven 5 eggprodusentar</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot, felles økonomiske interesser, Konesjonsregelverket.
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Dokumentkontroll og stedlig intervju
Registrerte avvik:	Ingen
Oppfølging av avvik:	

Foretak:	<b>Volda - 3 føretak</b>
Orninger/omfang:	PT, innmarksbeite
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Stedlig
Registrerte avvik:	Enkelte justeringar av arealklassa
Oppfølging av avvik:	Pålegg til kommunen om å justere kartet, klassifisere om areal

Foretak:	<b>Gjemnes, 3 føretak</b>
Orninger/omfang:	PT, Innmarksbeite
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Stedlig
Registrerte avvik:	Enkelte justeringar av arealklassa
Oppfølging av avvik:	Pålegg til kommunen om å justere kartet, klassifisere om areal.

#### 4. Andre kommentarer/ innspill:

## Resultatområde 25 Kommunene som landbrukspolitisk aktør

FMLA har eit godt samarbeid med kommunane over heile det landbrukspolitiske ansvarsområdet.

Leiinga ved landbruksavdelinga har gjennom 2011 hatt dialogmøter med politisk og administrativ leiing i fire kommunar. Møte blir brukt til gjensidig utveksling av krav og forventningar, og til å informere kvarandre om aktuelle saker på landbruksområdet. Det er naturleg at spørsmål om internorganisering og oppgåveløysing i kvar kommune får særleg merksemd. Denne aktiviteten er ressurskrevjande, og kan i nokre samanhengar konkurrere

direkte med andre treffpunkt mellom Fylkesmann og kommuneleiing. Sjølv om erfaringane isolert sett er gode, vil opplegget ikkje bli ført vidare i si noverande form.

Av andre møter som i hovudsak er retta mot kommunetilsette kan nemnast

- BU samling i februar. Dette blir gjort i samarbeid med Innovasjon Norge, og tar opp dagsaktuelle spørsmål rundt næringsutvikling. Vi utviklar samarbeidet med Hoppid.
- Fleire skogdagar for kommunane og skogeigarar
- Tilskotsordningane – samling i august. Særleg vekt på produksjonstilskot.
- Nye sakshandsamarar i kommunane får opplæring i tilskotsforvaltning.
- Kurs i gardskart
- Landbrukspolitisk konferanse i mars (Molde) – i samarbeid med Møre og Romsdal bondelag
- Landbrukskonferanse (Geiranger) retta mot kommunane, samvirke, mattilsynet og rådgjevingsapparatet.
- Konferanse om rovvilt og tap – Åndalsnes

Frå dag til dag støttar FMLA forvaltninga i kommunane gjennom rundskriv, møter, telefonstøtte, epost og fagnettet. Dialogen er god, og kommunane setter særleg stor pris på råd og støtte i spørsmål rundt tilskotsforvaltninga.

### **Kommuneretta arbeid, arbeid med rovviltforvaltning og rammedirektivet for vatn – midlar over kapittel 1144 post 77.**

Møre og Romsdal har disponert 145.000 kr over kapittel 1144 post 77 regionale og lokale tiltak i landbruket til kommuneretta arbeid. Tildelinga er svært viktig for styrking av vår innsats innanfor miljø- og ressursforvaltninga på landbruksområdet, og er viktig for å styrke vår oppfølging av det kommuneretta arbeidet. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2011 brukt 144.449 kr på denne posten.

Størsteparten av midlane er nytta til direkte kommuneretta arbeid. Kvart år vert det arrangert ein større konferanse der landbruksforvaltninga i kommunane, rådgivingstenesta og landbruksorganisasjonane i fylket er hovedmålgruppe. Vidare vert midlane nytta til samlingane vi arrangerer i tilknytning til søknad om produksjonstilskot i august, der hovedtema er produksjonstilskot, men der ein også tek med dagsaktuelle fagtema. I år deltok mattilsynet saman med oss med faglige innlegg. Vidare har midlane vore nytta til å arrangerer kurs for opplæring av nye tilsette i kommunal landbruksforvaltning, og fagkurs om gardskart.

På rovviltområdet har midlane i stor grad vore nytta til reisekostnader for deltaking på lokale og regionale møter om rovviltforvaltning, synfaringar og kompetansehevande tiltak. Vidare er noko av midlane nytta til arrangementkostnader der vi inviterar beitebrukarar til fagmøte.

Vi har i liten grad delteke aktivt i arbeidet med oppfølging av rammedirektivet for vatn, og har følgjeleg heller ingen direkte kostnader på kapittel 1144 post 77 til dette formålet.

## **Resultatområde 26 Jordvern, kulturlandskap og samfunnsplanlegging**

### **26.1 Jordvern og kulturlandskap**

#### **Jordvern**

I følge tal frå SSB har Møre og Romsdal i 2010 hatt ein markert nedgang av omdisponert dyrka og dyrkbar jord, samanlikna med tidlegare år. I 2010 vart 854 daa dyrka og dyrkbar jord omdisponert etter jordloven og pbl. Dette er ein nedgang samanlikna med tidlegare år, og særleg sett i høve til 2009-tala, som var spesielt høge. Ved å splitte opp tala for dyrkbar og dyrka jord, ser ein at det vart omdisponert 604 daa dyrka jord og berre 250 daa dyrkbar jord. Sett i høve til tidlegare år, ligg tal omdisponert dyrka jord om lag på nivå med tal frå 2005 - 2008, medan det er ein sterk nedgang i omdisponert dyrkbar jord. Vi kan derfor ikkje seie oss nøgd med tal omdisponert dyrka jord i 2010.

Fylkesmannen har i 2011 fremma 6 motsegn og 32 merknader i samanheng med reguleringsplaner. Det er fremma 1 motsegn og 10 merknader i kommuneplansamanheng. Vidare har vi i klaga på 2 vedtak der kommunen har gitt dispensasjon frå kommuneplan.

Dialog i ein tidleg fase i reguleringsplanarbeidet kan påvirke tal motsegner. Landbruksavdelinga må likevel ta inn over seg at det kan vere ein samanheng mellom eit høgt tal av omdisponert dyrka jord og det relativt låge talet motsegner og klager. Vår verdisetting av dyrka jord påvirker statistikken direkte, men legg òg føringar på kommunane si verdisetting av dyrka jord både i dispensasjonshandsaming, i reguleringsprosessar og ved utarbeiding av kommuneplaner. I dei færraste kommunane i Møre og Romsdal er landbruket hovudnæring, og det er ei kjent utfordring at den beste dyrkajorda ligg der tettstadane vil utvikle seg vidare med bustadbygging, næringsverksemd og vegbygging.

Vi har ganske mange grunneigarar i fylket som ikkje lenger vernar om dyrkajorda som matproduserande areal, men som heller fremmar eigeidomen som bustadområde eller industriområde. Dette kjem av at dei ikkje lenger er gardbrukarar sjølv, og leiger bort dyrkajorda til ein låg pris eller gratis. Politikarane legg ofte stor vekt på kva grunneigar ønskjer, sjølv om resultatet går i jordvernet sin disfavor.

2011 har vore prega av mannskapsmangel og skifte av mannskap, og dette er årsaka til at det ikkje har vore arrangert kurs og anna opplæring mot kommunane. Vi vil i første del av mars 2012 ha 3 dagar med opplæring av nye folkevalde i kommunane. Vi er òg i gang med å skaffe oversikt over kva kommunar som har utarbeidd kjerneområde for landbruk, og kor vidt dei allereie er kartfesta. Vi meiner at ei slik konkretisering av dei viktigaste landbruksareala både kan gjere forvaltninga sitt arbeid meir forutsigbart, samt styrke jordvernet i desse områda. Jordvernstrategien som vart vedteken i 2007 vil bli revidert i løpet av 2012, i samband med arbeidet med landbruksmelding for Møre og Romsdal.

### **Utvalde kulturlandskap: Fjellgardane og seterdalane i Øvre Sunndal**

I 2011 fekk området i Øvre Sunndal tildelt kr. 950.000 til skjøtsel, drift, vedlikehald, restaurering, investering formidling m.v. (Forskrift 630 hjemmel 02) Kort oppsummert vart midlane nytta slik: Skjøtsel av areal: kr. 265.831, bidrag til dyr på utmarksbeite kr 171.600, restaurering av bygningar kr 442.569 og skilting og åpningsmarkering (2012) kr 70.000. Det er 6 aktive brukarar som driv alle dei 21 bruka i området. Skjøtsel av dyrkaareal og innmarksbeite utgjer dette året 812 da. Av dette er ca 92 da naturbasefigurar (slåtteenger og naturbeitemark). Utanom dei 6 aktive brukarane i området er det 10 som har driftssenter utanfor, men som har beitedyr inne i området. I 2011 har det vore ein liten auke i antal dyr på utmarksbeite, men ein mjølkeprodusent har slutta med mjølkeproduksjon og gått over til ammekyr. Det er gjennomført setring og kurs på Gammelsetra i Grøvdalen. Dei ekstra skjøtelsbidraga gjennom denne ordninga er svært viktige for å oppretthalde drift på bruka i området.

### **Verdensarvområdet Vestnorsk fjordlandskap - Geirangerfjorden**

Verdensarvområdet fekk i 2011 tildelt kr 1.225.000 gjennom SLF og kr 1.000.000 frå DN, til saman kr 2.225.000 (Forskrift 485).

Kort oppsummert vart midlane nytta slik: Arealbidrag kr 832.152, beitebidrag 1067.500 og kr. 102.608 til andre tiltak som gjerding, gamle frukttresortar, kurs i frukttreskjering og inspirasjonstur. Det er inngått 67 hovudavtalar om skjøtsel av areal og/eller hald av dyr på utmarksbeite. Nokre avtalar gjeld gjerde- og ryddeprosjekt. Fylkesmannen har god kontakt med brukarane i området og det er godt samarbeid med kommunane Norddal og Stranda. Antal dyr på utmarksbeite har hatt ein liten tilbakegang dette året. Det vert ei utfordring å oppretthalde eit høveleg dyretal og beitetrykk i området.

Det vil vere svært viktig med gode investeringsordningar til driftsapparatet. Vanskane med rekruttering innan landbruket er minst like stort i verdensarvområdet som mange andre stader. Verdensarvmidlane er viktige for å oppretthalde drifta på bruka. Hausten 2011 var det arrangert ein vellukka "inspirasjonstur" til sørområdet Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjorden.

Vi arbeider for å koble satsinga på kulturlandskapet i verdensarvområdet og spesielt utvalde kulturlandskap tettare opp mot innsatsen på reiseliv og kultur. Vi satsar sterkt på å skjøtte desse perlene, men alt for lite blir gjort for å eksponere verdiane på utsida av landbruksnæringa. Dette er endå tydelegare på spesielt utvalde kulturlandskap enn for verdensarvområdet.

## **26.2 Samfunnsplanlegging**

Vi viser til pkt 26.1 der tal omdisponert dyrka og dyrkbar jord i 2011 er sett i høve til tidlegare år. Fylkesmannen si landbruksavdeling har bidratt til at landbrukets sine interesser har blitt tatt omsyn til i plansaker i fylket. Gjennom dialog, merknader og fråsegner har vi gitt signal til kommunane både ved kommuneplanarbeid,

reguleringsplaner og ved behandling av dispensasjonar.

Landbruk har vore delaktige og engasjerte i høve til kurs iht Naturmangfaldsloven, og andre særlover. Det har vore dialog mellom Miljøavdelinga og Allskog i arbeidet med å rydde uønska leplanting i verneområder i ytre strøk av fylket.

Fylkesmannen har i 2011 fremma 6 motsegn og 32 merknader i samanheng med reguleringsplaner. Det er fremma 1 motsegn og 10 merknader i kommuneplansamanheng. Vidare har vi i klaga på 2 vedtak der kommunen har gitt dispensasjon frå kommuneplan (jf. 26.1).

**Geovekst.** Data frå Geovekst og Norge digitalt vert nytta i ordinær sakshandsaming gjennom innsynsløysingar som Gislink osv. Både beredskapsavdelinga, miljøvernavdelinga og landbruksavdelinga nyttar data til analysearbeid innanfor sine embetsoppdrag. Landbruksavdelinga nyttar mellom anna data i sitt arbeid med utarbeiding av hovudplan for skogsbilvegar i fylket. Vi har i tillegg starta opp arbeidet med å visualisere nedbygging av dyrkamark i fylket.

For 2012 vil vi auke fokus på Kjerneområde landbruk, og at desse utvalde områda i kommunen kan og bør visualiserast for alle partane i arealforvaltninga i regionen. Vi har fått positive tilbakemeldingar om at Gislink kan hente opp temakartet kjerneområde landbruk frå dei kommunane som har dette digitalt allereie i dag.

## Ressursrapportering

I tabelldata er kun kontoklasse 1 blir tatt med under Fagdep. Dette medfører at tabellen ikkje er fullstendig kva gjeld bruk av midlar på kapittel 1144 post 77. Vi viser til eige avsnitt under resultatområde 25, kommunene som landbrukspolitisk aktør, der det er gjort greie for bruken av desse midlane.

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 1510</b>	<b>Fagdep.</b>
21 Landbruksbasert næringsutvikling	kr 3 877 487,81	kr 8 020,45
22 Klima- og miljøpolitikk i landbruket	kr 2 141 091,45	kr 0,00
23 Eiendoms- og bosettingspolitikk	kr 594 438,71	kr 0,00
24 Forvaltning av inntekts- og velferdspol. tiltak	kr 1 964 453,99	kr 0,00
25 Kommunene som landbrukspolitisk aktør	kr 865 711,96	kr 3 423,00
26 Jordvern, kulturlandskap og samfunnsplanlegging	kr 1 303 047,73	kr 0,00
Andre oppgaver under LMD	kr 51 807,47	kr 0,00
Sum:	kr 10 798 039,00	kr 11 443,00

## Kunnskapsdepartementet

### Resultatområde 31 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på utdanningsområdet

Vi viser til punkta nedanfor der vi har vurdert arbeidet vårt med tilsyn, klagebehandling og andre forvaltningsoppgaver som GSI, informasjon og rettleiing og andre forvaltningsoppgaver.

#### 31.1 Tilsyn

##### *Vurdering av eiga måloppnåing*

Ein er bedd om å vurdere eiga måloppnåing sett i lys av embetets ressursar, kompetanse, metodikk og strategiar og andre forhold i fylket.

Det er tatt utgangspunkt i oppdraget, og at det overordna målet for avdelinga er å gjennomføre ein aktivitet som tilfredsstillar krava i oppdragsbrevet. Dette er operasjonalisert gjennom eigen verksemdsplan for avdelinga. Planlagde aktivitetar på tilsynsområdet er undervegs justert i forhold til innsendt plan. Nokre tilsyn er tatt ut av planen medan andre, på grunn av situasjonen, har kome til. Det samla omfanget er likevel noko mindre enn planlagt. Dette skuldast delvis sjukefråver i embetet og vakanse i ei stilling knytta til tilsynsverksemda i perioden oktober - desember 2011. På grunn av stort antall tidkrevjande klagesaker har ein også måtta omdisponere



ressursbruken. For eitt tilfelle måtte eit tilsyn utsetjast til nyåret 2012 p.g.a lenger sjukdomsfråfall frå sentral medarbeidar i ein liten kommune. Planlagde tilsyn på oppl. §§ 5-3 og 5-6 er i denne situasjonen nedprioritert på grunn av at ein har vurdert behovet her som mindre preserande.

Det er gjennomført to situasjonsbaserte tilsyn utover planen. Det eine er tilsyn med Ålesund kommune p.g.a. uakseptabel ventetid i PPT. Det andre er eit tilsyn med Tingvoll kommune p.g.a. avisinnlegg med påstandar om ulovleg handtering av elevsaker etter oppl. kap 9A.

Desse planlagde tilsyna er tatt ut av planen av grunnar nemnt over: FNT med ein kommune (to skolar), planlagde tilsyn med to kommunar på oppl. §§ 5-3 og 5-6, og læreplantilsyn med ein kommune (utsett til nyåret 2012).

Sett på bakgrunn av noko redusert bemanning (som gjort greie for over) og behov for omprioriteringar, vurderer ein å ha hatt eit aktivitetsnivå på tilsynsområdet som samsvarar med målsettinga for året.

Intern målsetting frå 2010 om å utvikle tilsynsmetodikken i tråd med sentrale føringar er vidareført ( jamfør revidert handbok for tilsyn som kom våren 2010). Alle tilsyn på utdanningsområdet blir no gjennomført i tråd med metodehandboka.

Dokumentasjonen for tilsynet med lokalt læreplanarbeid og skolebasert vurderingstilsynet, som har vore under utvikling ved vårt kontor, i samarbeid med Udir, er no ferdig. Det er gjennomført koordinering av dette tilsynet i region Midt-Norge i regi av kontoret vårt. I løpet av 2011 gjennomførte vi eit seminar for region Midt om læreplantilsynet, og i tillegg arrangerte vi ein skule-/utdanningskonferanse der klasseromsforskning på læreplanarbeid og dei elementa som gjekk inn i læreplantilsynet vart presentert. Dette vart godt mottatt av målgruppa som var lærarar, skuleleiarar, PP-tilsette og skulefagleg ansvarlege på kommune- og fylkesnivå.

Ein har internt på avdelinga jobba med å vidareutvikle tilsynsmetodikken, og sett i verk tiltak for ein meir effektiv ressursbruk ved gjennomføringa av tilsyna. Eksempel på slike tiltak er sterkare vekt på intern koordinering ved felles gjennomgang av rapportar og felles malar for tidsplanar for gjennomføring av tilsyn. Frå og med 2012 vil ein for fleire av tilsyna operere med tilsynslag på to personar i staden for 3.

Ei sentral målsetting har også vore å få best muleg effekt av tilsynsverksemda i form av auka grad av regeletterleving i kommunar og skular. Slik effekt har ein søkt å oppnå ved at tema for tilsyna ein gjennomfører også blir tatt opp på konferansar og kurs i same tidsrommet - det gjeld både før og etter tilsynet. Å spreie erfaringar frå tilsyna til kommunar og skolar som ikkje har hatt tilsyn, har vore ein viktig strategi. Konkrete har ein her på fagsamlingar for kommunane hatt oppe følgjande tema: tilsynsverksemda sett i samanheng med andre verkemiddel, når vedtaksplikta etter kap. 9A slår inn og krav til arbeidet i skolemiljøutval. I møte med skuleleiarane i v.g. opplæring har ein orientert om tilsyn på kap 9A og tilsynet med lokalt gitt eksamen. Ein grundigare gjennomgang av det sist nemnde tilsynet har ein også hatt i møte med eksamensleiarar frå dei v.g. skulane.

#### *Grunngjeving for hendingsbaserte og eigeninitierte tilsyn*

Grunnlaget for hendingsbasert tilsyn med sakshandsamingstid ved PPT i Ålesund kommune var medieoppslag om ventetid, og i tillegg embetet sin kunnskap om forholda, mellom ann ut frå klagesakshandsaming.

Grunnlaget for hendingsbasert tilsyn på kap 9A-sak i Tingvoll, var lesarinnlegg med sterke påstandar om ulovleg praksis.

Grunnlag for eigeninitiert tilsyn med lokalt gitt eksamen ved v.g. skular var delvis at ein ved tilsvarande tilsyn i anna embete avdekka betydelege manglar. Ut over dette vurderte ein dette temaet som vesentleg å undersøkje ut frå ei risiko- og sårbarheitsanalyse. (Vi har vurdert sannsynet for lovbrøt på området sett i samanheng med potensielle konsekvesar eventuelle for elevar ved regelbrøt.)

#### *I kva grad tilsynsobjekta rettar lovbrøta.*

Lovbrøt avdekka ved FNT hausten 2010 er retta for alle skulane så nær som ein. Fylkesmannen er i dialog med den kommunen dette gjeld og reknar med å få avslutta også dette tilsynet i nær framtid.

Det vart avdekka lovbrøt ved 4 skular i samband med FNT i 2011. Ved to av desse er lovbrøta retta og tilsyna avslutta. Ved dei to andre er fristen for retting ikkje gått ut.

Ved tilsynet med lokalt gitt eksamen vart det ikkje avdekka forhold som vart vurdert som lovbrøt. Det vart likevel avdekka forhold ved praksis som burde forberast, og ein har hatt dialog med skuleeigar i ettertid om dette. Vi ser at tilsynet har medført at skuleeigar legg opp til forbetringar av eige system på området, særleg på

oppfølgingsbiten.

Ved tilsyn med lokalt læreplanarbeid og skolebasert vurdering vart det for ein kommune (Molde) ikkje avdekket lovbrøt, for den andre med slikt tilsyn i 2011 (Eide), er det gjort enkeltvedtak med pålegg om retting.

Fylkesmannen har generelt inntrykk av at viljen til å rette lovbrøt etter tilsyna er stor. Også skolar/kommunar som ikkje får lovbrøt melder tilbake at tilsynet har ført til auka merksemd på elevane sine rettar, og at dei set i verk tiltak for å betre eiga regeletterleving og auka kvaliteten på området.

Vi har prøvt å sjå om ein kan finne effekt av tilsynet på resultatane ved elevundersøkinga for dei skulane som har hatt tilsyn på elevane sitt skulemiljø. Tek ein ut rapport på gjennomsnittscore på spørsmålet "Er du blitt mobba på skulen dei siste månadane?" for dei tre siste åra, får ein ulike resultat. Det er ut frå dette ikkje muleg å trekkje konklusjonar om kva effekt tilsynet har hatt. For nokre skular ser ein betring i score, og for andre det motsette. Her må ein nok sjå resultatane over lenger tid, og/ eller gjere meir grundige kvalitative undersøkingar for å kunna seie noko sikkert om effekten.

Alle endelege tilsynsrapportane frå tilsyna i 2011, er lagt på fylkesmannen.no. Ein har i dei fleste tilfella halde seg til fristen på å legge dei ut seinast ein månad etter utløp av klagefristen.

## **31.2 Klagesaksbehandling**

### **Klage på eksamenskarakter i sidemål**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har hatt det landsdekkjande ansvaret for klage på eksamenskarakter i norsk sidemål. Klagenemnda behandla i møte 5. og 6. juli dei 409 klagenesom kom oss i hende til møtet. 10 klager kom for seint og blei behandla tidleg i september. Vi henta inn 27 medlemmer til klagenemnda frå til sammen 3 fylke. Det var fagpersonar som hadde deltatt som sensorar i norsk under årets eksamen.

Som tidlegare år blei rundt 5 % av klagenes feilsendt frå skolane, enten til fylkesmannen i eige fylke eller til Fylkesmannen i Oslo og Akershus som hadde ansvar for klagenes i norsk hovudmål. Dette medfører ein del ekstra arbeid og ikkje minst seinare sakshandsaming. Det er også ei utfordring at rektor eller andre personar i administrasjonen ofte ikkje er tilgjengelege i juli for spørsmål i samband med innsende klager.

### **Klage på standpunktkarakter**

Talet på klager på standpunktkarakterar har vore nokså stabilt dei siste åra (i overkant av 100). Halvparten av innkomne klager gjaldt dei praktisk-estetiske faga kroppsøving, mat og helse, kunst og handverk samt musikk. Kroppsøving og mat og helse har toppa lista over tal klager dei siste tre åra.

31 % av klagenes blei sendt tilbake til skolen for ny vurdering. Dette er likt med nivået i 2009. Av dei klagenes som vart sendt attende til skolen for ny vurdering, fekk 59 % heva karakteren. Alt i alt fekk 18% av klagarane heva karakteren.

### **Klage teiknspråkopplæring § 2-6:**

Vi har drøfta slike saker med aktuelle skolar/kommunar, men vi har ikkje hatt slike saker til ordinær klagebehandling.

### **Klage spesialpedagogisk hjelp for førskolebarn § 5-7:**

Dette er klagesaker som krev mykje tid og rettleiing frå vår side. Kunnskapen om grensegangen mellom barnehagelova og opplæringslova er ofte fråverande i slike saker. Som det går fram av tabellen, var det 5 klagesaker som ikkje fekk medhald, medan 9 klagesaker fekk delvis medhald. Dei klagesakene som fekk delvis medhald, fekk stadfesta eit mellombels vedtak - men med tilbakesending til kommunen for ny utgreiing, ny saksgang og nytt vedtak.

### **Klage spesialundervisning § 5-1:**

Av 17 klagesaker, sendte vi 7 klagesaker tilbake til kommunen for ny utgreiing/ny behandling. For ein del av

desse sakene vurderer vi at opplæringslova § 5-3 ikkje er oppfylt, ofte ved at kvaliteten på den sakkunnige tilrådinga ikkje er oppfylt og/eller at vurderinga har "gått ut på tid".

### Klage på eleven sitt psykososiale miljø § 9a-3:

Av i alt 15 saker, sendte vi 7 saker tilbake til kommunen for vidare behandling eller ny behandling. Desse sakene krev ofte mykje rettleiing frå vår side. Gjennomgåande for mange av desse sakene er at dei i for stor grad er "tilbakeskuende" i staden for "fremadskuende". Vi ser også at ein i slike konfliktsituasjonar lett taper "fokuset" på eleven, og der energien i stor grad går med til den manglande samhandlinga mellom partane.

### Klage på vidaregåande skole

Vi har behandla nokre klager frå elevar/foreldra på vidaregåande skular. Den gjeld klage på inntak til vidaregåande + klage på ekstra år. Vi viser til vedlagte tabell med oversikt over klagesakene.

#### Generelt:

*Mange saker må vi sende tilbake til kommunen for ny behandling fordi dei manglar dokumentasjon eller at kvaliteten på dokumentasjonen ikkje oppfyller minimumskrava. Svært mange saker kjem svært seint – vi oppmodar kommunane til å sende inn sakene før 1. juni slik at dei er klare i god tid før skulestart, men over halvparten av klagane har kome etter 1. august. Dette siste gjeld særleg for spesialundervisning.*

#### Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum innkomne saker	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Annet	Kommentar
Spesialundervisning for voksne, § 4A-2	12	3	6	3	
Spesialundervisning, § 5-1	17	3	7	7	
Skyss, § 7-1	11	3	6	2	1 tilbakesendt, 1 avvist
Ekstra år i grunnskolen, § 2-1 fjerde ledd	1	0	0	1	1 tilbakesendt
Bortvisning, § 2-10	1	0	0	1	1 oppheva og tilbakesendt
Skoleplassering, § 8-1	6	3	0	3	
Annet	2	1	0	1	§ 2-15 Gratisprinsippet
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	15	2	6	7	7 klagesaker er sendt tilbake til kommunen for ny klagebehandling
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	106	55	51	0	
Lokalt gitt muntlig eksamen	1	0	1	0	
Sum	172	70	77	25	

#### Klage i videregående opplæring (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum innkomne saker	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Annet	Kommentar
Inntak, § 3-1 sjette ledd	14	7	0	7	
Sum	14	7	0	7	

#### Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)

Type Klage	Sum innkomne saker	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Annet	Kommentar
------------	--------------------	------------------------	--------	-------	-----------

Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7	23	6	15	2	2 klagesaker tilbake til ny saksgang i kommunen
Sum	23	6	15	2	

### 31.3 Grunnskolens informasjonssystem (GSI)

Oppgåvene er utført i samsvar med oppdraget.

Vi har brukt ca. 10 vekerverk på dette området i 2011.

Fylkesmannen har sett til at det ligg føre data frå alle kommunane og private skolar. Vi har kvalitetssikra data og følgd opp feilmeldingar. Data er overlevert Utdanningsdirektoratet innan fristen.

To personar har deltatt på møte i Utdanningsdirektoratet.

Vi har bidratt til vidareutvikling av GSI gjennom innspel til Utdanningsdirektoratet.

Tal frå GSI er brukt i tilsynsarbeidet og i dialogen med skoleeigarane. Vi har trekt ut relevante data ut frå tilsynsystemaet, samanstillt dei og brukt dei som grunnlagsmaterialet i samband med tilsynet.

Vi har brukt mye tid og ressursar på å svare på spørsmål frå kommunane og skolane, oppfølging (bl.a. purring) og kvalitetssikring av GSI-innsamlinga. I år har det gått med ein del ekstra tid i samband med omlegging av påloggingssystemet i GSI.

Omlegging til publisering av endelege GSI-tal allereie i desember, skapte ein del utfordringar, fordi vi fekk ein mykje kortare og meir hektisk periode med kvalitetssikring av data. Fleire personar på kontoret jobba med kvalitetssikringa, men likevel blei tida knapp til feilretting. Vi ser at kommunane si kvalitetssikring ikkje alltid er like god. Det inneber at fylkesmannen må ta ein del kontaktar som faktisk er tidkrevjande fordi det kan vere vanskeleg å få kontakt med dei rette personane.

Tidlegare blei ein del feil oppdaga når foreløpige data blei publisert. Då hadde ein høve til å få retta dette opp før endeleg publisering. Vi ser at det er ein balansegang mellom målet om tidleg publisering og målet om høg datakvalitet. Kan kortare kvalitetssikringsperiode gå utover datakvaliteten?

Vi har eit par døme på at kommunar blei hengt ut i media for lovbrøt. Ved nærare undersøking fann vi at tala frå enkeltskolane i dei aktuelle kommunane faktisk var innafor regleverket, men summeringa på kommunenivå i GSI-skjema slo feil ut slik at kommunen samla fekk lovbrøt. Desse tala blei då brukt av m.a. Kommunal Rapport og lokalavisa.

Eit anna døme er at kommunar som deltar i interkommunale kulturskolesamarbeid utan å ha ansvar, kjem ut med null kulturskoleelevar i KOSTRA, men med utgifter til kulturskolen. Dette fordi elevane skal først opp i den kommunen som har ansvar. Dette har også media grepe fatt i.

Etter at GSI-innsamlinga var avslutta for skolane og kommunane, fekk vi beskjed frå Utdanningsdirektoratet om å samle inn kommentarar frå kommunane. Resultatet av undersøkinga er oversendt Utdanningsdirektoratet.

Vi utarbeida og sendte evalueringsskjema til kommunane og private skolar om evaluering av årets innsamling av GSI. Vi fekk tilbakemelding frå 8 kommunar (av 36) og 1 privat grunnskole (av 13).

Antakelegvis ville responsen vore betre dersom evalueringa skjedde parallelt med innsamlinga eller rett etter, og at det hadde vore mulig å svare direkte via eit skjema i GSI.

Vi har inntrykk av at videosnuttane på GSI-nettsida er til god hjelp ved utfylling.

Rettleiaren har blitt betre dei siste åra, men det er framleis ein del å gjere særleg på Kultur- og

Vaksenopplæringskjema.

Vi har fått mange positive tilbakemeldingar på at dei fleste felte i ramme C no blir berekna frå ramme B. Det er blitt mykje enklare å fylle ut skjemaet.

Det blir stadig tilsett nye personar som får ansvaret for utfylling av GSI-data i kommunen og det er nok behov for skoloring. Vi gjennomførte kursing for kommunane og private skolar i 2010 og vi har som målsetting å gjennomføre nytt kurs i 2012. Fylkesmannen har god kompetanse på feltet.

### 31.4 Informasjon og veiledning

Oppgåvene er utført i samsvar med oppdraget, og vi har god kompetanse på området.

### **Tilstandsrapport og funksjonalitet i Skoleporten**

Det blei i 2010 gjennomført skolering i bruk av vektøy for tilstandsrapporten, og dette er følgt opp i 2011 i form av rettleiing etter behov.

### **Bruk av verktøy for kvalitetsvurdering og skoleutvikling**

På regionsvise møte med skuleeigarrepresentantar hadde vi vinteren 2011 erfaringsutveksling i bruken av tilstandsrapportar som tema. Særleg hadde ein her fokus på korleis framlegginga av tilstandsrapporten i kommunestyra har ført til drøftingar av innhald og resultatoppnåing i skulane, og vidare i kva grad desse drøftingane har ført til konkrete vedtak.

Fylkesmannen har samla inn tilstandsrapportane med tilhøyrande saksutgreiing frå kommunane og lagt dei ut på heimesida til fylkesmannen. Ved gjennomgang av rapportane finn vi at rapportane stort sett er bra på å leggje fram data for læringsmiljø, læringsutbytte etc., men mange rapportar er mangelfulle på analyse og vurdering, og oppfølging i form av forslag til tiltak.

Mellom anna som følgje av dette hadde vi ei forelesing om temaet på eigen konferanse om kvalitet i skulen hausten 2011 (Perder Haug: "For å betre resultatata må ein vite kva som har skapt dei.")

Dette vil blir følgt opp i 2012. Som oppfølging av arbeidet vårt med å stimulere til betre skuleeigarskap, planlegg vi også opplæring i bruk av "Skoleeieranalysen" i Skoleporten i løpet av 2012.

### **Nasjonalt veilederkorps**

Sjå omtale under resultatområde 32.4

### **Betre læringsmiljø**

I samband med tilsynet sitt sluttmøte for kommunane om oppl. kap. 9a, har fylkesmannen gitt informasjon om Utdanningsdirektoratet si satsing på "Bedre læringsmiljø". Det er også gitt generell informasjon om dette på samlingar med skolefagleg ansvarlege. Vi har også vist til materiell i samband med intervju i aviser og nrk lokalradio.

### **Manifest mot mobbing**

Fylkesmannen har i samband med tilsyn på oppl. kap. 9a og i møte med kommunane oppmoda dei om å utarbeide lokale manifest mot mobbing, jf. også utlagt informasjon på vår heimeside.

## **31.5 Eksamen, nasjonale prøver og kartleggingsprøver**

Oppgåvene er utførte i samsvar med oppdraget. Vi har god kompetanse på feltet og har brukt ca. 50 vekerverk på dette området.

### **PAS/PGS**

Brukaradministrasjon og brukarstøtte har krevd mykje tid, m.a. fordi brukarstøtta ikkje alltid fungerer på skoleeigar-nivå. Enkeltpersonar kontaktar ofte fylkesmannen direkte når skoleeigar og skolane si brukarstøtte ikkje fungerer.

Vi ser at kompetansen på området blir stadig betre og at brukarane er nøgd med verktøyet samstundes som ein forventar eit stabilt og forutsigbart system. Då er det også slik at frustrasjonen blir desto større når ting ikkje fungerer, t.d. ved levering av elektroniske svar. På vårt årlege møte med kommunane og rektorane på ungdomstrinnet om eksamen og vurdering brukte vi tid også i 2011 på skolering i bruk av PAS og PGS. Også på sensorskoleringa har vi ein sekvens om bruk av PAS for sensorar. Vi har også hatt innlegg om PAS på møte med eksamensansvarlege i vidaregåande skule.

For fylkesmannen er PAS-hjelpen ei viktig støtte. Det siste året har denne brukarstøtta fungert godt, m.a. fordi svar på «akutte problem» kjem forholdsvis raskt.

Informasjonen på nettsida til Udir under «Viktige meldingar» er til god hjelp på alle nivå.

## Nasjonale prøver

Arbeidet med Nasjonale prøver er fulgt opp og gjennomført etter gjeldande nasjonale retningslinjer. Fylkesmannen følger opp fristane for registrering med e-postmeldingar til kommunar med manglande registreringar. Her er rapportane i PAS til god hjelp. Nokre få skolar fekk av ulike grunnar ikkje registrert resultat i lesing innan fristen.

For engelsk 5.trinn vart det ein del frustrasjonar for dei som ikkje fekk gjennomført prøvene.

Systemet for registrering av elevar med fritak frå nasjonale prøver ser ut til å fungere betre enn tidlegare, noko som gir auka kvalitet på statistikken. Fylket ligg litt over landsgjennomsnittet på andelen fritak. Samstundes ser vi at andelen «Manglande resultat» for 2011 er lågare i vårt fylke enn gjennomsnittet nasjonalt. Berre 1% av alle påmelde elevar i Møre og Romsdal er registrerte i PAS med manglande resultat (då er NPENG5 trekt frå), mens tilsvarande tal for landet viser 2,5% manglande resultat. Vi tolkar det slik at skolane/ kommunane her i fylket har vore flinke til å registrere status på elevane i PAS, etter at fylkesmannen har brukt ein del tid på oppfølging og purring.

Fylkesmannen nyttar i stor grad resultatane frå dei nasjonale prøvene både i tilsynsarbeidet og i anna dialog med skoleeigarane.

## Eksamen i grunnskolen

Eksamen i grunnskolen vart gjennomført etter gjeldande, nasjonale retningslinjer.

Til sentralt gitt eksamen hadde vi ansvar for sensur i faga matematikk og engelsk for eksamensregionen Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Vi registrerte ingen avvik for kandidatane som følgje av utfordringane med bruk av PAS på alle nivå.

Informasjon om eksamen etter LK06 vart gitt til kommunane og skolane m.a. via eit informasjonsmøte i februar. På dette møtet informerte vi spesielt om PGS og levering av elektroniske elevsvar. Andelen elektronisk leverte elevsvar i engelsk og norsk auka til vel 40 % våren 2011 frå berre 17 % året før.

Sensorskolering for alle sensorane i eksamensregionen vart gjennomført som to dagars lunsj-til-lunsj-samling i mai med fagpersonar frå Udir og frå fagutvalet. I tillegg utvida vi fellessensurmøtet med ein halv dag der oppmennene hadde ansvar for drøfting og gjennomgang av årets oppgåver.

Geografien i vår eksamensregion gjer at sensorskoleringa er ressurskrevjane.

**Fellessensuren** blei gjennomført etter retningslinjene. Det trådlause nettverket på hotellet og tilgang til PAS fungerte godt.

Elektronisk honorarrekning i PAS fungerer greitt. Men det er ei utfordring at alle honorarrekningane skal skrivast ut i papir og tilvisast til SSØ på «gamaldags vis». Vi har løyst det slik at sensorane får tilgang til eit par PC-ar tilkobla skrivarar. Da skriv alle sensorane ut sine honorarrekningar på fellessensurmøtet og leverer til fylkesmannen. Kø ved skrivarane er ikkje til å unngå når honorarrekninga ikkje kan ferdigstillast før sensor-paret / gruppa har avslutta sensureringa. Vi håpar det lar seg gjere å levere dette elektronisk.

På fellessensurmøtet har oppmennene m.a. som oppgåve å kvalitetssikre og vurdere elevsvar der det er tvil eller usjemje mellom sensorane. Det betyr at oppmennene må ha tilgang til andre sensorar sine elevsvar. For elektronisk leverte svar er ikkje dette muleg i PAS.

Klipp frå oppmannsrapporten i norsk: *Gledeleg utvikling i tal på elektroniske svar, men framleis ein del skular som leverer på papir. Det bør poengterast at digital levering er hovudregelen for eksamen 2012. Litt tungvint at oppmennene ikkje hadde tilgang på andre enn eigne allokerede eksamenssvar under samordning på fellessensuren. Dermed måtte sensorane ta utskrift av digitale elevsvar dei leverte til oppmann. Er det ein idé å la oppmannen få utvida fullmakter i PAS under fellessensuren?*

**Lokalt gitt eksamen** vart gjennomført i fylket slik at skoleeigar tar heile ansvaret for gjennomføringa og sensorfordelinga. Interkommunalt og regionalt samarbeidet om sensorar fungerer godt for dei fleste kommunane.

Fleire regionar gjennomførte også skolering av munnlege sensorar.

## Eksamen i vidaregåande opplæring

Eksamen i vidaregåande skole vart gjennomført etter gjeldande, nasjonale retningslinjer, bl.a. oppmelding av kandidatar til eksamen og oppdatering av fagpersonregisteret. Fylkesmannen brukar ein del tid på opning for etteroppmelding og retting av feilregistreringar i PAS.

### Lokalitt eksamen - kartlegging av rutinar

Etter oppdrag frå Udir gjennomførte Fylkesmannen hausten 2011 ei kartlegging av rutinar for og fordeling av trekk til eksamen i fylkeskommunen og i to kommunar. Rapport blei sendt direktoratet innan fristen.

### Kartleggingsprøver

Vi har kontrollert at kartleggingsprøvene vart gjennomført og har følgd opp dette med fylkeskommunen.

### Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Særskild Rapportering	JA	NEI	Øvrige kommentarer
1. Benytter embetet informasjonen som fremkommer ved avvikling av prøver og eksamener i tilsynsarbeidet?	X		

	Spesifiser dersom avvik fra landsgjennomsnittet totalt eller på enkeltprøver)	Spesifiser dersom stor variasjon mellom skoleeiere innad i fylket	Vurdering av årsak til avvik	Beskrivelse av tiltak over skoleeiere med høy andel elever med fritak
2. Hvor stor andel av elevene har fått fritak fra deltakelse på nasjonale prøver	Fritaksprosenten ligg omtrent på landsgjennomsnittet på alle prøvene, bortsett frå engelsk 8.trinn der vi ligg 0,7 prosentpoeng over landssnittet og lesing 5. trinn der vi ligg 1,4 prosentpoeng under landssnittet.	Vi ser ein variasjon mellom kommunane frå 0% til 25%.	Ein viktig årsak kan vere at i små kommunar med få elevar vil berre eit lite tal elevar med fritak gje høg fritaksprosent.	Vi har mellom anna informert om fritaksprosent og regelverk på regionale møte med kommunane og i møte med private skolar.

## 31.7 Tilskuddsforvaltning

### Kap. 225 post 60 Tilskudd til landslinjer

Vi har utført oppgåvene i samsvar med oppdraget, og har god kompetanse på området.

I følgje retningslinjene for tilskotet "(...) har fylkesmannen frist til 1. mai og 1. november for innsending til Utdanningsdirektoratet (etter gjennomgang og kontroll av elevlistene)" (kap.8).

Kontrollrutinene for tilskotet fastslår vidare at

"Fylkesmannen skal foreta en formalia- og rimelighetskontroll av elevlistene, dette innebærer bl.a. å kontrollere at elevlistene bare omfatter elever som går på det som er landslinjetilbudet og at alderskriterier der det finnes er oppfylt. I tillegg skal fylkesmannen ut fra risiko- og vesentlighet vurdere behovet for å foreta stikkprøver av opplysningene skoleeier gir ved søknad om tilskudd. Fylkesmannen skal ved stikkprøvekontroll be om dokumentasjon fra skoleeier på at opplysningene som framgår av elevlistene/søknaden er riktige. Resultatet av kontrollen skal rapporteres til Utdanningsdirektoratet."

Fylkesmannen har følgd pålegga i retningslinjene ved å oversende søknad frå Møre og Romsdal fylkeskommune i brev av høvesvis 2.5 og 26.10.2011.

I begge brev skriv fylkesmannen avslutningsvis:

På same måte som ved tidlegare søknader har vi heller ikkje denne gongen hatt grunnlag for å gjennomføre risiko- og vesentlighetsvurdering. Vi kjenner heller ikkje til tilhøve som tilseier særleg behov for å vurdere "å foreta stikkprøver av opplysningene skoleeier gir ved søknad om tilskudd". Dersom direktoratet har nærare oppfatningar

om kva grunnlag slike vurderingar bør byggje på, vil vi be om å bli underretta om det. Det same gjeld dersom direktoratet finn det er ønskjeleg med andre og/eller fleire kontrollar enn det fylkesmannen har gjort greie for her.

### **Kap 225 post 64 Tilskot til opplæring av barn og unge i statlege asylmottak**

Utført i samsvar med oppdragsbrev frå Utdanningsdirektoratet, jfr Rundskriv UDir -tilskot-7-2005 samt reviderte retningsliner frå 01.01.09. I 2011 hadde Møre og Romsdal 8 kommunar med asylmottak.

Utbetaling i 2011 var totalt på kr 9 908 187,- for hausten 2010 og våren 2011. Kontrollert søknader frå kommunane opp mot DUF nr som vi har fått tilsendt frå UDI over barn registrert i asylmottak i det aktuelle tidsrom det er søkt tilskot for. Rapportert på tertialrapport til Udir. Det har til tider vært problem med å få tilsendt liste fra UDI over barn i mottak, slik at utbetaling til kommunane vart forsenka.

### **Kap 225 post 66 Tilskot til leirskuleopplæring**

Utført i samsvar med oppdragsbrev frå Udir, jfr Rundskriv UDir-tilskot-4-2005 samt reviderte retningsliner frå 01-01-09.

Utbetalt etter søknad frå kommunane 2 gongar i 2011, vår og haust. Kontroll er utført og rapportert på tertialrapport til Udir.

Det var utbetalt kr 1 723 000,- i 2011.

Vi ser at nokre kommunar sender inn søknader på leirskuleopplæring for seint. Vi påpeiker dette og oppmodar kommunane til å søkje innan fristen, og at dei sender inn prognose for hausten slik at vi har midlar no til utbetaling. Vi har god kompetanse på området.

### **Kap. 253 post 70 Tilskudd til folkehøgskoler**

Vi har utført oppgåvene i samsvar med oppdraget.

I retningslinjene for tilskotet heiter det mellom anna:

Fylkesmannen har ansvar for å:

- gjennomgå de rapporter som folkehøgskolene i henhold til punkt 10 skal sende til Fylkesmannen
- rapportere til Utdanningsdirektoratet".

Fylkesmannen har i brev til Utdanningsdirektoratet av 7.9.2011 mellom anna oversendt ein kommentert tabell med sentrale rekneskapsdata for folkehøgskulane i Møre og Romsdal for 2009 og 2010. Det er også med samletal for alle skulane i fylket. Det er vidare gitt meir inngående omtale av dei økonomiske tilhøva ved to av skulane.

Innleiingsvis i brevet skriv fylkesmannen følgjande:

"Fylkesmannen ville sett det som ein føremøn om det hadde vore eit meir standardisert oppsett over rapportane som direktoratet ønskjer, og mottek gjerne kommentarar dersom direktoratet ønskjer endringar i høve til rapporten som med dette vert send over. Det burde óg vurderast eit system for elektronisk innrapportering av rekneskapsdata på linje med BASIL, som vert nytta til innrapportering av årsrekneskap og årsmelding for ikkje-kommunale barnehagar. Ei anna løysing kunne vere å hente inn data frå Brønnøysundregistra."

## **Resultatområde 32 Oppgaver for økt kvalitet i grunnopplæringen**

Her blir arbeidet med følgjande område omtalt:



## 32.2 Kompetanseutvikling

- Kompetanse for kvalitet - Strategi for vidareutdanning av lærarar 2009-12
- Etterutdanning
- Rapportering
- GNIST Møre og Romsdal
- Vurdering for læring

## 32.3 Skoleporten

## 32.4 Erfarings- og kunnskapsinnhenting

- Læreplanane i Kunnskapsløftet
- Droning Sonjas skolepris
- Forsøk med framandspråk på barnetrinnet
- Forsøk med arbeidslivsfag på ungdomstrinnet
- Nasjonalt Veilederkorps
- Manifest mot mobbing

## 32.5 Tiltak innan tilpassa opplæring og spesialundervisning

## 32.2 Kompetanseutvikling

Oppgåvene er utført i samsvar med oppdraget.

### **Kompetanse for kvalitet - Strategi for vidareutdanning av lærarar 2009-12**

88 lærarar frå Møre og Romsdal søkte om å få delta i vidareutdanningsstrategien hausten 2011. 57 av dei vart godkjende av skoleeigar, medan berre 50 lærarar i fylket fekk starte på studiet. Dette då nokre fag/studie vart avlyst pga for få søkjarar.

Ei samla oversikt over dei 3 åra i den første strategiperioden viser deltaking frå **23** kommunar i 2009, **22** kommunar i 2010 og **16** kommunar i 2011.

Fylkeskommunen har deltatt alle åra med om lag 10 lærarar. Berre 3 av 14 privatskolar har deltatt. - Sum lærarar frå M&R på vidareutdanning hausten 2009 er **60** (59 vår 2010), **68** hausten 2010 (67 vår 2011) og **50** hausten 2011. Fylkesmannen har tildelt 3,1 mill kr til vikarutgifter våren 2011 og 2,5 mill kr til vikarutgifter og studieavgifter hausten 2011.

**8** av 36 kommunar i Møre og Romsdal har ikkje deltatt i løpet av denne strategiperioden. Årsak som vert oppgitt er den statlege finansieringsordninga. Det kommunane i M&R ønskjer seg, er å få tilbake den førre modellen med modulbasert etter- og vidareutdanning. Elles ser det ut til at den nye strategi-planen for 2012-15, der staten tar eit større ansvar for vikarutgiftene, er blitt godt mottatt av kommunane.

### **Etterutdanning**

Medan Møre og Romsdal vart tildelt 6,2 mill kr i 2010 i etterutdanning, vart dette beløpet redusert til vel **2,5** mill i 2011. Frå fylket vårt var det 28 av dei 36 kommunane, fylkeskommunen og 7 privatskolar som søkte om tilsaman **10,1** mill kr. Då dette var meir enn 4 x beløpet som var tildelt fylket, var det berre dei statlege satsingsområda som vart prioritert med midlar ut frå kva skoleeigarane hadde som prioritering innanfor desse fag/områda.

### **Rapportering i 2011** (på bruken av midlane i 2010)

Skoleeigarane har våren 2011 rapport om bruken av statlege og lokale midlar til etter- og vidareutdanning. Fylkesmannen har kontrollert at dei statleg tildelte midlane stemmer og at rapporteringa for øvrig ser nokonlunde grei ut. Rapporteringa for vidareutdanning følgjer skoleåret, medan rapporteringa for etterutdanninga skal følgje kalenderåret. Dette er problematisk, då skoleeigar ikkje får tildelt midlar til etterutdanning før i juni. Midlane blir dermed brukt komande skoleår. Det er derfor viktig at det i rapporteringsskjemaet er ein rubrikk for ubrukte overførte midlar frå det eine året til det andre.

Fylkesmannen har elles rapportert om kompetanseutvikling i eit eige skriv til Utdanningsdirektoratet hausten

2011.

## **GNIST Møre og Romsdal**

Fylkesmannen har sekretæransvaret for GNIST-partnerskapet i M&R. Der deltek no Høgskulen i Volda, KS, fylkeskommunen og fire regionalkontaktar for kommunane, samt Utdanningsforbundet og Skoleleiarforbundet. NHO og LO har vore innkalla tidlegare, men aldri møtt. Elevorganisasjonen i M&R og pedagog-studentane i UDF har møtt sporadisk.

GNIST-partnerskapet har hatt jamnlege møte vår og haust 2011 og fokusert på vidareutdanning, rekruttering av lærarar og rettleiing av nyutdanna lærarar. Representantar frå GNIST M&R har også deltatt på dei nasjonale møta i GNIST.

Då det ikkje blir arrangert sentrale utdanningsmesser i M&R, har GNIST deltatt med stand i lag med Høgskulen i Volda på om lag 10 yrkesorienteringsdagar i fylket våren 2011. I tillegg deltok nokre "gnistrande" lærarar på GNIST-standen saman med studentane.

For om mogleg å rekruttere lærarstudentar frå Høgskulen i Volda til jobb i kommunane i Møre og Romsdal, planla GNIST-partnerskapet ein fag- og rekrutteringsdag på Høgskulen i Volda april 2011. Då det vart for få deltakarar grunna at det kom for seint på året i forhold til søknadsfrist, vart "Ut-i-jobb"-dagen utsett til januar 2012 og er no gjennomført med stort hell. Evalueringa vil vise om dette blir eit årleg tiltak framover.

I regi av GNIST har fylkesmannen sendt ut spørjeskjema om kommunane si rettleiing av nyutdanna, nytilsette lærarar og om vidareutdanning av såkalla mentorar. Dette har også vore tema på møte med skolefagleg ansvarlege i 2011. Vi har også sendt ut spørjeskjema hausten 2011 om skoleeigar si kompetansekartlegging av lærarane. Dette har også vore tema på møte med kommunane, både i regi av fylkesmannen og på regionale møte som vi gjennomfører i januar.

## **Vurdering for læring**

Møre og Romsdal er med i 2.pulje i den fireårige satsinga. Vi har utført oppdraget i tråd med oppgåvene til fylkesmannen, jf oppdragsbrev frå Utdanningsdirektoratet av 2. mars 2011. Møre og Romsdal fylkeskommune deltar i satsinga med 5 vidaregåande skolar og 3 lærebedrifter. Fylkesmannen har deltatt på regionale og nasjonale samlingar og har bidratt til erfarings-spreiing gjennom informasjon på møte med kommunane og skoleleiarar.

## **32.3 Skoleporten**

I 2010 gjennomgikk vi verktøyet for tilstandsrapportering på regionale møte med kommunane i tillegg til at vi arrangerte fylkeskonferanse i samarbeid med Utdanningsdirektoratet der temaet var verktøy for skoleutvikling. M.a. Skoleporten og verktøy for tilstandsrapportering stod på programmet. Dette har vi følgd opp med rettleiing og brukarstøtte i 2011.

For å kunne rettleie kommunene er det til stor hjelp at fylkesmannen har fått utvida tilgang til rapporteringsverktøyet i Skoleporten. Det er også til god hjelp for å få fram rask dataoversikt.

Utviklinga av Skoleporten har vore svært positiv dei siste par åra slik, m.a. ferske data og betre funksjon for eigne

rapportar. Det har blitt eit godt verktøy også for fylkesmannen til å nytte og bearbeide data for bruk m.a. i tilsynsarbeidet.

Vi bruker 4 vekerverk på arbeid med Skoleporten, og vi har utført oppgåvene i samsvar med oppdraget.

## **Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

### **1. Har embetet oppdatert brukerstøtte- og veiledningsfunksjon?**

Ja

#### Øvrige kommentarer

To saksbehandlarar har deltatt på møte / skoloring i Udir der Skoleporten har vore tema.

### **2. Hvordan har embetet lagt til rette for at Skoleporten brukes i lokal kvalitetsvurdering?**

Vi har rettleia kommunane i bruk av rapporteringsverktøyet. Fylkesmannen tar inn tilstandsrapportane frå kommunane, og legg dei ut på vår nettside. Vidare les vi gjennom tilstandsrapportane for spesielt å sjå på korleis skuleeigarane analyserer og vurderer resultatane.

### **3. I hvilken grad brukes Skoleportens elementer i lokal kvalitetsvurdering?**

Dei fleste kommunane brukar rapporteringsverktøyet i Skoleporten til å utforme sine tilstandsrapporter.

### **4. Benytter embetet Skoleporten i tilsynsarbeidet?**

Ja

### **5. Innspill fra embetet til forbedringer av Skoleporten:**

## **32.4 Erfarings- og kunnskapsinnhenting**

Oppgåvene er utført i samsvar med oppdraget.

### **Erfaringar med læreplanane i Kunnskapsløftet**

I samband med tilsynet på lokale læreplanar og skulebasert vurdering, har vi ein del kartleggingsspørsmål som omhandlar skulen sine erfaringar med læreplanane i Kunnskapsløftet. Vi systematiserer funna og har dei med i tilsynsrapportane.

### **Dronning Sonjas skolepris**

Fylkesmannen har sendt ut brev til kommunane og skolane, lagt ut informasjon om prisen på vår heimeside, samt oppmoda skuleeigarane i møte om å få skolar til å søkje utan at det har lukkast.

Vi har påpeika tidlegare overfor Utdanningsdirektoratet at nokre av kriteriana som skulane skal oppfylle for å kunne få prisen, er urealistiske, og oppmoda om at kriteriana blir justert. Skular vegrar seg for å søkje når eitt av kriteriana for søknaden er at dei skal drive med tilpassa opplæring på ein fullverdig måte. Men i diskusjon med Utdanningsdirektoratet har vi fått beskjed om å stimulere gode skular til å søkje likevel, og vi vil gå meir aktivt ut i 2012.

### **Forsøk med framandspråk på barnetrinnet**

Fylkesmannen har tildelt midlar til dei aktuelle skuleeigarane vår og haust, samt sendt inn ein samlerapport om forsøket til Utdanningsdirektoratet sommaren 2011. Forsøk med framandspråk var også tema på fylkesmannen si samling med skuleeigarane hausten 2011, der dei presenterte kvar sine prosjekt. Forsøket er positivt evaluert av dei 4 fosksskolane i fylket, der alle ønskjer framandspråk på barnetrinnet som ei varig ordning. Fylkesmannen støttar dette. Fylkesmannen har også deltatt på møte i Oslo om forsøket.

### **Forsøk med arbeidslivsfag på ungdomstrinnet**

Dei tre kommunane Kristiansund, Vanylven og Fræna er framleis med i forsøket og har alle utvida med nye elevar som starta opp med faget på 8.trinn for skoleåret 2011/12. Dei 8 forsøksskolane i dei tre kommunane har fleire elevar som deltek i forsøket enn det blei garantert midlar til, noko som tilseier at det er eit populært forsøk som vart godt motteken. Dei 8 skolane samarbeider på tvers av kommunegrensane i det vidare arbeidet med faget. Fylkesmannen og nokre forsøksskolar har i møte med kommunane, regionsmøte for skoleeigarar og i ei fagsamling for rektorar, skoleleiing og skoleeigarar i gr.skole og vgs, informert om forsøket med arbeidslivsfag og vist til praktiske løysingar av faget. På denne måten er vi godt igang med erfaringsspreiing om forsøket blir innført som eit praktisk alternativ til 2.framandsspråk og språkleg fordjuping.

Fylkesmannen og dei tre utvalde kommunane var alle representert ved den nasjonale konferansen i Oslo våren 2011.

Fylkesmannen arrangerte regional undervegssamling for dei involverte kommunane/skolane og aktuelle samarbeidspartar hausten 2011. Dei tre kommunane la fram korleis skolane jobba med faget og fekk på den måten vist ulike praktiske tilnærmingar og utfordringar i utprøving av faget. Høgskulen i Volda bisto med kompetanseheving i det vidare arbeidet med faget, då dei hadde innlegg om "vurdering i praktiske fag." Finansiering av samlinga og reiseutgifter for skolane blei belasta over kap. 226 post 21.

### **Nasjonalt Veilederkorps**

#### a) Rekruttering til veilederkorps

Fylkesmannen har informert om veilederkorps i form av utsendt brev, informasjon på heimesida vår og i ulike møte/fora. 4 personar frå M&R er tatt ut til det nasjonale veilederkorps i 2011.

#### b) Tilbod om rettleing frå "Veilederkorps" til skoleeigarane

Fylkesmannen har deltatt på Utdanningsdirektoratet sitt informasjonsmøte på Gardermoen, sendt ut brev om dette til alle kommunane, lagt ut informasjon på heimesida vår, behandla og innstilt søknader til Utdanningsdirektoratet, samt deltatt på det første oppstartmøte i Trondheim. 4 kommunar i M&R vil få rettleiing og oppfølging av det nasjonale veilederkorps i 2012.

### **Manifest mot mobbing**

Fylkesmannen har i samband med tilsyn på oppl. kap. 9a og i møte med kommunane oppmoda dei om å utarbeide lokale manifest mot mobbing, jf. også utlagt informasjon på vår heimeside.

## **32.5 Tiltak innenfor tilpasset opplæring, spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning**

Vi har utført oppgåvene i samsvar med oppdraget.

For betre å kunne implementere "Veileder" for kap. 5 som eit godt reiskap i planlegging og gjennomføring av spesialpedagogiske tiltak, samt sikre dokumentasjon, prosedyrer og samhandling ved enkeltvedtak, arbeider vi kvart år ut eit "Informasjonsskriv" som direkte refererer seg til "Veilederen". I informasjonsskrivet fokuserer vi også på dei spørsmåla som er tilbakevendande mellom kommunane og fylkesmannen.

Vi har behandla 52 saker om spesialundervisning med heimel i opplæringslova §§ 4A-2, 5-1 og 5-7. Ved vår klagesaksbehandling vektlegg vi informasjon og rettleiing tilbake til skoleeigar.

Frå nokre kommunar får vi klagesakene inn etter at skoleåret har starta opp. Dersom det heftar manglar ved slike saker, sender vi dei sjeldan tilbake til ny saksgang og ny behandling, men fattar nytt vedtak. Dette gjer vi ut frå tanken om "til beste for eleven".

Vi brukar mykje tid til rettleiing/rådgjeving av skoleeigar/skolane og PPT. Slike faglege tema er til vanleg oppe som del av våre møteplassar med regionane og kommunane. Den faglege kompetansen, særleg for det som vedkjem opplæringslova § 5-7, er svært varierende.

PPT og Statped har vore ein nær samarbeidspart for oss for å nå måla om tilpassa opplæring og spesialundervisning i kommunane.

Vi har ei vektlagt ei særleg satsing på spesialundervisning når det gjeld prioritering av prosjektskjønnsmidlar til kommunane der informasjon, erfaringsutveksling og evaluering er ein viktig del.

Vi har utført erfaringar frå tilsyn, klagebehandling, statistikkdata frå bl.a. Skoleporten og evalueringar frå Kunnskapsløftet, peika ut to område som kommunane i fylket har særleg store utfordringar på, nemleg auke i ressursbruk ved enkeltvedtak i spesialundervisning og arbeid med læringsmiljø (mobbing). Derfor bestemte fylkesmannen at desse områda skulle prioriterast ved tildeling av fylkesmannen sine prosjektskjønnsmiddlar. Vi fekk inn 6 søknader på spesialundervisninga og to på læringsmiljø. Fleire av søknadene var frå heile regionar. Vi har kontaktpersonar her på avdelinga for kvart prosjekt for å følgje opp prosjekta. I tillegg har vi hatt samlingar for søkarkommunane for å dele erfaringar og spisse prosjekta. Vi har også arrangert erfaringsdelingssamling der prosjekta vert oppsummert og evaluert og der andre kommunar som ikkje har søkt, får delta med tanke på søknad komande år. I desse prosjekta vert krava i lov/regelverk kap 9a (læringsmiljø) og kap 5 (spesialundervisning) i oppl. sett i samheng med rettleiing og oppfølging, der ulike kompetansmiljø er inne. Vi trur at ei slik satsing over fleire år med rettleiing og oppfølging på desse områda, vil gi resultat og vil vere med å redusere lovbrota på tilsyn på desse områda.

## **Resultatområde 33 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på barnehageområdet**

Fylkesmannen har etter eiga vurdering oppfylt mål og resultatkrav i eigen verksemdsplan og i oppdraget. Vi har gjennomført tilsyn i seks kommunar og vi har nytta systemrevisjonsmetoden. Arbeidet med fleire av rapportane og avklaringar av regelverket har pågått parallellt over tid og er difor sendt samla til Kunnskapsdepartementet. Vi fekk styrka tilsynsarbeidet på barnehageområdet ved tilsetting av jurist frå hausten 2011. Rapportane er sendt kommunane og lagt ut på fylkesmannen si heimeside. Tema for tilsynet med kommunen som barnehagemyndigheit har vore godkjenning, rett til barnehageplass, kommunen sitt tilsyn eksemplifisert gjennom paragrafane 17, 18, Forskrift om pedagogisk bemanning, 19 og 22. Vi vurderer desse tilsynstema som svært relevante for situasjonen i sektoren og tek sikte på å gjennomføre tilsvarande tilsyn i dei resterande kommunane. Fylkesmannen vurderer det slik at tilsyna medvirker til tydelegare medvit i kommunane om rollene som barnehagemyndigheit og –eigar. Vi har eit klart inntrykk av at fleire kommunar fører tilsyn med barnehagane, men har også i 2011 avdekket at ikkje alle kommunar i vårt fylke gjer det. Fleire kommunar og regionar samarbeider om interkommunale tilsynsordningar. Vi ser at tilsynet har medført regionale samarbeid om utvikling og forbetring av rutinar og system, t.d. når det gjeld godkjenningsregelverket og nye godkjenningar av utvida barnehagar. Det er og grunn til å tru at tilsynet medfører fleire skriftlege rutinar og dokumentering av praksis i sektoren.

Fire kommunar har i 2011 fått avvik. Fristane for retting av avvika for desse kommunane er sett til vårhalvåret 2012 og kjem difor ikkje med i denne rapporteringa.

### **33.1 Tilskuddsforvaltning**

På grunn av stor saksmengde innan barnehagefeltet har saksbehandlingstida for tilskotssøknadene vore lenger enn ønskjeleg.

#### **Kap 231 post 60 Statstilskot til drift av barnehager .**

Vi hadde nokre overliggende søknader samt nokre få søknader som kom inn i januar 2011. Vi hadde bedt om belastningsfullmakt på kr 5 000 000,- då det var vanskeleg å anslå kor mange søknader som kom inn etterskuddsvis for 2010.

Vi behandla 6 søknader om statstilskot til drift i 2011 som gjaldt 2010, tilsaman kr 1 176 626,- I tillegg var det ein barnehage som hadde fått for mykje utbetalt i 2010, som etter kontroll av årsmelding/stikkprøve måtte betale tilbake kr 423 072,- fordi det var ein stor nedgang i barnetal gjennom året, spesielt fra august som ikkje var rapportert til fylkesmannen.

#### **Kap. 231 post 61 Investeringstilskot**

Det er i 2011 tildelt i alt kr. 2 493 713,- i investeringstilskot til åtte barnehagar i åtte kommunar. Det var søkt om, og innvilga ei samla belastningsfullmakt på kr. 5 000 000,- for 2010.

Fylkesmannen har avslått ein søknad, som har gått vidare til Kunnskapsdepartementet som klagesak.

På grunn av feil i dei fleste søknadene, får dei fleste søkjarane mindre enn dei søker om. Samla registrert

søknadsbeløp i 2011 var om lag 6,2 mill. kr.

Ved årsskiftet sto det registrert ei ubehandla sak i postjournalen.

På grunn av gjennomgåande mangelfulle søknader, vert alle søknader grundig gjennomgått i langt større omfang enn rundskrivet føreset. Alle søknader vert lagde inn på rekneark, og praktisk talt alle opplysningar vert kontrollerte. Til dømes kjem mva-prosentsen i høve til anleggskostnadene automatisk opp. Tidlegare vart innsende og godkjende oppnings- og endringsmeldingar automatisk rekna om til tabellen i pkt. 9 i søknaden. Etter at kommunane overtok ansvaret for all barnehagefinansiering 1.1.2011, får ikkje fylkesmennene tilsendt slike meldingar meir. På dette området har vi difor ikkje lenger høve til å føre like god kontroll som tidlegare.

Vi kontrollerer at godkjenning ligg føre, og kontrollerer om eksisterande areale er oppfylt før auke i barnetal vert rekna ut.

Investeringsstilskot vert gitt med bindingstid på 10 år. Fylkesmannen har undersøkt om dei 22 barnehagane (28 utbetalingar) som fekk tilskot i 2004 har oppfylt kravet til å oppretthalde aktiviteten, slik det går fram av regelverket. Dette er gjort ved kontroll av barnetal frå årsmeldingane i åra etter at tilskotet vart gitt. Fylkesmannen har funne grunn til å be om at dei respektive kommunane følgjer nærare opp to av tilskotsmottakarane. Resultatet av denne underøkinga er enno ikkje klar.

Fylkesmannen vil gjere tilsvarende kontrollar av tilskot som er gitt i seinare år.

Følgjande tabell viser utviklinga i utbetalt investeringstilskot i Møre og Romsdal dei siste åra (mill. kr):

2007	2008*	2009	2010	2011
12,3	4,5	9,7	3,2	2,5

\*Den sterke nedgangen i 2008 kjem av at store saksmengder på andre område førte til at tilskot på til saman 6,5 mill. kr. dette året vart liggjande over til 2009. Korrigert for dette ville ein "reell" tabell synt ein jamn nedgang i utbetalingane for heile perioden.

### **Kap 231 post 63 Tilskot til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder**

Utbetalt kr 3 422 750,- i samsvar med oppdrag og belastningsfullmakt. Innrapporterte til KDE antall minoritetsspråklige barn førskolealder fra kommunene i januar 2011 etter årsmelding pr 15.12.2010.

Gjennomført stikkprøvekontroll på ordninga ved at vi valgte ut 3 kommuner som fikk brev med spørsmål om bruken av midlane er gjort etter Rundskrivet. Viser til rapport om tilskuddskontroll.

### **Kap 231 post 64 Tilskot til faste plassar i mellombelse barnehagelokale**

Det er i 2011 tildelt i alt kr. 400 000,- i tilskot til faste plassar i mellombelse barnehagelokale til 2 barnehagar i 2 kommunar. Det var søkt om, og innvilga ei samla belastningsfullmakt på kr. 1 500 000,- for 2010.

Ved utgangen av 2011 er to tilskotssøknader ubehandla.

Som tabellen nedanfor syner, er utbetalingane etter denne ordninga gått sterkt ned i 2011 i høve til dei to føregående åra.

År	2007	2008	2009	2010	2011
Tildelt ramme	1 000 000	500 000	2 500 000	2 750 000	1 500 000
Totalt utbetalt	882 000	410 800	2 000 000	1 930 000*	400 000

\*korrigert for feilutbetaling på kr. 250 000.

Tilskotsmottakarane forpliktar seg til å flytte barnegruppa over i permanente lokale innan tre år. Ved kontroll av dei åtte barnehagane som fekk tilskot i 2007, ser vi av seinare søknader om investeringstilskot at dette kravet er oppfylt. Kontroll av innrapportert godkjent areal tyder på at også dei tre resterande har oppfylt kravet. Vi vil ta kontakt med dei aktuelle kommunane og be om at dei som styresmakt på barnehageområdet får verifisert om dette er rett.

Fylkesmannen vil gjere tilsvarende kontrollar av tilskot som er gitt i seinare år.

### 33.2 Klagesaksbehandling

Type Klage	Klager gis medhold/delvis medhold	Klager gis ikke medhold	Opphevet/returnert	Sum	Sum innkommet 2010
Barnehageloven § 10	0	0	1	1	1
Forskrift om familiebarnehager § 7	0	0	0	0	0
Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd § 6	0	1	4	5	3
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 16	0	0	0	0	0
Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4	0	0	0	0	0
Forskrift om pedagogisk bemanning § 3	0	0	0	0	0

#### Merknad

Barnehageloven § 10: Saka galdt godkjenning av familiebarnehage. Det var uklart om barnehagen skulle godkjennast etter § 10 eller § 11. Fylkesmannen fann elles at det var lagt vekt på utanforliggjande tilhøve som grunnlag for avslaget, medan det var uklart i kva grad barnehagefaglege tilhøve var vurderte. Forskrift om likeverdig behandling: Dei fire sakene der vedtaket er oppheva, gjeld saker som kom inn i 2010 etter dågjeldande forskrift. Totalt er det kome inn 13 saker etter ny forskrift.

### 33.3 Informasjon og veiledning

Fylkesmannen har gjennom dialog, rettleiing og ulike samlingar med kommunane/regionane og regionskontaktane halde fram med å fokusere på oppgåver og ansvar knytt til kommunen som barnehagemyndigheit. Døme på dette er informasjon og dialog knytt til ny rettleiar om pedagogisk bemanning, økonomisk likeverdig behandling, samarbeid mellom barnehage og barnevern, oppfyljing av retten til barnehageplass og dimensjonering av barnehageutbygginga. Rettleiing og regelverksavklaringar pr. tlf. og e-post er ei kontinuerleg oppgåve. Vi vurderer at vi med dei gjennomførte tiltaka samla sett, har nådd målet om særskilt rettleiing og oppfølging av kommunane som barnehagemyndigheit i overgang til rammefinansiert sektor. Vi har også vår og haust hatt samlingar for barnehageeigarar (både kommunale og ikkje-kommunale) med aktuelle tema som økonomisk likeverdig behandling, rekruttering, likestilling og rettleiing av nyutdanna førskulelærarar. I tillegg har vi både vår og haust prioritert å reise ut til regionane. I regionane har vi arrangert dialogmøte med erfaringsdeling og aktiv rettleiing knytt til handtering av regelverket om økonomisk likeverdig behandling. Vi anser å ha nådd målet om aktiv rettleiing vedkomande forskrift om økonomisk likeverdig behandling og håper dette på sikt kan ha innverknad på klagesaksomfanget.

### 33.4 Tilsyn

Fylkesmannen har etter eiga vurdering oppfylt mål og resultatkrav i eigen verksemdsplan og i oppdraget. Vi har gjennomført tilsyn i seks kommunar og vi har nytta systemrevisjonsmetoden. Arbeidet med fleire av rapportane og avklaringar av regelverket har pågått parallellt over tid og er difor sendt samla til Kunnskapsdepartementet. Rapportane er sendt kommunane og lagt ut på fylkesmannen si heimeside. Tema for tilsynet med kommunen som barnehagemyndigheit har vore godkjenning, rett til barnehageplass, kommunen sitt tilsyn eksemplifisert gjennom paragrafane 17, 18, Forskrift om pedagogisk bemanning, 19 og 22. Vi vurderer desse tilsynstema som svært relevante for situasjonen i sektoren og tek sikte på å gjennomføre tilsvarande tilsyn i dei resterande kommunane. Fylkesmannen vurderer det slik at tilsyna medvirker til tydelegare medvit i kommunane om rollene som barnehagemyndigheit og –eigar. Vi har eit klart inntrykk av at fleire kommunar fører tilsyn med barnehagane, men har også i 2011 avdekkat at ikkje alle kommunar i vårt fylke gjer det. Fleire kommunar og regionar samarbeider om interkommunale tilsynsordningar. Vi ser at tilsynet har medført regionale samarbeid om utvikling og forbetring av rutinar og system, t.d. når det gjeld godkjenningsregelverket og nye godkjenningar av utvida barnehagar. Det er og grunn til å tru at tilsynet medfører fleire skriftlege rutinar og dokumentering av praksis i sektoren.

**FMMR**

Tilsynsobjekt:	<b>Aure kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	•§10 – godkjenning •§ 12a – rett til plass i barnehage •§16, jf. §8, 1. ledd – kommunen sitt tilsyn eksemplifisert ved o§17 – styrar o§18 – barnehagen sitt øvrige personale oForskrift om pedagogisk bemanning. §1. Norm for pedagogisk bemanning o§19 – politiattest o§22 – opplysningsplikt til barneverntenesta
Avvik/funn:	Ingen
Frist for lukking av avvik:	
Pålegg:	Nei
Merknad:	
Ressursbruk:	
Kommentar:	Vi har nytta systemrevisjonsmetoden.

**FMMR**

Tilsynsobjekt:	<b>Vestnes kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	§10 Godkjenning, §12a rett til plass i barnehage, §16, jf. §8, 1. ledd-kommunen sitt tilsyn ekseplifisert ved §17 Styrar, §18 Barnehagen sitt øvrige personale. Forskrift om pedagogisk bemanning. §1. Norm for pedagogisk bemanning, §19 Politiattest, §22 Opplysningsplikt til barneverntenesta.
Avvik/funn:	Fylkesmannen avdekkja ingen avvik under tilsynet.
Frist for lukking av avvik:	
Pålegg:	Ja
Merknad:	Fylkesmannen gjorde ingen merknad under tilsynet.
Ressursbruk:	
Kommentar:	Vi har nytta systemrevisjonsmetoden. Fylkesmannen gir ein kommentar under punkt 5 i rapporten: Andre tilhøve."Vestnes kommune som barnehageeigar har rutinar for at det vert lagt fram politiattest ved tilsetting, men har ikje rutinar som sikrar at politiattestane vert makulerte etter slik framlegging. Fylkesmannen rår til at det vert utarbeidd skriftlege rutinar for makulering av politiattestar."

**FMMR**

Tilsynsobjekt:	<b>Ulstein kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	•§10 – godkjenning •§ 12a – rett til plass i barnehage •§16, jf. §8, 1. ledd – kommunen sitt tilsyn eksemplifisert ved o§17 – styrar o§18 – barnehagen sitt øvrige personale oForskrift om pedagogisk bemanning. §1. Norm for



	pedagogisk bemanning o§19 – politiattest o§22 – opplysningsplikt til barneverntenesta
Avvik/funn:	Avvik 1: Brot på barnehagelova §10, Barnehagelova §§1, 1a og 2 slår fast at kommunen, som styresmakt på barnehageområdet, «avgjør søknad om godkjenning etter en vurdering av barnehagens egnethet i forhold til formål og innhold, jf. §§ 1, 1a og 2.» På tilsynstidspunktet har Ulstein kommune ikkje ein godkjenningspraksis som lova føreset. Avvik 2: Brot på barnehagelova §16 Tilsyn jf. §8, 1. ledd – eksemplifisert ved §18 – Barnehagens øvrige personale, Forskrift om pedagogisk bemanning, §1. Norm for pedagogisk bemanning På tilsynstidspunktet har Ulstein kommune, som styresmakt på barnehageområdet, ikkje lagt korrekt forståing av § 1. Norm for pedagogisk bemanning til grunn for tilsynet med barnehagane i kommunen.
Frist for lukking av avvik:	02.04.2012
Pålegg:	Ja
Merknad:	Ingen
Ressursbruk:	
Kommentar:	Vi har nytta systemrevisjonsmetoden.

### FMMR

Tilsynsobjekt:	<b>Smøla kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	§10 Godkjenning, §12a Rett til plass i barnehage, §16, jf. §8, 1. ledd - kommunen sitt tilsyn eksemplifisert ved §17 Styrar, §18 Barnehagen sitt øvrige personale. Forskrift om pedagogisk bemanning. §1. Norm for pedagogisk bemanning, §19 Politiattest, §22 Opplysningsplikt til barneverntenesta
Avvik/funn:	Avvik 1: Brot på barnehagelova §10. Smøla kommune har ikkje rutinar for å godkjenne barnehagar i tråd med barnehagelova §10. Avvik 2: Brot på barnehagelova §16. Smøla kommune fører på tilsynstidspunktet ikkje tilsyn med verksemder etter barnehagelova slik lova krev. Avvik 3: Brot på barnehagelova §§ 16 og 8, eksemplifisert med §17. Barnehagane i Smøla kommune har ikkje ei forsvarleg pedagogisk og administrativ leiing.
Frist for lukking av avvik:	01.06.2012
Pålegg:	Ja
	Barnehagelova §§ 16 og 8, eksemplifisert med §22. Smøla kommune orienterer barnehagetilsette om opplysningsplikta til barnevernet, men

Merknad:	bør som barnehagemyndigheit vurdere rutinane sine for korleis dei ”påser” at dei tilsette i barnehagane er kjende med opplysningsplikta. Fylkesmannen anbefaler at rutinane vert skriftleggjorde.
Ressursbruk:	
Kommentar:	Systemrevisjonsmetoden er nytta.

### **FMMR**

Tilsynsobjekt:	<b>Ørsta kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	§10 – Godkjenning §12a – Rett til plass i barnehage §16, jf. §8, 1. ledd – kommunen sitt tilsyn eksemplifisert ved §17 – Styrar §18 – Barnehagen sitt øvrige personale Forskrift om pedagogisk bemanning. §1. Norm for pedagogisk bemanning §19 – Politiattest §22 – Opplysningsplikt til barneverntenesta
Avvik/funn:	Avvik 1: Brot på barnehagelova §10. Ved godkjenning av barnehagar vurderer Ørsta kommune ikkje om barnehagen er egna i høve til formål og innhald slik §§ 1 og 2 i barnehagelova krev. Avvik 2: Brot på barnehagelova §16, jf. §8, eksemplifisert forskrift om pedagogisk bemanning, §1. Norm for pedagogisk bemanning, Ørsta kommune har på tilsynstidspunktet ikkje lagt ei korrekt forståing av § 1. Norm for pedagogisk bemanning til grunn for tilsynet med barnehagane i kommunen.
Frist for lukking av avvik:	02.04.2012
Pålegg:	Ja
Merknad:	Ingen merknader.
Ressursbruk:	
Kommentar:	Systemrevisjonsmetoden er nytta.

### **FMMR**

Tilsynsobjekt:	<b>Skodje kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	§ 10 – godkjenning av barnehagar § 12a - rett til plass i barnehage § 16, jf. § 8, 1. ledd – kommunen sitt tilsyn eksemplifisert ved § 17 – styrar § 18 – barnehagen sitt øvrige personale Forskrift om pedagogisk bemanning. § 1. Norm for pedagogisk bemanning § 19 – politiattest § 22 – opplysningsplikt til barneverntenesta
Avvik/funn:	Avvik 1: Barnehagelova § 10 Skodje kommune har ikkje rutinar og praksis som sikrar formelle prosedyrar for godkjenning av barnehagar etter barnehagelova §§ 1 og 2, samt ny godkjenning ved endring av eksisterande verksemd, slik som barnehagelova § 10 føreset. Avvik 2: Barnehagelova §§ 16 og 8, eksemplifisert med forskrift om

Avvik/funn:	pedagogisk bemanning § 1. Skodje kommune har som barnehagemyndighet på tilsynstidspunktet ikkje ei korrekt forståing av pedagognorma i forskrift om pedagogisk bemanning § 1. Avvik 3: Barnehagelova §§ 16 og 8, eksemplifisert med § 22. Skodje kommune som barnehagemyndighet fyller ikkje plikta til å «påse» at dei tilsette i barnehagane oppfyller rapporteringsplikta til barnevernet etter § 22.
Frist for lukking av avvik:	02.04.2012
Pålegg:	Ja
Merknad:	Merknad 1: Barnehagelova §§ 16 og 8 Skodje kommune fører tilsyn med barnehagane i kommunen, men bør vurdere om tilsynet skal organiserast på ein måte som hindrar at ein skilde barnehagar blir tillagt tilsynsrolle under tilsynet. Merknad 2: Barnehagelova § 16 og 8, eksemplifisert med § 19 For dei kommunale barnehagane vert det registrert om det er framlagt politiattest ved tilsetjing. Dette vert teke hand om av kommunen sitt arkiv. Fylkesmannen kunne under tilsynet ikkje sjå at kommunen «påser» at dei tilsette i den private barnehagen legg fram politiattest, anna enn at dette er eit tema på styrarmøta.
Ressursbruk:	
Kommentar:	Systemrevisjonsmetoden

### 33.5 Kontroll av årsmeldinger og årsregnskap

Kontroll av årsmelding pr 15.12.2010 er gjort i henhold til oppdrag. Kontrollerte talet på barn i barnehagen opp mot tal fra "tilskuddsprogrammet" for om det kunne forekomme store avvik i barnetal. Det som måtte rettast på fra kommunen, var rapportering på årsverk og ansatte da det var ein del feilrapportering der.

Årsregnskap for ikkje-kommunale barnehage vart følgd opp og purra på dei kommunane/barnehagane som ikkje var ferdige fristen. Desverre viser det seg at enkelte barnehager ikke blir ferdige og får derfor heller ikke levert innan frist og før Basil blir stengt, ofte på grunn av manglande attestasjon fra revisor.

## Resultatområde 34 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen

Fylkesmannen anser retten til barnehageplass som oppfylt i samtlege kommunar i Møre og Romsdal. Gjennom oppfølging av kommunane i møte, rettleiing og rapportering gjennom e-post og tlf. følger vi med på situasjonen i eige fylke. Oppfylling av rett til barnehageplass er tema på alle tilsyna vi har gjennomført i 2011. Dialog om planlegging og dimensjonering av barnehage tilbudet er eit kontinuerleg tema med kommunane. Rettleiing til private barnehageeigarar har og omhandla barnehageutbygging/-nedlegging og spørsmål knytt til rett til barnehageplass. På bakgrunn av dette og sett i samanheng med kontinuerleg rettleiing etter behov, vurderer vi å ha nådd resultatkrava i oppdraget.

### 34.2 Kompetanseutvikling og rekruttering

Kompetanse:

Vi vurderer å ha nått måla vi har sett oss for 2011, særleg gjennom å stimulere og følge opp regionale tiltak. På bakgrunn av kommunane sine kompetanseplanar er kompetansmidlane uavkorta utbetalt til alle kommunane etter fordelingsnøkkel: Grunnbeløp per kommune, per barnehage og per barn i barnehage. Alle dei 36 kommunane i fylket har søkt om midlar til kompetansetiltak.

Dei fleste kommunane samarbeider i regionar om kompetanseutviklingstiltak. For ei betre måloppnåing i tråd med måla i Strategi for kompetanseutvikling, stimulerer fylkesmannen til regionalt samarbeid. Vi har i strategiperioden valt å fordele midlar til store, regionale prosjekt som involverer heile barnehageverksemdar/grupper av tilsette. Dette for å stimulere til at heile barnehageorganisasjonen skal endre og utvikle seg og for ei betre utnytting av tildelte ressursar. Erfaringsdeling og gode eksempel vert presentert på fellessamlingar. Vidare syner planar og rapportar at både kommunale og ikkje-kommunale barnehagar er ivaretekne. Vår erfaring er at i all hovudsak er dei ikkje-kommunale barnehagane inviterte med. Dersom dei ikkje ikkje ønskjer å delta i kommunale tiltak, er det gjerne fordi dei gjennomfører egne kompetanseutviklande tiltak. Fylkesmannen gir føringar til kommunane om at kompetansmidlane skal kome både ikkje-kommunale og kommunale barnehagar til gode. Samtidig oppmodar vi om at bruken av tildelte midlar involverer og vert drøfta med dei tilsette og tillitsvalde. I 2011 er det Romsdalsregionen (9 kommunar deltek) som er prioritert på bakgrunn av søknad til eit "Danningsprosjekt" der Høgskulen i Volda er fagleg ansvarleg. Disponering av midlane vert og diskutert med regionskontaktane. Det er mange utviklingsarbeid i gang i fylket. Desse er i hovudsak knytt til satsingsområda i kompetansestrategien.

Døme på prosjekt/utviklingsarbeid: "Kvalitet i barnehagen gjennom pedagogisk leiing", som inkluderer 11 kommunar. Romsdalsk barnehagestemne med om lag 800 deltakarar; "Lek, danning og sunn fornuft", "Etikk og verdier i barnehagen", "Friluftsliv i barnehagen." Vi har og utviklingsarbeid knytt til språk og læringsmiljø, fleirkulturalitet, sosial kompetanse og likestilling.

Den årlege barnehagekonferansen er eit samarbeid mellom Høgskulen i Volda, Utdanningsforbundet og Fylkesmannen i Møre og Romsdal. I 2011 vart den arrangert for niande gong og samla om lag 425 deltakarar. Tittel på konferansen var "Makt og Avmakt." Konferansen har etablert seg som ein viktig fagleg møteplass i fylket og fleire kommunar og barnehageeigarar flettar konferansen inn i øvrig plan for kompetanseutvikling. Målgruppe for konferansen er pedagogisk personale i barnehagane, barnehageansvarlege på kommunenivået, PPT- og høgskuletilsette. Planlegging, gjennomføring og evaluering av konferansen er eit kontinuerleg arbeid som gir synergjar i samarbeidet mellom høgskule, fagorganisasjon og fylkesmann.

Ny formålsparagraf og danning har vore tema på eiga samling med kommunane. I tillegg har vi bidratt med innlegg om samfunnsamandattet i ny formålsparagraf på avslutningssamling i det store utviklingsarbeidet på Nordre Sunnmøre: "Kvalitet i barnehagen gjennom pedagogisk leiing." Dette utviklingsarbeidet har inkludert 11 kommunar der om lag 100 pedagogiske leiarar i både kommunale og ikkje-kommunale barnehagar har deltatt. Vi har og hatt fleire samlingar der Rettleiing-/mentorutdanninga og ordninga med rettleiing av nyutdanna, nytilsette førskulelærarar har vore tema. Høgskulen i Volda har bidratt i dette og både kommunale- og ikkje-kommunale barnehageeigarar har vore inviterte på egne møte for eigarar, i tillegg til samlingar for kommunane som myndigheit.

Utgreiingar frå sentrale utval; Brenna, Midtlyng, NOKUT-evaluering av førskulelæruddanninga m.fl. har vore presenterte og diskuterte i samlingar med regionskontaktar og kommunar. Høgskulen i Volda deltek jamnleg på desse samlingane.

Rekruttering:

Vi har framleis store utfordringar når det gjeld å rekruttere førskulelærarar til yrket. Eit godt samarbeid med Høgskulen i Volda er viktig for å møte rekrutteringsutfordringane. Vidare har vi i 2011 hatt samlingar for både kommunale og ikkje-kommunale barnehageeigarar for å styrke medvit om ansvaret for rekruttering generelt og menn spesielt. Også når det gjeld rekruttering av menn har vi hatt og har framleis store utfordringar.

Når det gjeld den likestillingsfremmande pedagogikken har vi også i 2011 stimulert utviklingsarbeid i barnehagar. Desse arbeida har vore presentert på konferanse. Eitt av utviklingsarbeida (Molde kommune) har hatt artiklar i regionsavisa. Vidare har vi i 2011 starta planlegging av arbeidet i Likestillingsteamet.

Regionale rekrutteringstiltak: Sjå eigen rapport; "Ei felles utfordring".

Vi har også invitert andre embete for å dele våre erfaringar med våre prioriterte regionale rekrutteringstiltak.

Vi har lyst ut og tildelt midlar til utviklingsarbeid som har som mål å utvikle kompetanse i språkstimulering og fleirkulturell pedagogikk. Vi har nytta kompetansen i fokusbarnehagar til å formidle arbeidsmåtar som ein erfaren styrker arbeidet med fleirkulturalitet. Vi har signalisert til Høgskulen i Volda behov for eit meir konkret og kontinuerleg/langsiktig samarbeid om kompetanseheving på dette feltet. Dette vil forbetre arbeidet vårt. Samtidig er det viktig å halde fast på samarbeidet med NAFO. NAFO har bidratt på samling for kommunane.

KOMPASS; Kompetanseutvikling for assistentar. I november 2011 starta vi i samarbeid med Høgskulen i Volda opp med KOMPASS. Tiltaket er organisert med samlingar for assistentar og veiledning mellom samlingar. Det er viktig å sjå tiltaket som ein del av øvrig kompetanseheving i sektoren og stimulere ikkje berre til individuell læring, men til å utvikle barnehagen som ein lærande organisasjon. Vi legg også vekt på forankring i kommuneleddet og samlar barnehageansvarlege på kommunenivået for å sikre dette.

Avdelinga har i 2011 deltatt i nasjonal arbeidsgruppe om ordninga rettleiing av nyutdanna, nyttilsette førskulelærarar.

### 34.3 Andre satsingsområder

Også i 2011 har vi hatt fagsamlingar for kommunane der arbeidet mot mobbing, språkleg og kulturelt mangfald, samarbeid barnehage- barnevern, likestilling og samarbeid heim – barnehage har vore tema. Utarbeiding av lokale manifest mot mobbing har det vore innleia til og drøfta. Vi har m.a. hatt besøk av representantar for FUB. På samlingar med kommunane utfordrar vi også kommunane sjølve til å bidra med førebudde innlegg.

Vår vurdering er at vi har nådd måla vi har sett oss for 2011. Sjølv om mykje tid i regionane har gått med til implementering av økonomisk likeverdig behandling, har vi og bidratt i nettverk/regionar med tema som nemnt ovanfor.

I tillegg har vi kanskje enno meir enn tidlegare presisert rollene som eigar og myndigheit og kva oppgaver og ansvar som er knytt til rollene. Vi har brukt tid til å informere og kommunisere kring dette. Erfaringa vår er at dette bør vi halde fram med.

Vi har også i fylket hatt møte og etablert samarbeid med kontaktperson ved Likestillingscenteret og DMMH og er i gang med arbeidet i Likestillingsteamet. I desember arrangerte FM samling for barnehageeigarane i fylket med utfordringar knytt til likestilling som tema. Både rekruttering av menn og likestillingsfremmande pedagogikk var på dagsorden. Likestillingsteamet er i tillegg til FM, samansett av representantar frå HVO, Utdanningsforbundet, Molde kommune, styrar i Molde kommune og styrar frå Region Søre Sunnmøre.

Fylkesmannen støttar og den nasjonale barnehagekonferansen "Vi skaper framtida" som Kristiansund og Sunndal kommune arrangerer. Planlagt konferanse skal mellom anna ha likestilling på programmet, der utviklingsarbeid støtta av FM skal presenterast. Likestillingsmidlar har i hovudsak vore nytta til å støtte utviklingsarbeid og konferanse om temaet.

På embetet er vi i gang med ei 3-årig satsing som handlar om "Oppvekst for barn og unge" der alle avdelingane er medvirkande. Dette skal bidra til eit tverrfagleg samarbeid til det beste for barn og unge i kommunane i fylket.

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
31.1 Tilsyn	kr 2 584 467,02	kr 67 819,85
31.4 Informasjon og veiledning	kr 714 536,49	kr 0,00
31.5 Eksamen, nasjonale prøver og kartl. prøver	kr 586 462,33	kr 927 070,28
31.9 Annet tilsyn og forv. på utd.omr. (rest 31)	kr 54 951,29	kr 11 068,53
32.2 Kompetanseutvikling	kr 298 334,34	kr 184 388,64
32.3 Skoleporten	kr 170 488,62	kr 0,00
32.9 Andre oppg. for økt kval. i gr.oppl.(rest 32)	kr 173 447,38	kr 26 723,80
33.1 Tilskuddsforvaltning	kr 493 228,37	kr 106 628,34
33.2 Klagesaksbehandling	kr 181 459,31	kr 68 788,36
33.3 Informasjon og veil. bh	kr 0,00	kr 0,00

33.4 Tilsyn	kr 110 173,55	kr 68 788,36
33.5 Kontroll av årsmelding og årsregnskap	kr 0,00	kr 0,00
33.9 Andre tilsyn og forv. på b.hageomr. (rest 33)	kr 227 588,02	kr 145 412,67
34 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen	kr 272 271,23	kr 0,00
36 Landsdekkende oppgaver KD	kr 0,00	kr 0,00
Andre oppgaver under KD	kr 953,00	kr 0,00
Sum:	kr 5 868 360,00	kr 1 606 688,00

## **Statens Helsetilsyn**

### **Resultatområde 41 Tilsyn og klagebehandling etter barnevernloven**

Vi viser til rapport av 20.1.2012 om tilsyn og klagebehandling etter barnevernloven til Statens helsetilsyn.

#### **41.1 Hendelsesbasert tilsyn**

Det var behandla 14 tilsynsklager i 2011. Det kom inn 18 slike klager i løpet av året, i tillegg var det 2 restanse frå 2010 det var 6 saker som ikkje var avslutta pr 31.12.2011.

Fylkesmannen har konkludert med lovbrøt i 4 tilsynssaker i 2011. Alle desse gjaldt fristoverskridingar for å fremme sak til fylkesnemnda jf bvl § 7-10, 2 . lekken.

Mange av tilsynssakene kjem frå foreldre som ønskjer meir medverknad frå barneverntenesta i ein barnefordelingskonflikt med den andre av foreldra.

Fylkesmannen har motteke fleire klager frå fosterforeldre på barneverntenesta si handsaming.

#### **41.2 Planlagt tilsyn**

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn som systemrevisjon med tema frå barnevernlova i 3 barnevernstenester, ei av tenestene var interkommunal og omfatta 3 kommunar. Tilsyn med undersøkingar og evaluering av hjelpetiltak ved kommunal barnevern teneste: Ålesund kommune, Surnadal kommune (interkommunal barnevernteneste for Surnadal, Halså og Rindal), Smøla kommune

Alle tilsyna gjekk inn i det landsomfattande tilsynet med det kommunale arbeidet med undersøking og evaluering av hjelpetiltak til heimebuande barn, initiert av Statens helsetilsyn.

Det vart funne brot på krav stilte i eller i medhald av lov eller forskrift i alle tilsyna som er gjennomførde. Nokre døme på lov- og/eller forskriftsbrot er:

- Kommunen sikrar ikkje barns rett til medverknad i barnevernssaka si slik lovverket krev.
- Kommunen sikrar ikkje at barneverntenesta dokumenterer vurderingane sine i ulike fasar av barnevernssakene.
- Kommunen sikrar ikkje at alle barnevernundersøkingane vert gjennomført i tråd med regelverket.
- Kommunen sikrar ikkje at barneverntenesta evaluerer iverksette hjelpetiltak i tråd med regelverket.

Det er 5 barneverninstitusjonar i fylket. På alle institusjonane er det gjennomført systemrevisjon. Det har vore gjennomført til saman 14 individtilsyn. Følgjande tema er gjennomgått i systemrevisjonane: Bebuarane sin rett til medisinsk tilsyn og behandling. Det vart ikkje avdekt avvik ved nokon av institusjonane, men 4 fekk merknad.

I tillegg til tilsynsbesøka, har vi skrive brev til ein av institusjonane og presisert forhold knytt til tvangsprotokollar og kva paragrafar som kan nyttast for ulike plasseringsgrunnlag. Vi hadde også ein del kontakt (telefon, møte og brev) med ein annan institusjon for vurdering av ivaretakinga av ein av bebuarane som hadde store psykiske problem.

Fylkesmannen har i løpet av 2011 ført tilsyn med i alt 5 barneverninstitusjonar, med til saman 9 avdelingar/einingar. 4 institusjonar er statlege, og 1 institusjon er eigd og driven av private, av desse er ingen ideelle institusjonar. I løpet av året har følgjande endringar skjedd:

- Interaktiv barnevern (privat) er blitt godkjent for ei avdeling til, har no 3 avdelingar.
- Interaktiv barnevern gikk i november inn i Aleriskonsernet.

Ved utgangen av året var det 5 barneverninstitusjonar, med til saman 9 avdelingar/einingar.

Det er ingen omsorgssenter for mindreårige i Møre og Romsdal.

Det er ikkje ført tilsyn med senteret for foreldre og barn som finst i Møre og Romsdal.

### **41.3 Klagesaker**

Fylkesmannen behandla 4 klager på enkeltvedtak gjort av barneverntenesta i kommunane. Alle vedtaka vart stadfesta.

Fylkesmannen har i 2011 behandla 18 klager frå bebuarar på institusjonane, ingen frå deira føresette. Alle klagene gjaldt klager på bruk av tvang, jf. § 25. Dette er ein auke frå året før da det var 12 slike klager. Det er vanskeleg å gi nokon forklaring på dette – talmaterialet er forholdsvis lite. Ein stor del av klagene kom frå bebuarar ved ein institusjon i ein kort periode med mykje utageringar og protestar mot personalet. I 4 saker fekk bebuar medhald. 3 av desse sakene gjaldt kroppsvisitasjon, ransaking og beslag (§§ 14, 16 og 17). Korleis tvangen vart gjennomført og kva som var omfatta av beslaget var ikkje i tråd med regelverket.

### **41.9 Andre oppdrag**

#### **Tilsyn på grunnlag av fristoverskridingar**

Fylkesmannen har på grunnlag av gjennomgangen av fristskjema frå barneverntenestene, fått kunnskap om fristoverskridingar. 7 barneverntenester i Møre og Romsdal har i 2011 hatt oppfølging av Fylkesmannen med bakgrunn i fristoverskridingar. Oppfølginga har gått ut på rådgjeving og rettleiing, jf. forskrift om mulkt etter barnevernlova.

Det er i 2011 ikkje gitt mulkt til nokon av kommunane i Møre og Romsdal. Regjeringa valde i 2011 å gi øymerka midlar til styrking av det kommunale barnevernet. Fylkesmannen fekk i oppgåve å fordele 20 stillingar til barnevernet i kommunane i fylket. Dei kommunar som hadde størst vanskar med å halde lovkrav skulle prioriterast ved tildeling av stillingar. Fylkesmannen fann å avvente vidare tilsyn/ oppfølging av kommunar med høg andel fristoverskridingar til det kan ventast resultat av denne styrkinga.

### **Resultatområde 73.1 Klager på økonomisk stønad og kvalifiseringsprogrammet etter lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (Nav)**

Fylkesmannen har behandla 117 saker etter lov om sosiale tjenester i NAV. 110 av sakene var etter § 18/19, 2 saker var om vilkår etter § 20, 4 saker var om refusjon i ytingar frå folketrygda etter § 26 om mellombels bustad og 1 sak var om kvalifiseringsprogrammet. 87 vedtak vart stadfesta, 16 oppheva og 14 endra. 93 av sakene, det vil seie 79% av sakene blei behandla innan 3 månader.

Grunnen til at vi ikkje klarte å oppfylle målet om 90%, var vakanse i stillingar.

Vi viser ellers til rapportering til Statens helsetilsyn for 2011 når det gjeld klagesaker etter sosialtenestelova i NAV. Dette blei sendt inn elektronisk den 20.01.12. Viser også til SYSAM (systematisk samanlikning) som vi som vi rapporterer kvart tertial.

Fylkesmannen har holdt kurs i lov om sosiale tjenester i Nav med spesiell vekt på Kvalifiseringsprogrammet. Dette skjedde i Molde 12-13. juni 2011.

### **Resultatområde 74 Tilsyn etter lov om sosiale tjenester i NAV**

## 74.1 Hendelsesbasert tilsyn

Fylkesmannen får dagleg spørsmål frå folk pr. telefon, brev eller epost om forhold rundt sosialtenestelova i Nav. I dei aller fleste tilfella gir fylkesmannen råd og rettleiing, og det blir ikkje noko sak ut av det. I nokre saker finn fylkesmannen grunnlag for å ta kontakt med kommunen/Nav for å få orientering derifrå, og i nokre av desse saken oppretter fylkesmannen tilsynssak etter sosialtenestelova i Nav. I 2011 blei det avslutta 1 tilsynssak, og sluttbrev blei send i kopi til Statens Helsetilsyn.

Saka gjaldt klage på manglande oppfølging frå eit Navkontor. Fylkesmannen kunne ikkje sjå at Nav hadde handla i strid med lov eller forskrifter.

## 74.2 Planlagt tilsyn

Fylkesmannen har hatt tilsyn med sosiale tenester i Nav i 6 kommunar i 2011 og vil følgje opp med tilsyn i 6 nye i 2012. Fylkesmannen gjennomførte det same tilsynet også i 2010, og avdekka da om lag det same som blei avdekka i 2011. Tilsynet hadde fokus på behandling av søknad om økonomisk stønad. Dei tre hovudområda som blei undersøkt i dette tilsynet var:

- handtering av henvendelser
- kartlegging og innhenting av opplysningar
- om det blei gjort individuelle vurderingar og avgjerder

Tilsynet blei møtt på ein konstruktiv måte og blei oppfatta som eit bidrag i forbetningsarbeidet i Nav. I alle seks kommunane blei det avdekka avvik, men med noko varierende grunngeving. Felles for dei var at kommunane mangla system for å vise at vedtak blir gjort ut frå ei konkret, individuell vurdering. Tilsynet har og sett at den nasjonale utforminga av Navlokala har vist seg å vere ei stor utfordring for å ivareta teieplikta. Berre ein av kommunane som det blei ført tilsyn i hadde gjort grep for å endre lokala for å ivareta teieplikta i publikumsmottaket. Det vart og avdekka at barn sin situasjon i familiar med marginal inntekt sjeldan blir synleggjort gjennom den kartlegging og utgreiing som blir gjort. Tilsynet viser at mange kommunar ikkje sørgjer for gode systematiske tiltak for kontroll, rapportering og gjennomgang av drift og resultat. Kommunen si leiing held seg ikkje løypande orientert om, og etterspør heller ikkje om økonomisk stønad blir behandla i tråd med krava lovverket og på ein slik måte at brukarane si rettssikkerheit blir ivareteke.

## 74.9 Andre oppdrag

Fylkesmannen har gitt innspel til Statens helsetilsyn i brev og møter.

# Resultatområde 81 Tilsyn og klagesaksbehandling etter sosialtjenesteloven

## 81.1 Hendelsesbasert tilsyn

Fylkesmannen får dagleg spørsmål frå folk pr. telefon, brev eller epost om forhold rundt sosialtenestelova. I dei aller fleste tilfella gir fylkesmannen råd og rettleiing, og det blir ikkje noko sak ut av det. I nokre saker finn fylkesmannen grunnlag for å ta kontakt med kommunen/Nav for å få orientering derifrå, og i nokre av desse saken oppretter fylkesmannen tilsynssak etter sosialtenestelova eller sosialtenestelova i NAV. I 2011 blei det avslutta 2 tilsynssaker, og sluttbrev blei send i kopi til Statens Helsetilsyn.

Dei to sakene gjaldt hjelpetilbodet til psykiske utviklingshemma i ein kommune. Fylkesmannen fann ikkje at det var brot på lover eller forskrifter, men ga merknad i høve til at kommunen burde utarbeide rutinar for å sikre at slike saker blir behandla raskare i framtid. Kommunen blei også bedt om å sørgje for gode rutinar for samarbeid når fleire avdelingar i kommunen er inne i saka.

## 81.2 Planlagt tilsyn

Det vart gjennomført tilsyn med helse- og sosialtenester til eldre i 2011. Det skal gjennomførast nye tilsyn med



kommunane i 2012. Det er lagt til rette for ulike tilnærmingar/ tilsynsmetodar og eventuelt ein kombinasjon av tilsynsmetodane.

I embetsoppdrag er det krav om å gjennomføre 11 systemrevisjonar på sosialtenesteområdet. På grunn av reduserte ressursar måtte nokre planlagte tilsyn i 2011 gå ut. Dette for å sikre nok ressursar til å behandle klager og tilsyn basert på hendingar. I forhold til plan og embetsoppdrag blei:

- systemrevisjon som del av tilsyn med eldre redusert frå tre til to
- ikkje meldte tilsyn med sosial tenestene redusert frå to til ingen
- tilsyn med bruk av tvang og makt overfor personar med psykisk utviklingshemming redusert frå to til eit

Desse tilsyna vart gjennomført:

Systemrevisjonar med tema: Utredning og oppfølging av demente som bur utanfor institusjon, og ernæring: Kristiansund kommune, Hareid kommune

Stikkprøvekontroll med tildeling av avlastning: Tingvoll kommune, Halså kommune

Rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor personar med psykisk utviklingshemming: Aukra kommune, Vestnes kommune, Ørsta kommune

### **81.3 Klager etter sosialtjenesteloven**

Fylkesmannen har behandla 66 saker etter sosialtjenestelova. 59 var etter § 4-2a-e, 1 var etter § 6-1 og 1 etter § 11-2.

35 vedtak vart stadfesta, 7 avvist, 10 endra og 14 oppheva. Saksbehandlingsveggleiaren legg opp til at fylkesmannen i større grad skal endre vedtak framfor å oppheve og sende tilbake til kommunen. Dette har også blitt påpeikt i brev frå Statens Helsetilsyn. Dette har vore vanskeleg då svært mange av dei oppheva vedtaka har hatt så store manglar at ei evt endring ville ha kravd svært mykje tid og arbeid i form av nye opplysningar og vurderingar i kommunane. 40 av 66 saker, det vil seie 61% av sakene, har vore behandla innan 3 mnd. Dette skuldast i hovudsak vakanse i stillingar.

### **81.9 Andre oppdrag**

#### **Rettsikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemming**

Det blei gjennomført eit årleg møte med habiliteringstenestene ved sjukehusa i fylket. I tillegg har fylkesmannen gjennomført fleire rettleiingsmøter med kommunar og/eller spesialisthelseteneste som har bedt om rettleiing i høve til regelverket.

Fylkesmannen overprøvde 49 vedtak i 2011. Av desse blei 31 saker handsama innan 3 månader etter at saka kom inn.

## **Resultatområde 82 Tilsyn og klagesaksbehandling etter helsetjenestelovgivningen**

### **82.1 Hendelsesbasert tilsyn**

Helsetilsynet i Møre og Romsdal har motteke 109 saker og ferdigbehandla 94 saker der det er klaga over pliktbrøt frå helsepersonell/verksemdar si side. I tillegg er 24 saker løyst gjennom lokal avklaring, dvs. at vi har oppmoda pasient/klagar og helsepersonell om å ta direkte kontakt for å snakke saman. Detaljert elektronisk rapportering om dette (RegRoT) er innsendt til Statens Helsetilsyn pr. 07.01.12.

### **82.2 Planlagt tilsyn**

I embetsoppdraget var det krav om 17 systemrevisjonar i Møre og Romsdal, av desse 6 retta mot spesialisthelsetenesta. 8 av dei 11 tilsyna som var planlagt vart gjennomført med kommunehelsetenesta.

Det vart gjennomført tilsyn med helse- og sosialtenester til eldre i 2011. Det skal gjennomførast nye tilsyn med kommunane i 2012. Det er lagt til rette for ulike tilnærmingar/ tilsynsmetodar og eventuelt ein kombinasjon av tilsynsmetodane.

På grunn av ikkje tilstrekkelige ressursar måtte nokre planlagte tilsyn i 2011 gå ut. Dette for å sikre nok ressursar til å behandle klager og tilsyn basert på hendingar. I forhold til plan og embetsoppdrag vart:

- tilsyn med pasientrettighetsloven kapittel 4 A redusert frå tre til to
- systemrevisjon som del av tilsyn med eldre redusert frå tre til to
- tilsyn med fastlege som del av tilsyn med eldre redusert frå tre til to

Desse tilsyna vart gjennomført:

- Systemrevisjonar med tema: Utredning og oppfølging av demente som bur utanfor institusjon, og ernæring: Kristiansund kommune, Hareid kommune
- Ikkje melde tilsyn med tvungen helsehjelp etter lov om pasientrettigheter kapittel 4A: Vestnes kommune, Kristiansund kommune
- Tilsyn med to fastlegar
- Sjølvmeldingstilsyn om legemiddelhandtering: Sande kommune, Hareid kommune, Herøy kommune, Stordal kommune, Sula kommune, Giske kommune, Haram kommune, Rauma kommune, Sandøy kommune, Aukra kommune, Averøy kommune, Sunndal kommune, Rindal kommune, Aure kommune, Smøla kommune
- Tilsyn med tvungen helsehjelp etter lov om pasientrettigheter kapittel 4A: Tingvoll kommune, Midsund kommune

Revisjonar med spesialisthelsetenesta (krav 16 revisjonar i Midt-Noreg). Det vart gjennomført to landsomfattande revisjonar og to eigeninitierte revisjonar med spesialisthelsetenesta i Møre og Romsdal i 2011. I tillegg vart det gjennomført tilsyn i form av gjennomgang av dokumentasjon til eldre pasientar med hoftebrot ved alle dei fire sjukehusa. Krav til antall revisjonar nådd.

## 82.3 Klagesaker

Vi har motteke 161 saker og avslutta 152 saker i løpet av 2011. Dette er meir enn ei dobling i høve til 2010. Auken skuldast i første rekke ei bortimot tredobling av talet på klagesaker på pasientreiser. Dei 161 mottekne sakene fordeler seg med 123 pasientreiseklager (44 saker i 2010), 16 klager på nødvendig helsehjelp/vurdering (17 saker i 2010), og 22 andre saker (12 i 2010).

Den markerte auken i pasientreiseklagene kan ha mange grunnar, men ei problemstilling som gjekk igjen i fleire klager, var at kravet var forelda ved at regning var sendt inn meir enn 6 månader i ettertid. Dette heng nok igjen saman med endring i fristane av lovtekniske årsaker i 2008/2009, og pasientar nytta gamle reknings skjema som ikkje inneheldt opplysningar om innsendingsfristen, også etter at 6-månadersfristen var gjeninnført frå januar 2010.

Detaljert elektronisk rapport (RegRoT) er innsendt til Statens Helsetilsyn pr. 07.01.12.

## 82.9 Andre oppdrag

Helsetilsynet i Møre og Romsdal har behandla 70 meldingar etter § 3-3 i spesialisthelsetenestelova i 2011. Det er ein nedgang frå året før utan at vi veit kvifor. Vi har likevel grunn til å tru at det er ei underrapportering, og at også meldingar som skulle vore sendt til helsetilsynet blir behandla lokalt i helseforetaka. Dette kan vi seie fordi vi har gjennomgått alle meldingar om fall i samband med fall-prosjektet og fann då fleire alvorlege hendingar som ikkje var formidla vidare.

Vi har og i 2011 motteke meldingar om hendingar frå 2010, men jamt over er saksgangen i sjukehusa raskare enn

tidlegare. Meldingane er i hovudsak korrekt utfylt, men leiinga synleggjer for lite ein grundig diskusjon omkring kva som kan gjerast for å hindre at det skjer igjen. Det kan sjå ut som om denne diskusjonen ofte skjer i kvalitetsutvalet. Slik det blir rapportert no, kjem det lite fram om det foregår ein duiskusjon på avdelingsnivå, som kan førebygge nye uønska hendingar.

## **Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet**

### **Resultatområde 41 Tilsyn og klagebehandling etter barnevernloven**

Viser til rapport av 20.1.2012 om tilsyn og klagebehandling etter barnevernloven til Statens helsetilsyn, og rapport under resultatområde 41 til Statens helsetilsyn.

Barneverntenesta i kommunane skal hjelpe barn med særlege behov for hjelpetiltak, barn som ikkje får tilstrekkeleg omsorg, og unge som har vist alvorlege åtferdsvanskar. Talet på barn med barneverntiltak har auka monaleg dei seinare åra, medan talet på tilsette i kommunane si barnevernteneste har auka lite. Ei øyremerka løyving på 11.7 mill kroner har gitt 20 nye stillingar til kommunane i Møre og Romsdal. Midlane skal gi betre barneverntenester for barna.

Kommunane i Møre og Romsdal har over mange år hatt store utfordringar med å klare oppgåvene etter barnevernlova. Dette gjeld særleg lovpålagde fristar for kor lang tid barneverntenesta kan bruke på å undersøke ei sak. Ein stor del av barna som har barneverntiltak manglar lovpålagde planar, og mange fosterheimsplasserte får ikkje oppfølging i samsvar med reglane.

Barne, Familie- og Likestillingsdepartementet løyvde for 2011 over 11.7 mill. kr til styrking av det kommunale barnevernet i Møre og Romsdal. Midlane skulle fordelast av fylkesmannen, og kommunar som hadde størst vanskar med å oppfylle lovkrava skulle prioriterast. Med øyremerka midlar til styrking av kommunal barnevernteneste ville styresmaktene at ressursane først og fremst skulle nyttast til styrking av saksbehandlinga i barnevernet.

16 barneverntenester fekk tilskot til stillingar. Av dei var det 5 interkommunale barneverntenester.

Vanskane i barneverntenesta handlar ikkje berre om kapasitet men også om kompetanse. Barnevern er eit særskilt komplekst felt der kunnskapsbehovet for utøvarane er stort for å kunne utøve faget på best måte. Dei øyremerka styrkingsmidlane ga rom for løyvingar til kompetansetiltak. Etter å ha rådspurt utøvarane fann fylkesmannen å prioritere å gi midlar til vidareutdanning og til kvalifisering innan tiltaksarbeid. 2,7 mill kroner vart betalt ut til kommunane til kompetansestyrking.

Fylkesmannen har gjennomført dialogmøte med 9 kommunar som fekk styrkingsmidlar, og fått vite at midlane har vore svært kjærkomne. Alle kommunane som fekk midlar til stillingar har rekruttert fagfolk, men i nokre kommuner kom ikkje folk på plass før i 2. halvdel av året. Det vart framheva at resultat av styrkinga kan ikkje forventast før etter noko tid. Fagfolk i tenesta har fått løfta blikket og engasjementet er stort for å utvikle barnevernet til ei betre teneste for barn som treng det.

Kommunane si rapportering for 2011 viser at svikten i sakshandsaminga er mindre omfattande enn før. Men framleis er det ikkje samsvar mellom den kapasitet og kompetanse som finns i (dei fleste) kommunane og dei oppgåvene barneverntenesta har gjennom lovverket.

Det vart gjennomført tilsyn (systemrevisjon) med 3 barneverntenester i 2011. Dette var del av eit landsomfattande tilsyn initiert av Statens helsetilsyn. Tema var gjennomføring av undersøkingar og evaluering av hjelpetiltak, og det var eit særleg fokus på barns medverknad i sakene sine. Dei tre barneverntenestene som hadde tilsyn var: Ålesund (ytre bydel), Smøla og den interkommunale barneverntenesta for Surnadal, Halså og Rindal. Det vart funne avvik i alle tre tenestene. Rapportane frå tilsyna er lagt ut på Statens helsetilsyn si nettside:

<http://www.helsetilsynet.no/>

## **Resultatområde 42 Familierett**

### **42.1 Ekteskapsloven**

Vedtak om bevilling til separasjon: 476

Vedtak om bevilling til skilsmisse: 438

### **42.2 Anerkjennelsesloven**

Tal på godkjende saker: 34

### **42.3 Barneloven**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2011 ikke mottatt noen avtaler om foreldreansvar, fast bosted og samvær til stadfestelse for tvangskraft.

Fylkesmannen har i 2011 ikke behandlet noen saker om reisekostnader ved samvær, men har fortløpende drevet med veiledning til foreldre som ringer inn med spørsmål om reisekostnader og samvær.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ikke behandlet noen klager over avslag på opplysninger om barnet, samt krav om tap av opplysningeretten.

### **42.4 Veiledning og informasjon**

Fylkesmannen har i 2011 veiledet kommuner og publikum på familierettens område herunder på området om mekling.

Det har vært et økende andtall henvendelser når det gjelder spørsmål som dreier seg om reisekostnader i forbindelse med samvær.

## **Resultatområde 43 Krisetiltak**

Rapport om status for dei 3 krisesentra i fylkes er innsendt direktoratet. Krisesenteret i Ålesund vart etalert i nye lokaler i 2011 med fast tilsett personell og utforma i tråd med gjeldande lovverk. Tilsvarende er er under planlegging/etablering i Molde og Kristiansund der tilstøtande kommunar har inngått samarbeid knytt til eigen rammeavtale.

## **Resultatområde 44 Familievern**

Fylkesmannen her ikkje gjennomført tilsyn med familievernkontorene i vårt fylke i 2011. Med planlegg tilsyn i 2012 med våre tre familievernkontor i Molde, Ålesund og Kristiansund

## **Resultatområde 45 Barn og unge**

## 45.1 Informasjonsvirksomhet og samordning

**Kurs/seminar/konferanse:** I januar vart det halde kurs for barneverntenesta der advokat Rikke Lassen underviste om sakshandsaming i saker der barnevernlova og barnelova var aktuelle. 78 deltok.

I september arrangerte Fylkesmannen i samarbeid med BUFetat i Ålesund og Molde, Høgskolen i Volda og FO stor barnevernkonferanse i Geiranger med tema *Nytt... eller alt som før – Korleis utviklar vi eit barnevern for framtida*. Konferansen samla 175 deltakarar.

I november vart det arrangert arbeidsseminar for barneverntenesta der vi mellom anna formidla erfaringar frå det landsomfattande tilsynet, og fokuserte på barns medverknad i barnevernsaker. Seminaret hadde 60 deltakarar.

**Samarbeid med BUFetat/ fylkesnemnda:** Fylkesmannen koordinerer halvårlege samarbeidsmøte mellom BUFetat lokalt, Fylkesnemnda og Fylkesmannen. Møta vert nytta til informasjonsutveksling og drøfting av situasjonen i kommunane. Forumet vert også nytta til å klargjere samarbeid om aktuelle opplæringstiltak. Det vert gitt informasjon om planar for barneverninstitusjonane. Fylkesmannen formidlar tilsynserfaringar.

Fylkesmannen deltek også på halvårlege samarbeidsmøte mellom BUFetat Region Midt Norge og fylkesmennene i Midt Norge.

## 45.2 Fritak for taushetsplikt

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har behandlet 5 saker i 2011 som omhandler fritak for taushetsplikt for ansatte i barnevernet.

## 45.3 Handlingsplan mot kjønnslemlesting

Vi viser her til rapportering under 84.10 Kjønnslemlestelse.

## 45.4 Biologisk opphav

## 45.7 Tilskudd til kommunalt barnevern

### Styrking av barneverntenesta:

Barne, Familie- og Likestillingsdepartementet løyvde for 2011 kr 11.723.000 til styrking av det kommunale barnevernet i Møre og Romsdal som fylkesmannen skulle fordele. Fylkesmannen fordelte 20 stillingar der departementet hadde gitt føringar om at kommunar med størst avvik frå lovkrav skulle prioriterast. Fylkesmannen ba om råd frå barnevernleiarar med omsyn til prioritering av kompetansemidlar på kr 2.7 mill. Det vart prioritert å gi tilskot til vidareutdanning og til kvalifisering innan tiltaksarbeid.

16 barneverntenester fekk tilskot til stillingar. Av dei var det 5 interkommunale barneverntenester. Fylkesmannen følgde opp barneverntenester som hadde fått tilskot med besøk til 9 av dei. Besøka vart gjennomført som dialogmøte med barnevernleiar og eventuelt andre som barnevernleiar valde å ta med. Målet med møta var å få informasjon om situasjonen i kommunen og gi råd og rettleiing for å medverke til at det overordna målet med styrkinga vert nådd.

Fleire tilsette i barneverntenestene er i gang med vidareutdanning. Dei fleste barnevernleiarane i kommunane i fylket er i gang med leiarutdanning som også har eit utviklingsperspektiv. Denne utdanninga er komen i stand gjennom samarbeid mellom BUFetat og kommunar og gjort mogeleg gjennom midlar som fylkesmannen har tildelt.

Slik fylkesmannen ser det har auka ressursar i barneverntenesta skapt optimisme og pågangsmot for å stå på for å klare lovkrav. Men det er framleis ikkje samsvar mellom den kapasitet og kompetanse som finns i (dei fleste) kommunane og dei oppgåvene barneverntenesta har gjennom lovverket.

## Resultatområde 46 Universell utforming

Møre og Romsdal er eit av sju pilotfylke i Miljøverndepartementet si satsing på universell utforming. Det vart søkt om å vere pilotfylke i einskapsfylkeperioden og prosjektet er derfor eit samarbeid mellom fylkeskommunen og fylkesmannen. Det er satt ned ei prosjektgruppe som har representantar frå begge etatane. Eit av satsingsområda i prosjektet sin handlingsplan er kompetanseheving, og i samband med dette vil alle tilsette i embetet få tilbud om eit temakurs i emnet.

I 2011 har embetet revidert vår eigen handlingsplan for universell utforming. Den opprinnelege handlingsplana vart laga i einskapsfylketida.

Nye tiltak i handlingsplana for 2011 og 2012 er:

- Automatiske dørøpningar inn til 4. etasje servicekontoret og 5. etasje - dette er gjennomført i 2011
- HC toalett i 5. etasje - dette skulle huseigar gjennomføre i samband med ombygging, men er enno i realisert.
- Gjennomgang vedr. behov for ledelinjer/markeringar (innomhus i lokala til FM) - dette skal gjennomførast etter at ombygging av våre lokaler er gjennomført medio 2012.
- Sørge for at kurs/konferansar/møter som legges utanfor eigne kontorlokaler er tilpasse rørslehemma - dette vert gjort kontinuerleg
- I fleire år har utleigar av huset plassert julestjerner (allergene plantar) rundt om på huset (kantine, resepsjon, felles areal) FMMR har oppmoda utleigar om å revurdere utplassering av julestjerner rundt om på huset - huseigar tok oppmodinga og jula 2011 vart ikkje julestjerner plasserte ut
- Sørge for at kurs/konferansar/møter som legges utanfor eigne kontorlokaler er tilpassa tilsette med behov for "allergivenlege" lokaler/rom/spesialmat etc. I større forsamlingar sørge for at det er lydforsterkarar og helst teleslynge - dette vert gjort kontinuerleg.

## Resultatområde 47 Innvandring og integrering

### 47.1 Statsborgerseremonier

92 nye statborgarar fordelt på 57 kvinner og 35 menn deltok. 30 land var representert frå 26 av kommunane i Møre og Romsdal.

Dei som ikkje har høve til å delta, får tilbud om å komme på seremonien neste år. 33 av dei som ikkje hadde høve til å delta i 2011, ønskjer ny invitasjon for 2012.

#### Statsborgerseremonier

Embeter	Antall seremonier	Prosent nye statsborgere som har deltatt
FMMR	1	32
<b>Sum</b>	<b>1</b>	

### 47.2 Bosetting av flyktninger

Fylkesmannen har ikkje hatt nokon kontakt/forespørslar frå IMDi om dette.

### 47.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)

#### Klagesaker etter introduksjonslova

Fylkesmannen har behandla 3 klagesaker etter introduksjonslova i 2011. Den eine gjeld deltaking i introduksjonsordninga for ein person. Vår konklusjon i saka er at kommunen må behandle saka på nytt og følgje vilkåra for rett til deltaking i introduksjonsprogrammet. Dei to andre sakene gjeld stans i introduksjonsprogrammet for to personar frå same kommune. Fylkesmannen har stadfesta kommunen sitt vedtak om stans av programmet for den eine, men oppmoder kommunen til ny behandling i den delen av saka som gjeld reduksjon i

introduksjonsstønad. For den andre personar har fylkesmannen omgjort kommunen sitt vedtak om stans av introduksjonsprogrammet.

## **47.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkere**

### **47.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar og norskopplæring for asylsøkjarar**

#### **Tilskot til opplæring i norsk med samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har forvalta dei ulike tilskotsordningane som omtalt i **Rundskriv 09/11 frå IMDI**. Rundskrivet vart omtalt og lagt ut på heimesida vår i januar 2011. Vi har også dette året hatt mange telefonsamtalar med kommunane om bruken av NIR og søknad på dei ulike tilskots- ordningane. Fylkesmannen har elles deltatt på IMDi si fagsamling om norsktilskota hausten 2011.

Etter søknader i NIR er **Per capita tilskot** utbetalt med 62 388 100 kroner og **resultattilskot** med 3 200 400 kroner. **Grunntilskot** er utbetalt til alle dei 36 kommunane med totalt kr 12 120 000 ,-

#### **Tilskot til norskopplæring for asylsøkjarar**

Det er utbetalt tilskot etter søknader i NIR til kommunar med asylmottak kvartalsvis i 2011. Totalt er det utbetalt 7 846 900 kroner til kommunar med asylmottak i Møre og Romsdal.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har deltatt med informasjon om regelverk og tilskotsordningar for barn og unge asylmottakarar på NAFO si regionale nettverkssamling i Trondheim hausten 2011 for asylmottak og kommunar i Midt-Noreg.

#### **Informasjon til kommunane**

Dette er omtalt ovanfor.

#### **Klagesaker etter introduksjonslova**

Fylkesmannen har behandla 3 klagesaker etter introduksjonslova i 2011. Den eine gjeld deltaking i introduksjonsordninga for ein person. Vår konklusjon i saka er at kommunen må behandle saka på nytt og følgje vilkåra for rett til deltaking i introduksjonsprogrammet. Dei to andre sakene gjeld stans i introduksjonsprogrammet for to personar frå same kommune. Fylkesmannen har stadfesta kommunen sitt vedtak om stans av programmet for den eine, men oppmoder kommunen til ny behandling i den delen av saka som gjeld reduksjon i introduksjonsstønad. For den andre personen har fylkesmannen omgjort kommunen sitt vedtak om stans av introduksjonsprogrammet.

#### **Etterutdanning for lærarar som underviser vaksne innvandrarar i norsk og samfunnskunnskap**

Frå 2011 får fylkesmennene midlar frå VOX til etterutdanning av lærarar som underviser vaksne innvandrarar. For 2011 fekk FMMR tildelt til saman 245.000 kroner til dette formålet. I samarbeid med VOX har vi arrangert eit vellukka etterutdanningskurs for om lag 110 lærarar over to dagar i Geiranger hausten 2011. I tillegg har vi deltatt på VOX sin leiarkonferanse i Oslo våren 2011 og på VOX sitt møte med fylkesmennene desember 2011. Vi har også deltatt på IKVO (Interesseorganisasjon for Kommunal Voksenopplæring) sin årlege studiedag for lærarar og i eit møte med arbeidsutvalet for IKVO - med planlegging av aktivitetar for 2012. Nokre av midlane er tildelt IKVO til regionalt samarbeid og erfaringsutveksling om norskopplæringa.

## **Resultatområde 48 Likestilling**

Fylkesmannen har i embetsoppdraget ei oppgåve om å styrke kommunane si forståing av aktivitets og redegjørelesplikta. Dette er eit saksområde der embetet er i tvil om innhaldet, fordi den ikkje naturleg kjem inn under andre oppgåver ut mot kommunane.

Embetet har hatt eit medlem i styringsgruppa til forprosjektet etablering av Regionalt senter for inkludering og mangfald som er initiert av Herøy kommune. Målet med forprosjektet er å utgreie og forankre etablering av eit regionalt senter for inkludering og mangfald i Herøy kommune. Hovudoppgåvene til eit slikt senter vil vere å

drive informasjons- og pådrivararbeid om betydning av systematisk likestillingsarbeid, og om dei plikter Likestillingslova og Diskrimineringslovverket gir lokale og regionale mynde.

På grunn av samanfallande arrangement kunne dessverre ikkje nokon frå embetet delta på kurs/møte i regi av BLD (Barne, likestillings- og inkluderingsdepartementet) 24.november 2011.

Når det gjeld fremming av likestilling i eige embete sjå resultatområde 98.4

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
41 Tilsyn med barnevernområdet	kr 840 388,56	kr 0,00
42 Familierett	kr 788 246,69	kr 44 443,87
43.1 Tilsyn med kommunale krisesentertiltak	kr 0,00	kr 0,00
43.9 Andre krisetiltak (rest 43)	kr 0,00	kr 0,00
44 Familievern	kr 4 259,67	kr 44 443,87
45 Barnevern	kr 512 806,79	kr 387 257,75
47 Integrering	kr 114 991,95	kr 21 950,75
Andre oppgaver under BLD	kr 1 236,00	kr 0,00
Sum:	kr 2 261 929,00	kr 498 096,00

## Justis- og politidepartementet

### Resultatområde 51 Siviladministrasjon

#### 51.2 Vergemålsloven

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har merka seg at sakene som kjem inn hit til behandling ofte er juridisk kompliserte. Dette ser ein også av anna kontakt ein har med overformynderia og andre per telefon og e-post. Også i 2011 er det ei auke på innkomne klagesaker og saker i første instans.

I 2011 mottok fylkesmannen 23 klagesakar og 9 saker i førsteinstans. Det er behandla 14 klagesaker, derav 1 frå 2010. Det er behandla 6 førsteinstans saker. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida på klagesaker har vore ca. 3,5 månader og på saker behandla i første instans ca. 1,5 månad. I 2011 vart 1 av sakene påklaga til Justis- og politidepartementet og 3 saker vart påklaga til Sivilombodsmannen.

I 2011 mottok fylkesmannen 34 rekneskap (inkl. frå tidlegare rekneskapsår). Det er behandla 32 rekneskap (inkl. frå tidlegare år). Gjennomsnittlig saksbehandlingstid har vore 8,5 månader.

Det er ikkje utført stadlege tilsyn på grunn av ressursituasjonen på området. Det er imidlertid oppretta 1 tilsynssak i 2011. Denne er ikkje avslutta.

Som ledd i fylkesmannen sitt tilsynsansvar har det i 2011 blitt sendt ut informasjonsskriv om enkelte sentrale tema til alle overformynderia i fylket.

#### Oppgaver etter vergemålsloven

Embeter	Antall saker	Antall tilsyn
FMMR	32	0
<b>Sum</b>	<b>32</b>	<b>0</b>

## Resultatområde 52 Borgerrettigheter



## 52.1 Fri rettshjelp

Fylkesmannen behandlet i 2011 ca 700 nye søknader om fri rettshjelp. 620 av disse utgjør fritt rettsråd, hvorav omtrent halvparten blir importert via det elektroniske rettsrådssystemet. Ca 80 saker er da søknader om fri sakførsel, inklusiv arbeidsoppgaver fra Kontrollkommissjonen. I tillegg kommer alle nye søknader og henvendelser på tidligere opprettede saker.

Fylkesmannens arbeid med fri rettshjelp innebærer i tillegg mye veiledning/rådgivning om rettigheter etter rettshjelpsordningen til privatpersoner som er kommet i en vanskelig situasjon eller tvist og dermed har behov for juridisk bistand. Det er også mange henvendelser fra advokater vedrørende ordningen.

En rapporterer kvartalsvis detaljert til Statens sivilrettsforvaltning om sakstyper, saksbehandlingstid og utbetalinger. I tillegg rapporteres det til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane om antall elektroniske saker pr kvartal.

## Resultatområde 53 Forebyggende samfunnsikkerhet

Fylkesmannen skal i samsvar med oppdrag og instruksar frå nasjonale fagstyresmakter samordne arbeidet med samfunnsstryggleik og beredskap i fylket. Fylkesmannen skal arbeide for at det i fylket finst eit felles, heilskapleg risiko- og sårbarheitsbilde og at kommunar og fagstyresmakter analyserer og handterer risiko og sårbarheit innanfor sine ansvarsområde.

### 53.1 Oversikt over regionale samfunnsikkerhetsutfordringer

Fylkesmannen, fylkeskommunen og NGU ferdigstilte i april 2011 ein risiko- og sårbarheitsanalyse for fjellskred i Møre og Romsdal – "FylkesROS-fjellskred". Denne analysen gir ei samla oversikt over kvar og korleis risikoen for fjellskred gjer seg gjeldande i Møre og Romsdal. Kartlegging har identifisert over 80 ustabile fjellparti som kan føre til fjellskred med store volum. Fjellpartia er klassifiserte etter risiko. Fire fjellparti har høg risiko: Mannen (Rauma), Åknes (Stranda) og Hegguraksla, øvre og nedre (Norddal). 15 fjellparti har moderat risiko og 36 har låg risiko. 33 fjellparti er førebels ikkje risikoklassifiserte. FylkesROS-fjellskred gir råd om beredskapstiltak, vidare risikovurderingar og oppfølging gjennom arealplanlegging og utbygging. Fjellpartia med høg risiko vert allereie handterte av det interkommunale selskapet Åknes/Tafjord Beredskap IKS. For ustabile fjellparti med moderat risiko, er det så langt ikkje etablert rutinar for oppfølging. FylkesROS-fjellskred tilrår etablering av eit program for periodiske rørslemålingar. Fjellpartia som ikkje er risikoklassifiserte bør følgjast opp gjennom vidare undersøkingar i det nasjonale kartleggingsprogrammet for fjellskred.

Straks etter ferdigstillinga av FylkesROS-fjellskred, bestemte fylkesmannen og fylkeskommunene seg for å vidareføre samarbeidet om risiko- og sårbarheitsanalysar. Neste mål er å utarbeide ein heilskapleg fylkesROS, som i utgangspunktet skal analysere alle risiko- og sårbarheitsfaktorar som har regional betydning. Samfunnskritiske infrastrukturar som kraftforsyning, telesamband og vegtransport blir sentrale analyseobjekt. Arbeidet vart starta opp i august 2011, planprogrammet vart sendt til høyring i november, og analysen skal ferdigstillast i løpet av 2012.

### 53.2 Samfunnsplanlegging

Dette resultatområdet er utfrå ressursbruk det største enkeltoppdraget innanfor fagområdet. I 2011 brukte Fylkesmannen i Møre og Romsdal om lag eitt årsverk på samfunnsstryggleiksfagleg rådgjeving, rettleiing og uttalar til kommuneplanar, reguleringsplanar og dispensasjonssaker. I løpet av dei siste åra har behovet for innsats på dette området auka kraftig. Dette som ei følgje av fleire forhold: auka saksmengd, skjerpa regelverk og særskilde lokale utfordringar knytt til risiko for fjellskredgenererte flodbølger. Totalt handsama fylkesmannen 1133 kommuneplanar, kommunedelplanar reguleringsplanar og dispensasjonssaker i 2011. Til 18 av plansakene vart det fremja motsegn utfrå manglande ivaretaking av samfunnsstryggleiksmessige forhold. Dette er ein markert auke frå 2010 då det var 3 motsegner, men på same nivå som i 2009 då talet var 13. Vi trur variasjonen kan vere tilfeldig. Til grunn for dette legg vi blant anna at det ikkje ligg alvorlege konflikhtar bak nokon av motsegnene. I dei fleste tilfella er det snakk om mangelfull utgreiing eller dokumentasjon av risiko – forhold som kommune/forslagsstillar kan rette opp. Ingen saker vart i 2011 sende over til miljøverndepartementet for avgjerd

der.

Dei siste åra har det kome mykje nytt regelverk og rettleiing innanfor førebyggjande samfunnstryggleik. Ny plan- og bygningslov, ny sivilbeskyttelseslov og forskrifter og rettleiing til desse. Etter fylkesmannen si vurdering har dette ført til ein markert heving av kvaliteten på ROS-analysar, spesielt innanfor arealplanlegging og utbygging. Når det gjeld heilskapelege ROS-analysar med heimel i sivilbeskyttelseslova er det enno ein lang veg å gå. Kommuneundersøkinga til DSB viser at 14 av 36 kommunar i Møre og Romsdal ikkje har ein slik ROS- analyse, og at ytterlegare 11 har analysar frå 2008 eller tidlegare.

Ein vesentleg del av forklaringa er at det har gått lang tid frå lovfestinga i 2010 til forskrift og rettleiar kom på plass. Forskrifta kom i oktober 2011, og i februar 2012 ventar vi framleis på rettleiaren. Fylkesmannen forstår at kommunane har venta med å starte arbeidet med heilskapelege ROS-analysar inntil desse kom. På den andre sida: Når rettleiaren ligg føre, finst det ikkje lenger gode grunnar til å vente, og oppfølging av kommunane sitt arbeid med heilskapelege ROS-analysar har høg prioritet hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal i 2012 og 2013.

### **53.5 Planlegging innen kraftforsyning, flom- og skredfare**

Fylkesmannen har gjennom 2011 gitt fleire innspel til NVE sitt arbeid med identifisering og prioritering av areal med ulike typar skredrisiko. FylkesROSfjellskred er i denne samanhengen eit viktig enkeltprosjekt.

I arbeidet med konkrete arealplansaker har fylkesmannen god dialog med NVE sine regionkontor. Saker der motsegn kan vere aktuelt vert alltid drøfta med NVE.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har gjennom høyringsuttalar og i dialog med berørte aktørar aktivt bidrege til å synleggjere behovet for sikker kraftforsyning, jf. avsnitt 2.6.

## **Resultatområde 54 Beredskapsforberedelser**

### **54.1 Beredskapsplaner innen samfunnssikkerhet**

Når det gjeld tilsyn med kommunane vart forrige tilsynssyklus fullført i 2009. I forståing med DSB har vi førebels ikkje prioritert oppstart av ny tilsynssyklus. Vi meiner det ikkje er føremålstenleg å starte ny tilsynssyklus før kommunane har fått høve til å gjere seg kjente med krava som no er gitt i lov om kommunal beredskapsplikt og tilhøyrande forskrift.

I det kommuneretta arbeidet har vi prioritert opplæring og rettleiing. Hovudfokus i 2011 har vore innføring av nytt krisestøtteverktøy (CIM).

Sidan 2006 har Fylkesmannen i Møre og Romsdal koordinert arbeidet med å etablere beredskapsordningar for område med risiko for fjellskred og fjellskredgenererte flodbølger. I 2011 har vi prioritert arbeidet med eit nasjonalt fellesgrunnlag for denne typen planverk. Arbeidet skjer i samarbeid med Politidirektoratet, NVE, Åknes/Tafjord beredskap IKS, Fylkesmannen i Troms og kommunane og politidistrikta i Møre og Romsdal og Troms. Dette er eit omfattande arbeid som held fram i 2012.

### **54.2 Øvelser**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjennomførte krisehandteringsøvingar for 15 kommunar i 2010. Med unntak for ein kommune som melde avbod dagen før øvinga er vi innanfor "fireårskravet".

Fylkesmannen sin beredskapsstab og leiargruppe vart øvd i februar 2011. Deler av fylkesberedskapsrådet deltok også.

Fylkesmannen har i 2011 leia planlegginga av den sivile delen av Møre og Fjordane Heimevernsdistrikt si øving "Mørejarl 2012". Øvinga går siste veka av april 2012, og den sivile delen vil omfatte tre kommunar, spesialisthelsetenesta, Politiet og Sivilforsvaret.

## 54.6 Regional samordning

Møte i fylkesberedskapsrådet vart gjennomført i samband med "Øving kraft-ekom-veg" i februar 2011. Frivillige organisasjonar er representert i fylkesberedskapsrådet.

Fylkesmannen arrangerte i august 2011 regionalt totalforsvarsmøte for Midt-Norge.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal koordinerer arbeidet med beredskapsplanverk for område med risiko for fjellskred og fjellskredgenererte flodbølger. I 2010 har vi prioritert arbeidet med eit nasjonalt fellesgrunnlag for denne typen planverk. Arbeidet skjer i samarbeid med Politidirektoratet, NVE, Åknes/Tafjord beredskap IKS, Fylkesmannen i Troms og kommunane og politidistrikta i Møre og Romsdal og Troms. Dette er eit omfattande arbeid som held fram i 2012 og er eit stort løft.

## 54.8 Felles digitalt nødnett

Ingen oppgåver for Fylkesmannen i Møre og Romsdal i 2011.

## 54.9 Atomberedskap og strålevern

I 2011 vart det ikkje gjennomført møte i atomberedskapsutvalet. Atomberedskapsutvalet var samla i to dagar i 2010. Under samlinga vart Statens strålevern sitt kompetansehevingsprosjekt, inkludert øving, gjennomført. Øvingskravet er derfor oppfylt.

Fylkesmannen sitt atoberedskapsplanverk vart i 2011 lagt inn på det nye krisestøtteverktøyet CIM. Planverket på atomberedskap.no er ikkje ajourført i 2011. I samband med flyttinga av alt anna beredskapsplanverk til CIM er det rimeleg å vurdere korvidt det er føremålstenleg å ha planverk to stader.

Eit atomberedskapsscenario har blitt brukt kommuneøvingane i perioden 2009-2011. Innan utgangen av 2011 har 35 av 36 kommuna øvd på atomberedskap. Øvingsopplegget omfattar også føredrag om norsk atomberedskap.

Utover det som kjem fram gjennom øvingar og fagsamlingar har ikkje fylkesmannen systematisk oversikt over status for kommunane sin atomberedskap. Slik vi forstår oppdraget vil det vere rimeleg å bygge ein slik oversikt gjennom tilsyn. Fylkesmannen startar ny tilsynssyklus når forskrifta om kommunal beredskapsplikt er vedteken.

Fylkesmannen deltok på ei varslingsøving i 2010.

## 54.10 Beredskap innen kraftforsyning

Fylkesmannen har god kontakt med kraftforsyninga sin distriktssjef (KDS) både om enkeltsaker (linjeutbygging) og om kraftforsyningssituasjonen generelt. Fylkesmannen er fast deltakar på KBO sitt årlege fylkesmøte og KDS møter fast i fylkesberedskapsrådet.

Straumforsyningsproblematikk var eit aktuelt tema i heile 2011. På etterjulsvinteren var magasinfillinga det lågaste nivået nokon gong, og året vart avslutta med "Dagmar" og den alvorlegaste forsyningssvikten på 20 år. Forsyningssvikt, både som følge av tørrår/energimangel og skadar på infrastruktur, er ein alvorleg trussel mot samfunnskritiske samfunnsfunksjonar. Og trusselen må møtast både på sentralt og regionalt/lokalt nivå. Fylkesmannen i Møre og Romsdal er glad for at NVE og kraftbransjen raskt har teke tak i dei utfordringane som "Dagmar" dokumenterte. Samstundes ser vi eit stort behov for tiltak lokalt: i kommunane og lokalsamfunna. Først og fremst er det eit behov for gjennom ROS-analysar å kartlegge risiko og sårbarheit, og på det grunnlaget iverksette tiltak for å redusere konsekvensane av straumbrot.

Flaumvarslingsstenesta vart i 2010 følgt opp i samsvar med retningslinjene.

## Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering

### 55.1 Organisering for krisehåndtering

På grunn av ombygging vart fylkesmannen sitt kryptoutstyr demontert og innlevert til Forsvaret i mai 2011. Godkjenningsprosedyre for nytt kryptorom er iverksett.

## 55.2 Krisehåndtering

Fylkesmannen sin beredskapsorganisasjon var aktivt involvert i to store hendingar i 2011: 22. juli og ekstremvêret "Dagmar". For nærare omtale av desse viser vi til avsnitt 2.6.

## 55.3 Evaluering

Fylkesmannen har følgd opp dei nasjonalt organiserte evaluerings- og oppfølgingstiltaka etter 22. juli. Fylkesmannen har i tillegg oppretta ei regional ressursgruppe som har månadlege møte med representantar for dei berørte. I gruppa inngår støttegruppa, Arbeidarpartiet og AUF, spesialisthelsetenesta, fylkeskommunen og KS. Berørte kommunar var invitert til eitt av møta i ressursgruppa. Ressursgruppa blir brukt til planlegging og koordinering av oppfølgingstiltak i 2012, blant anna eit kursopplegg for kommunale omsorgsberedskapsgrupper og ein erfaringskonferanse i andre halvår.

Evalueringa av "Dagmar" fell utanfor 2011, men likevel nemnt her: Fylkesmannen har gitt innspel til evaluering i regi av nasjonale fagstyresmakter, det er gjennomført evalueringsmøte i fylkesberedskapsrådet, og det er planlagt eit erfaringsseminar for kommunane.

Fylkesmannen arrangerte i januar 2011 eit erfaringsseminar etter "snøskredvinteren 2010". NVE og Statens vegvesen var medarrangørar og i tillegg deltok kommunar, redningsetatar og skredexperte. Hovudkonklusjonen var at det er behov for betre planverk for fortløpande informasjon om stengte vegar og alternative køyreruter. Dette har Statens vegvesen og fylkeskommunen følgd opp.

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
51.2 Vergemålsloven	kr 534 366,78	kr 178 412,17
51.9 Annen siviladministrasjon (rest 51)	kr 0,00	kr 0,00
52.1 Fri rettshjelp	kr 600 079,73	kr 67 106,69
52.9 Annet Borgerettigheter (rest 52)	kr 0,00	kr 0,00
53 Forebyggende samfunnsikkerhet	kr 1 189 195,78	kr 0,00
54 Beredskapsforberedelser	kr 1 154 288,11	kr 0,00
55 Regional og kommunal krisehåndtering	kr 346 203,06	kr 0,00
Andre oppgaver under JD	kr 17 127,00	kr 0,00
Sum:	kr 3 841 260,00	kr 245 518,00

## Kommunal- og regionaldepartementet

### Resultatområde 61 Samordning, omstilling og fornying i kommunene

#### 61.1 Kommunerettet samordning

Vi er i ein prosess kor vi knytt avdelingane i embetet tettere sammen i sakar kor embetet har behov for intern samordning. informasjonsutveksling om kommunane og korleis vi kan omsette kompetansen og ressursane våre

for å bidra til å løse lokale utfordringar og bistå kommunane i å nå nasjonale målsettingar. Dette arbeidet består av fleire delar, og i 2011 har vi prioritert å utarbeide eit dialogdokument og strukturen rundt skjønnsmidlane, og spesielt rundt prosjektskjønnet.

Dialogdokumentet er eit dokument som skal bli utarbeid for kvar kommune i fylket. Dokumentet er bygd opp med utgangspunkt i status i den einskilde kommunane sett i høve til eit gjennomsnitt for fylket, for landet, nasjonale mål og fylkesmannens forventningar til kommunen. Dialogdokumentet må altså sjåast i samanheng med "kommunestatistikken" og "forventningsbrevet". Alle fagavdelingane i embetet bidrar til dialogdokumentet, og får ei side kvar der dei tek opp dei viktigaste utfordringane til den aktuelle kommunen sett frå fylkesmannen si side. Dette resulterer i konkrete punkt som embetet kan nytte i dialogen med kommunane om forbetring og utvikling framover, og kan også sjåast i samanheng med dialogkonferansen. Gjennom arbeidet i dialogdokumentet får vi også eit heilskapleg grunnlag i tildelinga av skjønnsstilskotet. Det gjeld både ordinært skjønnsstilskot knytt til spesielle høve i den einskilde kommune og prosjektskjønnet.

Som eit ledd i å forankre den kommuneretta samordninga internt i embetet vil det opprettast ei gruppe med faste kontaktpersonar i frå kvar avdeling som vert eit knutepunkt mellom avdelinga og leiinga, og som får eit utvida ansvar i å ta initiativ i saker kor embetet treng å samordne seg for å ha ein heilskapleg tilnærming til kommunane.

I desember var vi å orienterte KRD om status for Robek-kommunane, og spesielt med tanke på status for inndekking av underskot kor fleire kommunar står i fare for å måtte søkje om forlenga inndekningstid.

Vi utarbeider kvart år rapport om "Utvikling i kommuneøkonomien". I rapporten ser vi på korleis den økonomiske statusen er for kva ein skild kommune i fylket, og for eit gjennomsnitt i fylket og for landet utanom Oslo og opp mot kva som er måltal for ein bærekraftig økonomi.

## **61.2 Omstilling og fornying i kommunene**

Prosjektskjønnet er vårt klart viktigaste middel for å fremje omstilling, utvikling og fornying hjå kommunane. I 2011 kom det inn over 60 søknader som totalt søkte om ca 40 millionar. Vi tildelte i overkant av 6,5 millionar kroner til 25 prosjekt. Sjå også punkt 2.1.

## **61.3 Samordning av statlig tilsyn**

Fylkesmannen har etablert eit godt samarbeid med dei største eksterne statlege tilsynsetatane som driv tilsyn retta mot kommunane. Dette inneber mellom anna gjensidig utveksling av tilsynsplanar og tilsynsrapportar slik at dei statlege tilsyna kjenner til kvarandre sine planar for dei kommunerett tilsyna. Ein aktiv bruk av tilsynskalendaren der både planlagte tilsyn leggst ut, samt den endelege tilsynsrapporten Vidare har vi eit godt samarbeid med kontrollutvalgsekretærene og kommunerevisjonen.

Vi har i 2011 ikkje blitt varsla om pålegg frå andre tilsyn som kan tenkjast å ha vesentleg verknad for kommunen.

I 2011 arrangerte vi ein regional tilsynskonferanse for dei tre fylka i Midt-Norge der både dei statlege tilsynsetatane, kommunerevisjonen, kontrollutvalgsekretærene og fylkesmannen sin tilsynsperssonar møttes til to dagar med fagleg påfyll og gode diskusjonar for det fremtidige samarbeidet. Vi vil også i framtida prioritere samordninga mot kommunane sin eigenkontroll.

## **Resultatområde 62 Kommuneøkonomi**

### **62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i Kommuneloven**

#### Robek

Ved inngangen av 2011 var det sju kommunar i Robek. I kontrollen av årsrekneskapen fann vi grunnlag for innmelding av tre nye kommunar. I tillegg var det grunnlag for å melde éin Robek-kommune på ny bokstav. Ingen kommunar vart meldt ut av Robek. Ved utgangen av året var det ti kommunar i Robek.

Vi førte lovlegkontroll med budsjetta til sju kommunar. Vi måtte oppheve eit budsjett. I somme budsjett vart det peika på høve av mindre storleik, utan at det medførte oppheving av budsjettet.

Oppfølginga av Robek-kommunane er situasjonsbestemt, kor vi nyttar forpliktande plan, skjønnsmidlar og lånegodkjenning som verkty ut i frå situasjonen i den enkelte kommune. I utgangspunktet godkjenner vi alltid lån til investeringar i VAR-sektoren og såkalla startlån. Vidare støttar vi opp om investeringar knytt opp mot tilskot, rente- eller avdragskompensasjon (statlege satsningsområder). Kor høg låneramme den enkelte kommune får, er avhengig av korleis den økonomiske situasjonen og utviklinga er. Vi godkjenner sjeldan høgare låneramme enn budsjetterte avdrag etter at lån til VAR-sektoren og startlån er tatt ut.

Vi fikk 14 søknader om godkjenning av låneopptak i 2011. Ein søknad vart avslått fordi kommunen hadde mykje unytta lånemiddel. I to søknadar reduserte vi låneopptaket på grunn av at somme investeringar vart tatt ut av investeringsbudsjettet, at opprinneleg investeringsbudsjettet innehaldt driftsutgifter og at aktivitetsnivået var for høgt i høve til driftsbalansen.

#### Godkjenning av låneopptak for interkommunale selskap

Vi har hatt seks søknader inne til handsaming i 2011, og alle vart godkjent.

#### Godkjenning av kommunale garantiar

Vi fikk inn 19 søknader om kommunale garantiar i 2011. Tre søknader vart avslått fordi garantiobjektet driv næringsverksemd. Ein søknad vart avslått på grunn av for lang varigheit på ein garanti til driftsføremål. Av dei 19 søknadene var det sju om sjølvskuldnarkausjon, og tre av dei sju vart avslått.

## **62.2 Økonomiforvaltning - veiledning**

### Robek

Vi ser at mange kommunar i Møre og Romsdal er i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Talet på Robek-kommunar aukar, og det er enno fleire som har ein svak økonomisk balanse. Oppfølging av Robek-kommunane har difor vært ei av to hovudprioriteringar i 2011.

I samband med lovlegkontrollen av budsjettet til Robek-kommunane, gjer vi òg ein analyse av drifts- og investeringsbudsjettet. Denne tilbakemeldinga gir både kommunen og oss eit grunnlag for dialog om status og arbeidet vidare mot økonomisk balanse.

Vi legg vekt på å følgje opp kommunane sitt arbeid med forpliktande plan. Vi ser for oss at ein slik plan må innehalde (1) ein tabell som viser status for inndeckning av underskot, (2) mål for økonomiforvaltninga og (3) kva for tiltak kommunen skal gjennomføre for å få balanse i økonomien. Ved budsjettgjennomgangen følgjer vi opp at kommunen har utarbeidet ein slik plan. På hausten hadde vi ein rapportering på forpliktande plan knytt opp mot tilbakeholdt skjønnsstilskot. Vi har lagt om strategien vår for tildeling av ekstra skjønnsstilskot til kommunar i Robek. For at kommunane no skal få utbetalt skjønnsstilskot må dei oppfylle følgjande kriterier; (1) halde driftsbudsjettet, (2) gjennomføre forpliktande plan og (3) nedbetale underskot i tråd med nedbetalingsplana. Rapporteringa viste at fleire kommunar hadde utfordringar med å halde balansen i driftsbudsjettet, og at somme kommunar låg an til å måtte bokføre tap i staden for gevinst på finansielle instrument. Følgjeleg ville dei heller ikkje nedbetale underskot. På bakgrunn av rapporteringa vart det berre utbetalt skjønnsstilskot til éin kommune.

I utgangspunktet ynskjer vi å arrangere ei årleg samling med ordførar, rådmann og økonomisjef frå alle Robek-kommunane. Sidan 2011 var eit valår, prioriterte vi heller å vitje dei nyvalte politikarane i den enkelte kommune. Vi hadde åtte slike besøk på hausten. I møta gikk vi gjennom regelverk knytt til Robek, budsjett og økonomiplan, forpliktande plan og vårt syn på den økonomiske situasjonen i kommunen. Vi la òg vekt på å la politikarane få stille spørsmål.

Gjennom 2011 hadde vi mange møta etter ynskje frå den enkelte Robek-kommune. Tema på møta var ofte kommuneøkonomi, men også økonomi knytt opp mot spesielle utfordringar innafor spesifikke fagområde. Representantar frå både oppvekst- og utdanningsavdelinga og helse- og sosialavdelinga var difor med på møta av slik karakter. Dette vart godt motteke frå kommunen si side. Vidare prioriterer vi å gi god og tett oppfølging ved førespurnad på e-post eller telefon frå Robek-kommunane.

I 2011 handsama vi éin søknad om forlenga inndeckningstid knytt til budsjettet for 2011. Vi har fått signal om at det er fleire kommunar som har vanskar med å halde seg innafor hovudregelen for inndeckningstida.

## Økonomisk rettleiing

Rettleiing om økonomireglane i kommunelova med tilhøyrande forskrifter, blir gitt skriftleg i samband med budsjett og rekneskap. Presiseringar og endringar som skjer i løpet av året blir òg sendt ut skriftleg. KS lokalt har ei faggruppe for kommuneøkonomi. Vi deltek i denne gruppa, og arrangerte ein fagdag for kommunane i samband med både kommuneproposisjonen og statsbudsjettskonferansen. Vi har hatt fleire møter med kommunar gjennom 2011. Det er møter der kommunane treng råd og rettleiing, samt ønskjer å diskutere sin eigen situasjon. Desse møta var til dømes knytt til skjønstilldelinga, inntektssystemet, kommunale garantiar, med meir. Elles har vi mykje dialog per e-post og telefon om regelverk og saker av større og mindre storleik på førespurnad frå kommunane.

Embetet har også arrangert kurs for dei nyvalte politikarane. Tema frå økonomiområdet var finansiering av kommunesektoren, budsjett og økonomiplan, Robek og finansforvaltning.

## Finansforvaltning

Vi har følgd opp at kommunane har vedtatt nytt finansreglement i tråd med ny finansforskrift. Rapporteringa viste at det enno var kommunar som ikkje hadde vedtatt nytt finansreglement. Vi har sidan følgd opp dei kommunane som ikkje hadde vedtatt nytt finansreglement før rapporteringsfristen. Vi vil halde fram med å følgje opp kommunane som ikkje har vedteke nytt finansreglement.

## Kostra

Vi utarbeider ein statistikkrapport som viser den økonomiske utviklinga og status for kommunane i fylket kvart år. I rapporten ser vi på samanhengen mellom dei sentrale økonomiske indikatorane, og viser tala på kommunenivå og opp mot eit gjennomsnitt for fylket og landet utanom Oslo. Vi nyttar medviten konserntal. Vi legg vekt på å formidle tala og kommentarane på ein slik måte at ein utan mykje forkunnskap kan forstå innhaldet. Slik vonar vi at rapporten vert lest og nytta av til dømes politikarar og andre tilsette i offentlege sektor som ikkje har kommuneøkonomi som fagfelt. Vi får mange gode tilbakemeldingar frå kommunane på rapporten, og fleire nyttar den som eit grunnlag og utgangspunkt opp mot kommunestyret.

I samband med innrapporteringa av data frå kommunane til SSB, sender vi ut eit brev med informasjon om tidsfristar og kontaktpersonar hjå Fylkesmannen som kommunane kan nytte ved behov.

## **Resultatområde 63 Kommunalrett og valglov**

### **63.1 Kommunalrett**

Fylkesmannen har mange telefonar frå kommunane om kommunerettslege spørsmål. Gjennomgåande er det spørsmål om saksbehandlingsreglar for folkevalte organ, og då særleg problemstillingar rundt inhabilitet.

I 2011 har vi behandla 7 førespurnader om lovlegkontroll. Tre av desse vart tatt opp til full lovlegkontroll, der vi fant at to av desse var gyldig og eit av dei var ugyldig.

Dei fire andre førespurnadane resulterte ikkje i full lovlegkontroll. Desse har likevel ikkje vore vesentleg mindre arbeidskrevjande, då det er gjort nærare undersøkingar kring kommunens handsaming av saka og gitt rettleiing om aktuelle reglar.

Tre av førespurnadene gjaldt val av formannskap, der vi for den eine fant at valet var lovleg, og for dei to andre at det ikkje var noko som tyda på at valet var ulovleg. Ein kommune lukka eit politisk møte utan å vise til heimel. Etter klage frå ein privat part beklaga kommunen denne framgangsmåten. Fylkesmannen merka seg kommunens orsaking, og la til grunn at kommunen for framtida retter seg etter lova.

Fylkesmannen gjennomførte etter valet 2011 fire samlingar ulike stadar i fylket med folkevaltopplæring for nyvalte kommunestyrerepresentantar. På desse konferansane orienterte vi om kommuneplanlegging, kommuneøkonomi, forvaltningsrett og saksbehandling i folkevalte organ. I tillegg har vi etter invitasjon frå ein kommune hatt folkevaltopplæring for kommunestyret som ledd i kommunen si internopplæring.

#### **Lovlighetskontroll**

Embeter	Saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i			Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen			Vedr. habilitet	Vedr. lukking av møter
	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig		
FMMR	3	2	1	0	0	0	0	1
<b>Sum</b>	<b>3</b>	<b>2</b>	<b>1</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

## 63.2 Valg

I 2011 arrangerte fylkesmannen valkonferanse for kommunane. Vi samarbeidde med Valforum og fylkeskommunen. Som vanlig var det svært godt oppmøte på konferansen og alle kommunane var representert på konferansen.

Saksområdet inneber mykje råd og rettleiing på telefon i perioden frå nominasjonen og fram til valet.

Fylkesmannen registrerte at innrapporteringa av valresultatet i nokre kommunar tok lang tid. Dette ligg utafor fylkesmannen sitt oppdrag, men vi finn grunn til å peike på det.

## Resultatområde 64 Forvaltningsloven og offentleglova i forhold til kommunesektoren

Det er i 2011 behandla 11 klagesaker om avslag på innsyn i saksdokument, der 7 av desse sakene gjaldt krav om innsyn i aksjeselskap der det offentlege har ein bestemmende eigarposisjon. Bakgrunnen for desse sakene er Møre og Romsdal Redaktørforening sitt prosjekt «Operasjon døråpner», der målet var meir openheit og innsyn i dei offentlege verksemdene i fylket.

Det sentrale spørsmålet i alle desse sakene er om selskapa er omfatta av offentleglova, eller om dei fell utanfor etter unntaksføresegna i § 2, 1. ledd, 2. punktum. Fylkesmannen har for 6 av sakene konkludert med at selskapa ikkje er omfatta av lova. Dei fleste av desse sakene har vore prinsipielle og særskild arbeidskrevjande. Bakgrunnen er at unntaksføresegna, samanhalde med rettleiaren til offentleglova, legg opp til at ein må etterspør ein rekkje opplysningar. Tilbakemeldingar syner at dei opplysningane ein må ha for å gjere vurderinga etter unntaksføresegna ikkje alltid er lett tilgjengelige, men heller vert oppkonstruerte. Særleg vert dette eit problem for dei meir komplekse selskapa, der ein har fleire postar med konkurranseutsett og ikkje konkurranseutsett verksemd. Det vert dermed utfordrande å dele opp omsetning, fortjeneste, talet på tilsette, verdet på driftsmiddelet og marknadsverdi i høve dei forskjellige postane.

I tillegg til dei 11 sakene som har resultert i klagesaksbehandling, har fylkesmannen hatt 9 andre skriftlege førespurnader etter offentleglova. Fleire av sakene er klage på kommunar for manglande etterleving av offentleglova og fylkesmannen har i denne samanheng gitt nødvendig rettleiing. Fylkesmannen har også hatt ein del spørsmål om offentleglova per telefon.

## Resultatområde 65 Kommuneinndeling og interkommunalt samarbeid

### 65.1 Kommuneinndeling

Fylkesmannen har hatt møte med to kommuner i 2011 som vurderer å starte ein prosess med å utgreie endring i kommunestrukturen. Vi orienterte om prosessen etter Inndelingslova og om moglegheita for å søke departemente om midlar til å gjennomføre ei utgreiing av kommunestrukturen. Krd har i 2011 støtta to prosjekt i Møre og Romsdal om utgreiing av kommunestrukturen. Dette omfattar fire kommunar.



For utan råd og rettleiing om prosess og økonomi, har ikkje fylkesmannen hatt saksbehandling etter inndelingslova i 2011

## 65.2 Interkommunalt samarbeid

Fylkesmannen orienterte kommunane på søre Sunnmøre om ulike interkommunale samarbeidsmodellar i samband med desse kommunae sitt samarbeid på rus og psykiatri retta mot barn og unge.

## Resultatområde 66 Bolig- og bygningsrett

### 66.1 Byggesaker

Fylkesmannen behandlet 207 klagesaker etter bygningsdelen i plan- og bygningsloven i 2011 (i tillegg kjem 47 klager på reguleringsplan) I 38 saker vart klagen tatt til følgje og kommunen sitt vedtak endra eller oppheva. Vi behandla 15 krav om sakskostnader etter byggesaksdelen av plan- og bygningslova i 2011. Saksbehandlingstida for klagesakene etter plan- og bygningslova har vært ca 4 månader i 2011. Vi fikk ei ekstra løyving frå Miljøverndepartementet for å redusere sakabehandlingstida for klagesakene på reguleringsplan. Dette har og hatt som verknad at saksbehandlingstida på byggesakene ikkje har vore enda lengere. Vi ser at stadig fleire nyttar advokat til å fremme klagen for seg. I 2011 har vi behandla 10 saker om å dekke sakskostnader etter plan- og bygningsloven.

Vi har behandla 6 saker om utsatt iverksetting

Fylkesmannen arrangerte i 2011 ein konferanse for kommunane der temaet var korleis ein følger opp ulovlegheiter etter plan- og bygningslova. Det vart det orientert om reglane om overtredelsesgebyr og generelt om saksbehandlinga i desse konfliktfylte sakene. Fylkesmannen deltek, etter forespurnad, på møta i dei fire kommunale byggeskasnettverka i fylket. Der held vi innlegg og svarar på dei spørsmål om regelverket..

### 66.2 Saker om ekspropriasjon

Fylkesmannen har handsama 1 søknad om samtykke til ekspropriasjon av rettar til framføring av elektrisk lågspentkabel. Fylkesmannen samtykka i ekspropriasjonen med heimel i oreigningslova § 2 nr. 19. Vidare handsama fylkesmannen 1 klagesak om oreigning til gjennomføring av reguleringsplan etter pbl. 2008 § 16-2, der vedtaket vart stadfesta.

Til saman har fylkesmannen handsama 2 saker om ekspropriasjon. Sakene har vore til dels store og omfattande.

Fylkesmannen har motteke 1 søknad om å ta i bruk grunn før skjønn er halde. Søknaden vart ikkje realitetshandsama i 2011. Det var ikkje i søknaden vist til særlege forhold som gjør at det ville vært forbunde med urimeleg tidhefte å vente med handsaming av søknaden til skjønnsbegjæring var sendt.

### 66.3 Klage etter eierseksjonsloven

Fylkesmannen i Møre og Romsdal behandla ingen klagesaker etter eierseksjonslova i 2011.

Klage etter eierseksjonsloven - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandling
FMMR	0	0	0	
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

### 66.4 Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård

Fylkesmannen i Møre og Romsdal hadde ikkje førespurnader i denne typen saker i 2011.

Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMMR	0	0	0	
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510 Fagdep.	
62 Kommuneøkonomi	kr 957 662,92	kr 0,00
66 Bolig- og bygningsrett	kr 2 784 549,32	kr 0,00
Andre oppgaver under KRD	kr 235 329,41	kr 0,00
Sum:	kr 3 977 541,00	kr 0,00

## Arbeidsdepartementet

### Resultatområde 73 Sosiale tjenester

#### 73.1 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen

Fylkesmannen har behandla 117 saker etter lov om sosiale tjenester i NAV. 110 av sakene var etter § 18/19, 2 saker var om vilkår etter § 20, 4 saker var om refusjon i ytingar frå folketrygda og 1 sak var om kvalifiseringsprogrammet. Vedtak i 87 saker vart stadfesta, 16 oppheva og 14 endra.

93 av sakene, det vil seie 79% av sakene blei behandla innan 3 månader. Grunnen til at vi ikkje klarte å oppfylle målet om 90%, var vakanse i stillingar.

Vi viser ellers til rapportering til Statens helsetilsyn for 2011 når det gjeld klagesaker etter sosialtenestelova i NAV. Dette blei sendt inn elektronisk den 20.01.12. Viser også til SYSAM (systematisk samanlikning) som vi har rapportert kvart tertial.

Fylkesmannen hadde i februar to dagskurs om saksbehandling for kommunale helse-, omsorgs- og sosialteneste. Dette var eit grunnkurs og det deltok tilsette frå både kommunane og Navkontora i fylket. Kurset blei heldt i Kristiansund 22.02.11 og i Ålesund 24.02.11.

I mars heldt vi eit dialogmøte med hovudfokus på samhandlinga mellom stat og kommune gjennom partnerskapet og korleis stat og kommune saman utvikler eit best mogleg heilskapleg tenestetilbod. Her deltok dei fleste Navleiarane samt mange rådmenn, ordførarar og etatssjefar.

#### 73.2 Sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen - formidlingstiltak og kompetanseutvikling

I februar 2011 vart det underteikna ein samarbeidsavtale mellom Fylkesmannens helse- og sosialavdeling og NAV fylke. Denne skal reviderast innan 01.03.12

Nav fylke og fylkesmannen gjennomfører månadlege arbeidsgruppemøter på rådgjevernivå, vi planlegg felles akitivitetar og gjev kvarandre informasjon om aktivitetar og hendingar.

Fylkesmannen deltek i "Samarbeidsarena NAV" (regional likeverdig samarbeidsarena for NAV) saman med NAV fylke og KS (repr for rådmenn, ordførarar, samt ein sekretær) Ca 3 - 4 møter pr år. Gruppa reetablerte seg i 2010

med nytt mandat. Grappa gjennomførte den 16.03.11 eit erfaringsmøte med alle kommunar/NAV kontor (ordførarar, rådmenn og navleiarar. I 2011 starta vi planlegging av eit tilsvarande møte i april 2012.

Vi deltek også på NAV fylkes kompetanseforum og samordnar kompetanseaktivitetar ut mot NAV kontora.

Saman med NAV fylke har vi gjennomført tilsaman 3 x 2 dagars Fagdagar om skjønn, § 41a og arbeidsevnevurdering samt 2 x 1 dags fagdag i KVP som i praksis også innbefatter sosialfagleg arbeid i NAV.

Fylkesmannen har drive rettleiing av sosialfagleg art etter ynskje frå kommunane. "Følge-med-ansvaret", er forsøkt ivare tatt gjennom klagesaksmøte i avdelinga.

Vi har behandla søknadar frå kommunar som søker tilskotsmidlar til prosjekt innan barnefattigdom, med anbefaling til vedtak og fått kopi av vedtak når søknadane er avgjort i NDU. Slik held vi oss oppdatert på kva som skjer av utviklingsarbeid i kommunane.

12.01.11 blei vi invitert til NAV Kr.sund og fekk informasjon om deira HUSK prosjektet. Vidare deltok vi i februar i eit fellesmøte med Fylkesmannsembeta i Midt Norge samt, NAV fylkesledd i dei 3 fylka, saman med HUSK Midt Norge. Utover dette har det ikkje vore aktivitet på dette område.

Fylkesmannen har gitt økonomisk støtte til fagsamlingar i alle 5 tenestemoråde i Møre og Romsdal. Vi har også delteke med innlegg på to av desse samlingane.

Aktivitetar ut mot NAV kontor blir i størst mogleg grad samordna med NAV fylke, og vi legg vekt på å samordne internt; NAV, KVP, Rus, boligsosialt arbeid, psykisk helse og økonomisk rådgjeving.

Det er gjennomført kurs i Lov om sosiale tenester i NAV jf punkt 73.1. Dette i samarbeid med NAV fylke.

Fylkesmannen har i 2011 samarbeidd med NAV fylke om møter med NAV leiarar. I dette samarbeidet har fylkesmannen delteke med både innhald, gjennomføring og finansiering.

Når det gjeld kommunale indikatorar i målekortet har vi ikkje blitt kontakta av kommunane. Vi ventar fortsatt på meir informasjon på dette temaet fra direktoratet.

I april 2011 gjennomførte vi eit møte med med NAV fylke og Høgskulen i Volda for å diskutere NAV-kontora sitt behov for kompetanse i sosialarbeidarutdanninga.

Fylkesmannen har eit godt samarbeid med NAV fylke. Vi vil spesielt framheve samarbeid om møter med NAV-leiarar, der fylkesmannen deltek på like vilkår med NAV fylke. I ei av desse samlingane har fylkesmannen gått gjennom krav til internkontroll og kvalitet, og knytt dette opp mot tilsyna. Vi meiner å sjå at dette har hatt effekt i mange av NAV-kontora.

Etter vår vurdering er dette samarbeidet svært nyttig og vi vil difor framleis prioritere dette, med deltaking frå vår leing.

### **73.3 Kvalifiseringsprogrammet**

Vi viser til særskilt og meir utfyllande rapportering 20.01.12

Samarbeidsavtalen med NAV fylke datert 24.02.11, inneheld eige punkt om KVP. Vi har felles aktivitetsplan, samarbeid og samordning der det er hensiktsmessig.

KVP er også tema i dei månedlige arbeidsgruppemøtene med NAV fylke. Dette er eit hensiktsmessig forum for gjensidig informasjon og for å avtale samarbeid om aktivitetar jf samarbeidsavtalen og NAV fylkes mål og disponeringbrev for 2011.

KVP er likeeins fast tema i det overordna forumet "Samarbeidsarena NAV".

I 2011 gjorde vi en felles vurdering (FM, NAV fylke og kompetanseveilederne) av erfaringene fra Kvalitetsgjennomgangen høsten 2010. De 17 NAV kontora fekk tilbagemelding på kvalitetsgjennomgangen. Kontora fekk tilbud om råd og vegleing på bakgrunn av dei funna som vart gjort. Vi har også gjeve grunnopplæring til NAV-kontor som slit, eller som har omorganisert seg. Kompetanseveglearar i KVP er brukt etter behov. Fra sommaren 2011 hadde vi berre ein.

Fylkesmannen gjennomførte to dagars KVP konferanse, i samarbeid med NAV fylke og kompetanseveglearane.

Programmet var utarbeidd med bakgrunn i erfaringene fra kvalitetsgjennomgangen. I tillegg hadde vi ein lovgjennomgang.

Det vart gjennomført felles fagdagar med NAV fylke og kompetanseveglearane. Vi hadde dagar med same tema nord og sør i fylket. Det var tre x to dagar med tema § 14 a og arbeidsevnevurdering, samt ein x to dagar om KVP og arbeidsretting. KVP er også tema i nettverk for boligsosialt arbeid og økonomisk rådgjeving/gjeldsrådgjeving.

Samarbeidsarena NAV arrangerte erfaringsmøte om NAV for rådmenn, ordførarar og NAV leiarar. KVP var et av fleire tema. Det er også sendt brev til kommunane i samband med nedgang i talet på deltakarar.

NAV-kontora får råd og vegleing om KVP etter behov, og dei felles NAV leiarmøta med NAV fylke har mellom anna KVP som naturleg tema. Det vart til dømes sett spesielt på dagsorden NAV-leiarmøtet i mai. Vi har også sendt brev til tenesteområda i NAV om høve til å søke om støtte til fagsamlingar der KVP er tema.

Fylkesmannen har med bakgrunn i at vi har eit prosjekt i vårt fylke, delteke på nettverkssamling for "Fra fengsel til KVP".

Vi har delteke i opplæring i HPMT i til sammen 11 dagar i 2011 og brukt HPMT som metodikk ovanfor ansatte i NAV på felles Fagdagar.

Når det gjeld målekort og KVP, avventer vi meir informasjon frå AV-dir.

Fylkesmannen har elles sendt ut pressemelding og fått "mediafokus" på KVP, via NRK lokalradioen.

#### **Det er eigen prosjektplan for HPMT, men vi kan nemne nokre sentrale punkt:**

Vi følger opp prosjektet i møte med AV-dir og NAV Ålesund. Dette skjer i samarbeid med NAV Fylke.

Det er gjeve elleve dagars opplæring til tiltakskontor i Ålesund, samt vegleing til kontoret. Dette kontoret har også fått tilskot i samband med opplæringsdagane.

Fylkesmannen har frikjøpt ein vegleiar (Torill Junge) i 50% stilling til å delta i oppfølginga av prosjektet. Vi er bedne om å sette av intil 50% stillingsressurs i tillegg til dette. Etter vår vurdering, er tildelinga til fylkesmannen på dette området for knapp til å dekke opp for omfanget av oppdraget. Vi må difor revurdere ressursbruken i 2012.

### **73.4 Utenrettslig økonomisk rådgivning**

I februar 2011 etablerte vi nettverk for gjeldsrådgevarar i Nav-/kommunar, og gjennomførte den første av to årlege samlingar. Den andre nettverkssamlinga var høsten 2011. Dette vart gjort i samarbeid med kompetansekontakt Tor Waardal hos Fylkesmannen i Hordaland.

Vi gjorde eit arbeid med å kartlegge behov for kurs/opplæring i økonomisk rådgivning/gjeldsrådgivning.

Grunnkurs i økonomisk rådgjeving vart arrangert i oktober, også dette i samarbeid med Tor Waardal hos FM i Hordaland.

Ekspertkurs vart gjennomført i juni i samarbeid med FM i Sør-Trøndelag, Tor Waardal hos FM i Hordaland og Av-dir.

I tillegg har vi halde innlegg om øk.rådgivning/gjeldsrådgivning i KVP-konferanse i fylket.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har delteke på rådgiversamling og vi har delteke i arbeidet med å revidere landsdekkande vegleingsrutiner for frivillig forvaltning, dette i arbeidsgruppe ved AV-dir.

I møte med NAV-leiarane kjem det fram at det framleis er behov for opplæring og vegleing på dette feltet. Det blir spesielt stilt spørsmål ved kor langt regelverket gjev høve til å gå når det gjeld å gripe inn i den enkelte brukar sine disposisjonar.

## 73.5 Boligsosialt arbeid

Fylkesmannen har etter oppdrag informert alle kommunar/Nav-kontor om tilskotsordninga og delteke i møte med AV-dir for å beslutte fordeling av tilskot for 2011. I Møre og Romsdal vart det i 2011 delt ut 5.179.086,- mill kroner til 13 kommunar.

Fylkesmannen har eit godt samarbeid med Husbanken Midt-Norge på dette feltet.

I samarbeid med Husbanken har vi arrangert to felles 2-dagars nettverkssamlingar for dei kommunane som har hatt og har tilskot på begge områda; rus og bustadsosialt arbeid.

Kommunane har utfordringar med å skaffe nok og varige husvære, og husvære av god kvalitet. Samstundes ser vi at kommunane også har utfordringar med å få ordninga med oppfølging i bustad inn på budsjett som ei varlig teneste. Til tross for tilskotsordninga er det framleis bustadsløyse og eit stort press på bustadsmarknaden.

## 73.6 Barn og unge

I Møre og Romsdal har ni kommunar motteke tilskot for arbeid mot barnefattigdom. Det er kommunane Kristiansund, Sunndal, Ålesund, Surnadal, Smøla, Rauma, Averøy, NAV Storfjorden bestående av Skodje, Ørskog, Stordal og Nordal. I tillegg fekk Nesset kommune eit tilskot i desember for bruk i 2012.

FM har fått inntrykk av at dette er eit område kommunane no ønskjer å belyse. Nokre av kommunane er kome langt i sitt arbeide og kan vise til gode resultat der barn som elles har vore ekskludert frå sosiale/kulturelle aktivitetar no er deltakande gjennom ordningar kommunane har fått organisert. Utfordringa for kommunane er å gjera dette til ei ordning som ikkje verkar stigmatiserande for borna som mottek slik hjelp. FM ynskjer å sjå på tilskota til arbeid med barnefattigdom i samanheng med tilskot bustadsosialt arbeid og rusarbeid.

Det var 8 kommunar i Møre og Romsdal tilsom fekk avslag på søkandar i 2010.

FM informerar kommunane/Nav om tilskotsordninga og deltek i møte med AV-dir for endelig avgjerd om kva kommunar som skal innvilgast tilskot.

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
73.3 Kvalifiseringsprogrammet	kr 76 003,35	kr 609 442,59
73.9 Andre oppgaver Sosialtjeneste (rest 73)	kr 325 149,91	kr 121 458,71
74 Tilsyn med sos. tj. i arbeids- og velferdsforv.	kr 183 845,46	kr 48 559,21
Andre oppgaver under AD	kr 2 688,97	kr 0,00
Sum:	kr 587 687,00	kr 779 460,00

## Helse- og omsorgsdepartementet

### Resultatområde 73 Levekår og sosiale tjenester

#### 73.1 Lov om sosiale tjenester

Se rapportering under 73.1 til Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

## Resultatområde 75 Habilitering og rehabilitering

### 75.1 Habilitering og rehabilitering – nasjonal strategi

Fylkesmannen og Helseforetaket har etablert et nyttig samarbeid vedrørende Koordinerende enheter i kommunene.

Vi hadde et møte den 14. september 2011 der vi diskuterte status for organisering av koordinerende enhet i kommunene i fylket vårt, og hvilket ansvar vi, som statlige instanser, har når det gjelder opplæring og pådriverfunksjon. Vi ble da enige om å samordne våre tiltak med tanke på å oppnå størst mulig effekt for kommunene.

**Kartlegging** I etterkant av møtet i september, ble det utarbeidet et brev med spørsmål til kommunene, som skulle besvares innen en frist. Kartleggingen viste at få kommuner har etablert en synlig Koordinerende enhet.

**Felles forståelse** Vi ser betydningen av at HF og FM har en felles forståelse av innholdet i begrepet Koordinerende enhet. Vi brukte derfor litt tid til å diskutere dette.

**Felles strategi** Vi ble enige om å samarbeide med den målsetting at alle kommuner skal ha etablert godt synlige og vel fungerende koordinerende enheter innen 2012.

#### Foreløpig tiltaksplan:

1. For å sikre at vi har et felles og mest mulig likt budskap om KE, ble vi bli enige om noen hovedpunkt som vi bruker når vi snakker om temaet.
2. FM skriver brev til kommunene med den hensikt å minne kommunene om lovkrav, hensikt og gevinst med KE, at det skal inngå i avtalene, vise til kartleggingen og ev informere om mulig tilsyn. Brevet gikk ut i oktober. Det ble også lagt på fylkesmannens hjemmeside.
3. HF har hatt fokus på KE i sine møter med kommunene vedrørende samarbeidsavtalene,
4. Både HF og FM sørger for å informere og skape lik forståelse for begrepet KE internt i egne organisasjoner.
5. FM sørget for å ta med KE som tema på implementeringskonferansene 6.-7. desember.
6. FM vil holde KE høyt som tema på relevante fagområder i strategiplanleggingen for 2012.
7. FM og HF arrangerer en felles fagdag om KE i løpet av våren 2012. I den forbindelse vil vi i forkant innhente synspunkt fra noen kommuner om hva de "trenger" av bistand/kompetanse for å få på plass KE.
8. FM vil vurdere tilsyn på feltet i 2013.

IP og Koordinerende enhet ble tatt opp med kommunene i nettverk for kommuner med rus- og bolitilskudd i mai 2011.

### 75.2 Barn med nedsatt funksjonsevne og deres familier

Vi har sendt ut e-post til kommunane i samsvar med særskilt oppdrag den 22.03.2011. Det vart også lagt på Fylkesmannens heimside.

### 75.3 Unge personer med nedsatt funksjonsevne i alders og sykehjem

Fylkesmannen sendte brev til aktuelle kommunar, og fekk tilbakemelding vedrørende unge personar i sjukeheim. Vi sende tilbakemelding til Helsedirektoratet den 20. mai 2011.

## Resultatområde 76 Kvalitet og samhandling

### 76.1 Samarbeid mellom 1. og 2.linjetjenesten

Fylkesmannens arbeid knytt til Samhandlingsreformen har starta opp i 2011. Vi gjennomførte to implementeringskonferansar i desember. Dei fleste kommunane deltok.

Fylkesmannen gav skjønnstilskot til ei stilling knytt til dette arbeidet i 2011. Stillinga er plassert i KS, men i nært samarbeid med Fylkesmannen. Vi har delteke i møte regionalt saman med FM i Nord- og Sør-Trøndelag.

Vårt arbeid har elles vore primært å fylgje med og ha dialog med Helseføretaket og KS. Fylkesmannen har teke initiativ til oppretting av arbeidsgruppe internt og eksternt. Her deltek Helse- og sosialavdelinga, samordnar i embetet, Fylkeskommunene, KS og Helseføretaket. Denne gruppa vil bli vidareført og utvida i 2012, saman med regional koordinator, regionråda og rådmannsutvalget.

Fylkesmannen har også halde innlegg om Samhandlingsreformen på fleire større og mindre arrangement.

Etter vår vurdering er arbeidet med Samhandlingsreformen kome godt igang i Møre og Romsdal. Avtalane er godkjende av Helseføretaket og sendt over til kommunane for godkjenning. Aktiviteten vil auke i 2012, med mellom anna fleire og hyppigare møter og opplæringstiltak. Samarbeidet skjer både i fylket og i region Midt-Norge.

### 76.2 Individuell plan

Tema om individuell plan er belyst i ulike samenhengar i møte med kommunar spesielt i ulike kurs- og konferansesamlingar. Også vore eit sentralt tema i samarbeid med spesialisthelsetenesta kring etablering av koordinererande einig (jfr 75.1)

### 76.3 Nasjonal strategi for kvalitetsforbedring i sosial- og helsetjenesten

Nasjonal strategi er sentralt gjennomgående i Helse- og sosialmeldinga.

### 76.5 Felles digitalt nødnett

Gjeld ikkje Møre og Romsdal i 2011.

## Resultatområde 77 Andre oppdrag

### 77.1 Helsemessig og sosial beredskap

Arbeidet knytt til Helsemessig og sosial beredskap blir gjort i samarbeid mellom Helse- og sosialavdelinga og Beredskapsseksjonen i embetet og er rapportert til DSB.

Det blir i fylket arbeidd godt med beredskapsplaner som er på plass i dei aller fleste kommunane.

2011 har medført ei rekke utfordringar med omsyn til melding og handtering av kriser med 22. juli-katastrofen, Hurtigruta Norslys havari og orkanen Dagmar. Desse hendingane har vist at rapporteringsrutinene fungerer tilfredsstillande.

Fylkesmannen har hatt betydelege oppgåver knytt til desse hendingane. Dette er nærare omtalt under kap. 2.

Fylkesmannen har vidare, saman med Helsedirektoratet gjennomført to konferansar, ein i Kristianund og ein i Ålesund.

## 77.2 Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittelig saksbehandlingstid
FMMR	10	5
<b>Sum</b>	<b>10</b>	

## 77.3 Særfradrag

Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittelig saksbehandlingstid
FMMR	58	30
<b>Sum</b>	<b>58</b>	

## 77.4 Førerkortsaker

Fylkesmannen har rapportert i tråd med forutsetningane frå Helsedirektoratet. Halvårsrapport sendt juli 2011, Årsresultat sendt januar 2012. Har ikkje fått tilbake samanstillinga av disse tala. Når det gjeld antall dokument "inn/ut" av embetet har dette stege frå omkring 2900 i 2010 til 6800 i 2011.

Dette gjenspeglar den auka saksmengda, anslagsvis 2 - 3 dobling. Til dømes anbefalte fylkesmannen politiet å inndra oppunder 1100 førarkort i 2011 som følgje av ikkje oppfylte helsekrav. I tillegg til auka saksmengd kjem eit stort antall førespurnader fra publikum og helsepersonell med tanke på rådgjeving omkring regelverket, samt ei rekke mindre møte med legar og psykologar.

Fylkesmannen har også delteke og halde foredrag i to samlingar for turnuslegar, to kurs for fastlegar og sjukehuslegar, samt fleire samlingar med psykiatritenestene. Vi har også delteke i samling med politi og Vegvesen i fylket, to foredrag i samling for UP-leiinga nasjonalt, samt for mannskap i UP.

Fylkesmannen i MR har også ein sentral rolle i arbeidsgruppe oppretta av Helsedirektoratet, for vurdering av førarkortfeltet.

Fylkesmannen har opplevd stor interesse frå presse og media både lokalt og nasjonalt.

Vi forventar framleis høgt nivå når det gjeld talet på saker, men vonar og trur at den stigninga vi har sett siste året, vil flate ut.

Ressurssituasjonen på feltet er krevjande og fører til nedprioritering av andre oppdrag for Helsedirektoratet.

**Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid**

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittelig saksbehandlingstid
FMMR	3853	37
<b>Sum</b>	<b>3853</b>	

## 77.5 Pasientjournaler

Pasientjournaler. Antall saker.

Embeter	Antall
FMMR	1
<b>Sum</b>	<b>1</b>

## 77.6 Rett til trygderefusjon



Ingen rapportering, jf. oppdrag.

## 77.7 Felles barnevern, sosial og helsemelding

Melding ble laget og oversendt mars 2011.

## 77.8 Rettssikkerhet ved ytelse av helsehjelp med hjemmel i pasientrettighetsloven kap. 4A

Fylkesmannen har gjennomført systemrevisjon i Tingvoll og Midsund kommuner, samt gjennomført uanmeldt tilsyn i Kristiansund og Vestnes kommuner.

Vi har hatt mediadekning (TV2) etter uanmeldt tilsyn i Vestnes kommune. Mediadekning også i fleire lokalaviser.

Det er gjennomført undervisning/opplæring/telefonisk support til kommunar/HF innan fagområdet. Konkrete opplæringstiltak i 2011:

- Tilbakemelding i konkrete saker
- Kurs for legar - Molde 22.03.11 ( to timer med temaet)
- Kurs for legar – Ålesund 24.03.11 ( to timer med temaet)
- Eige tema på turnuskurs vår og høst
- Tema i møte med fylkestannlegen.
- Det er også gjort en ekstra jobb med undervisning i Pasrl. kap. 4A som tema og delt ut rundskriv til 3. året vernepleiere ved Høyskolen i Molde, 3. året vernepleie desentralisert ved Høyskolen i Molde, og til 3. året sykepleiere ved Høyskolen i Molde.
- Rundskriv er også delt ut i årlig møte med Pasient- og brukerombudet og i møte med Helse Nordmøre og Romsdal HF.
- Temaet er omtalt i nyhetsbrevet for Omsorgsplan 2015
- Direkte veiledning til tre kommuner i form av kortkurs (1 time) i etterkant av gjennomført tilsyn.

I tillegg har vi motteke 187 vedtak på området. 128 av vedtaka gjeld tiltak som varer meir enn 3 mnd. 153 av vedtaka er besvart med utgåande brev og 3 vedtak er oppheva.

Vi har sett ca 50% auke i saksmengda fra 2010 til 2011. Vi ser ei betring i gjennomføring av vedtak, likevel er det etter vår vurdering framleis behov for opplæring og vegleing på dette feltet, både når det gjeld samtykkevurdering og melding av tiltak.

## Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

### 83.1 Folkehelsearbeid generelt

Det er ei god utvikling av folkehelsearbeidet i kommunane. 32 av 36 kommunar i fylket har partnerskapsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune. Alle desse kommunane har koordinator for arbeidet som blir gjort lokalt. I samlingar med koordinatorene har tema blant anna vore førebuing til ny dei nye helselovene, spesielt arbeidet med oversikt over helsetilstand og helseprofilar og erfaringsoverføring om lokale tiltak mellom kommunane. Det er i tillegg gjennomført ei felles samling med Sogn og Fjordane fylke om folkehelsearbeidet, for å utveksle erfaringar, der lokale aktørar frå begge fylka deltok. Fylkesmannen frå begge fylka deltek på samlingane og har del i informasjonsarbeidet. Slike samlingar er med på å skape bredde i nettverk for dei som arbeider med folkehelse i kommunane.

Det er arrangert erfaringskonferanse om partnerskap for folkehelse i samarbeid med fylkeskommunen, kompetansesenteret for rus og idrettskretsen: "Kva har skjedd, og kva har vi lært av 8 års folkehelsearbeid?" Det var presentert erfaringar og kunnskap om folkehelse som skulle vere ein nyttig ballast ved innføringa av samhandlingsreformen. Det deltok ca. 90 personar frå ulike deltenester i kommunane.

Det årlege møte i partnerskapsforum med leiinga i kommunane hadde tema innan den nye folkehelselova og planarbeidet i kommunane. Det deltok om lag 60 personar på møtet.

Det er gjennomført 2 konferansar om Samhandlingsreforma. Totalt var det 215 deltakarar. Hovudtyngda av innhaldet i konferansane omhandla folkehelse og førebygging. Vi har i tillegg delteke på ei rekke møter, kurs og konferansar og heldt innlegg i mange av desse om dei nye lovane jfr Samhandlingsreforma. Vi formidlar gode eksemplar og bygger på faglege dokumenterte tiltak.

**Folkehelsearbeid**

<b>Embeter</b>	<b>Antall saker</b>	<b>Gjennomsnittlig saksbehandlingstid</b>
FMMR	3	
<b>Sum</b>	<b>3</b>	

**83.2 Miljørettet helsevern**

Fylkesmannen hadde mindre enn fem saker til behandling i 2011. Alle sakene er starta opp i tråd med krava i forvaltningslova. Sakene er omfattande, og krev bidrag frå fleire av fylkesmannen sine avdelingar.

Ingen av sakene er behandla innan 8 veker. Vi har leigd inn ekstra bistand for å få avslutta fleire av sakene.

Desse sakene er få, men komplekse og krever samarbeid mellom fleire avdelingar. Vi arbeider med å auke kompetansen i avdelinga og betre samarbeidsprosedyrene med dei andre avdelingane i 2012.

**83.3 Ernæring, fysisk aktivitet, tobakk og seksuell helse**

Fylkesmannen har samhandling med Møre og Romsdal fylkeskommune gjennom partnerskap for folkehelse. Vi har tema innan nasjonale mål og styringssignal som eit viktig bidrag i møte med kommunane i utvikling av lokalt folkehelsearbeid.

Volda og Surnadal kommune har etablert frisklivssentralar i 2011. Dei tilbyr tiltak innan fysisk aktivitet og kosthald. 9 kommunar i fylket vårt har fått tilskot til planlegging og etablering av frisklivssentralar frå fylkeskommunen. Fleire av desse er godt i gang med planlegginga og vil åpne for tilbud til befolkninga i første halvår av 2012. Det er gjennomført oppfølgingsarbeid med desse kommunane.

Vi arrangerte i samarbeid med fylkeskommunen og Helsedirektoratet i 2011 ein stor frisklivskonferanse i Ålesund, som hadde deltakarar frå heile landet. Målgruppa var tilsette og politikarar frå kommunar som har eller ønskjer å etablere frisklivssentral. Det var særskild god deltaking med ca. 340 personar.

I samarbeid med fylkeskommunen og ein av høgskolane er det arrangert kompetanseheving innan ernæringsarbeidet og folkehelsearbeidet generelt. Det var stor påmelding og deltakarane var tilsette i kommunale deltenester, både innan helse- og omsorgstenester og folkehelse og frå frivillige organisasjonar (spesielt idrett) og tannhelse.

Arbeidet med ernæring i barnehagar er godt etablert. Det blir gjennomført kurs for tilsette i barnehagane og kursa er etterspurde. Det er om lag 100 barnhagar som har vore representert på kurs i år. Målet er å auke sjømat i måltida i barnehagane.

Andel elevar som deltek i FRI-programmet i fylket vårt er 76 %. Det er en nedgang på 3 % frå i fjor. I Kristiansund kommune er det gjennomført kartlegging og motivasjonsarbeid innan tobakksførebygging blant elevar i ungdomsskolane.

Studentsamskipnaden ved alle tre høgskolane i fylket har tilbud innan studenthelseteneste og vi har gitt tilskot til tiltak spesielt innan førebygging av uønskt svangerskap og abort.

Vi ser at ernæringsarbeidet i kommunane aukar, også innan pleie og omsorg.

**83.6 Smittevern**

Resultatområdet er ivareteke med rådgeving og innlegg i kurs med mellom anna turnuslegar. Vi har vore kontakta av media i samband med fleire enkelthendingar.

Fylkesmannen har ikkje hatt kapasitet til å halde vårt vanlege "smittevernkurs", og har måtta prioritere dette ned som følge av kraftig saksauke på andre områder (m.a. førarkortsaker).

## Resultatområde 84 Primærhelsetjeneste

### 84.1 Allmennlegetjenesten inkludert fastlegeordningen

Fylkesmannen har hatt fleire kurs/møter retta mot fastlegane i fylket. Fylkesmannen har ikkje fått søknadar på nye fastlegeheimlar for 2011. Gjennom kontakt med fastlegar og kommunelegar får vi rapportert tilfredsstillande tilgang på legar, men at enkelte småkommunar har problem med å fylle heimlane. Det er ingen kommunar som har søkt om dispensasjon frå fastlegeordninga.

Fylkesmannen stiller seg undrande til at det ikkje er fremja søknader om nye heimlar med tanke på førebuing til Samhandlingsreformen.

### 84.2 Turnustjeneste

I Møre og Romsdal er det oppretta 29 turnusplassar for legar. Fordelinga vert gjort to gonger i året og talet på kandidatar varierar. Våren 2011 fekk vi tildelt 30 turnusleger. Ved oppstart 15. februar var det tre kandidatar som fekk godkjent permisjon. Dermed vart to kommunar utan turnuslege. Hausten 2011 fekk vi tildelt 34 kandidatar. Fem fekk då permisjon/ flytting. Tala for vår og haust er framleis ustabile.

**Vegleiing:** Det er tilsett tre legar som går i 17% stilling kvar, og som deler fylket mellom seg. Dei har fire møter med turnuslegane pr halvår.

#### Kurs i legevaktsmedisin og normaltariffen

Dette kurset er lagt opp over to dagar og vi har ein fast avtale med Molde sjukehus og Den norske Lægeforening i Møre og Romsdal. Den eine dagen er det akuttmedisin i samarbeid med Molde sjukehus, den andre dagen er sett av til normaltariffen ved legeföreninga. Kurset blir lagt til andre veka etter at legane har starta i kommunehelsetenesta. Responsen frå turnuslegane er svært positiv.

#### Turnustjeneste for fysioterapeutar

For å få godkjenning som fysioterapeut må ein ha gjennomført turnustjeneste i eitt år med seks månader i kommunehelsetenesta og seks månader i institusjon. Til vanleg er det 6-8 turnuskandidatar kvart halvår i kommunane si helseteneste og 7 – 10 på institusjon.

Talet på uteksaminerte fysioterapeutar har vore noko stabilt.

Vi har gjennomført kurs i offentleg helsearbeid for turnuslegar og fysioterapeutar over to dagar vår og haust.

Alle turnuslegane har hatt praksistjeneste ved sjukeheim.

### 84.3 Klagesaksbehandling etter lov om helsetjenesten i kommunene, pasientrettighetsloven og lov om sosiale tjenester

Vi viser til rapportering i RegRot.

### 84.4 Helsetjenesten til innsatte i fengsel

Det har vore liten aktivitet på dette feltet i 2011.

Dei lovfesta avtalene mellom fengsla og den aktuelle vertsskapskommunen er på plass.

Fylkesmannen planla deltaking på Open dag i Hustad fengsel i september 2011, men det vart avlyst på bakgrunn av lav påmelding.

NAV Fræna/Eide har oppretta eit pilotprosjekt for tidleg intervensjon inn i fengsel og vi har tilstreba å nytte denne erfaringa og kompetansen inn i nettverkssamlingar med kommunar, der det er relevant.

## **84.5 Helsetjenestetilbud til asylsøkere, flyktninger, familiegjenforente og direktebosatte overføringsflyktninger**

Det har ikkje vore gjennomført kartlegging av helsetenestetilbodet i år. I 2010 hadde vi møtar og kartlegging av tilboda innan mottaka i fylket. Det vart ikkje registret avvik i helsetenestetilbodet i mottak.

I kontakt med kommunane er det gjeve råd og vegleing.

Ellers har ikkje området vore prioritert i år.

## **84.6 Helse- og omsorgstjenester i et flerkulturelt samfunn**

Det er ikkje gjennomført noko kartlegging om helse- og omsorgstilbodet til minoritetsgrupper. Det er heller ikkje innrapportert nokre avvik på området. Det generelle inntrykk er at kommunane handterer utfordringane som dei møter innafor dei tenestane som er etablerte. Vi har oversikt over alle kommunane som har mottak for flyktingar og at dei har helsetenestetilbod lett tilgjengeleg.

## **84.7 Helsetjenestetilbud til personer utsatt for seksuelle overgrep eller vold i nære relasjonar**

Møre og Romsdal var i perioden 2005-2007 tildelt midlar for etablering av overgrepsmottak i fylket (Kristiansund, Molde og Ålesund). Nytt mottak vart innflytta i Ålesund 01.01.2011 i samband med ny interkommunal legevaktsentral. Plassering; Ålesund sjukehus.

Fylkesmannen gjennomførte samling med alle mottaka i fylket 12.01.2012. Det er ulik driftsform av dei ulike tilboda i fylket. Ålesund med drift forankra i faste tilsettingsforhold og avtalar, mens Kristiansund og Molde i form av tilkallinger av helsepersonell knytt til eigne lister. Det har også vore fråfall av personell knytt til listene i 2011 og ei utfordring med å halde ein god fagleg standard.

Barn som har vore utsett for seksuelle overgrep blir motteke ved mottak i Trondheim.

Ålesund har lukkast med å knyte til seg kommunane i sitt nedslagsfelt med spesefikke avtalar. Kr.sund og Molde har svært få avtalar med kommunane i sitt nedslagsfelt.

Antall overgrepssaker knyttet til Molde (11) og Kristiansund (5) gir også ei utfordring mht til å bli faglig dyktig innen området. På bakgrunn av dette bør det vurderast å sjå heile fylket under ett, og om det er meir hensiktsmessig å redusere talet på mottak. Dette også i lys av de fysiske arbeidsforhold som nå er på plass ved Ålesund sykehus.

## **84.8 Helsestasjons- og skolehelsetjenesten**

16 kommunar har redusert talet på timar i førebyggjande arbeid dei siste to åra. 13 kommunar har hatt auke i talet på timar og 7 kommunar har same tilbod i same periode. Den observerte reduksjonen står i kontrast til ambisjonane om økt satsing på førebygging og tidlege tiltak som er framheva i Samhandlingsreforma. (kjelde:Kostra)

I kontakt med helsestasjon og skolehelsetenestene kjem det fram at ressursane generelt er knappe og at det går mest utover skolehelsetenesta. Det kjem og fram at skolehelsetenesta i fleire vidaregåande skoler er lite tverrfagleg samansett.

Fleire små kommunar har nettverk med regelmessige møter for tilsette i helsestasjon- og skolehelsetenesta. I desse samlingane kan fylkesmannen ta opp tema innan nasjonale føringar og evt nye retningslinjer. FRI- programmet for ungdomsskoleelevene har mellom anna vore tema i år. Kjønnslæring har og vore tema i interkommunal helsesøstergruppe.

Nye faglege retningslinjer er tema på nettverksamlingar for tilsette i helsestasjon og skolehelsetenesta og i

samlingar med folkehelsekoordinatorar. Mange folkehelsekoordinatorar melder at dei har god samhandling med helsesøstrene i kommunane.

Ettersom ikkje alle kommunane har koordinator for folkehelse er det ei utfordring å nå alle kommunane med overordna informasjon om folkehelsesatsinga.

## 84.9 Svangerskapsomsorgen

Det er ikkje avdekkja utilstrekkelig jordmordekning i fylket.

## 84.10 Kjønnsllestelse

Kjønnsllestelse og tvangsekteskap var tema på konferanse som vart arrangert av fylkesmannen, RVTS-Midt og Bufetat 23. - 24.11. Målgruppa var tverrfagleg. Nokre studentar frå utdanninga i helsefag på høgskolane i fylket deltok på konferansen, og hadde oppgåve om temaet på høgskolen. At studentar deltek er med på utvikle god praksis i tenestene.

Kjønnsllesting var tema på møte med interkommunal helsesøstergruppe 30.09

Fylkesmannen samarbeider med RVTS-Midt om kompetanseheving om kjønnsllesting i 3 utvalde kommunar i fylket.

## 84.11 Tannhelse

Fylkesmannen gjennomfører kvart år møte med fylkestannlegen og hans stab. Dette møtet vart halde 15. mars 2011 og hadde fylgjande tema:

- *Videreføring av folkehelsekoordinatorens arbeid og folkehelsekontakter organisering*
- *Rekrutterings- og stabiliseringsutfordringer*
- *Klinikkstruktur i Møre og Romsdal*
- *Omsorgslønn og kommunale vedtak - de som har vedtak om omsorgslønn og ikke et vedtak om hjemmesykepleie - har ikke rett til fri tannbehandling*
- *ACT team sin forankring - har pasienter vedtak om oppfølging - skal de defineres som gr. C, eller er de å regne som tilhørende statlig inst.*
- *Vedtak om tannbehandling under tvang – Pasientrettighetsloven Kap. 4A*
- *Tannhelsetjenester til brukergrupper med rett til gratis behandling Folkehelsearbeid og tannhelsetjeneste*
  - *Tannhelsetjenester til rusavhengige –praksis vedrørende kommunikasjon mellom kommune/nav og tannhelsetjenesten – bruk av lister*
  - *Status for samarbeid med kommunene i de ulike distriktene*
  - *Avtaler og samarbeid om opplæring av pleie- og omsorgspersonell i tannhygiene*
- *Samarbeid med barnevernet*
- *Tannhelsetjenester til asylsøkere*

I tillegg til det faste møtet, har fylkestannlegen delteke ved Omsorgskonferansen knytt til Omsorgplan 2015.

## Resultatområde 85 Spesialhelsetjenesten

### 85.1 Abortloven

Det er fire primærnemnder i vårt fylke. I 2010 har det ikkje vore utskifte av medlemar i nokon av nemndene.

## 85.2 Sterilisering

Det har ikkje vore behandla saker i nemnda i 2011. Det er utnemnd eit medlem i 2011.

## 85.3 Lov om transplantasjon

Antall saker

Embeter	Antall
FMMR	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>

## 85.4 Tillatelse til å rekvirere sentralstimulerende legemidler

Tillatelser til å rekvirere sentralstimulerende legemidler. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMMR	605	5
<b>Sum</b>	<b>605</b>	

## 85.5 Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep

Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMMR	0	
<b>Sum</b>	<b>0</b>	

## 85.6 Godkjenning av private sykehus, privat medisinsk laboratorie- og røntgenvirksomhet

Ingen rapportering jf. oppdrag.

## 85.7 Funksjonsprogram for nye offentlige sykehusbygg

Ingen rapportering jf. oppdrag.

## Resultatområde 86 Omsorgstjenester

### 86.1 Omsorgsplan 2015

#### 86.1 Omsorgsplan 2015

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har organisert arbeidet med Omsorgsplan 2015 som eit prosjekt. Prosjektet er organisert med prosjektgruppe, styringsgruppe og tidlegare var det ei referansegruppe. I 2011 vart ikkje referansegruppa vidareført, då ein såg at prosjektet er organisert med brei deltaking frå ei rekke interne og eksterne aktørar. Så det er satt opp ei liste av samarbeidspartar slik at ein lett kan finne fram kven ein skal kontakte i det enkelte høve.

Tiltaka rettar seg i hovudsak mot kommunane og gjeld alle aldersgrupper, uavhengig av diagnose.

Planen har fylgjande fem resultatmål:

- Kommunane er godt førebudd på framtidige utfordringar ved å ha kartlagt behov og utarbeidd planer for omsorgstenestene. Planane er integrert i kommunane sitt overordna planverk.
- Kommunane har nødvendig personell og fagkompetanse i samsvar med eigen kompetanseplan.
- Brukarar av omsorgstenester har nødvendig tilgang på bustadar tilrettelagt for heildøgstenester.
- Det er auke i dagaktivitetstilbodet for personar med demens. j
- Det er god kvalitet i tenestene jf Kvalitetsforskrifta.

Det er utarbeidd prosjektplan med milepælplan for året, innan kvart resultatmål. Prosjektleiari rapporterer til styringsgruppa. Frå januar 2011 vart det tilsett ny prosjektleiari for Omsorgsplan 2015.

### **Bidratt til erfaringsutveksling :**

Det vart arrangert *Erfaringskonferanse etter eldretilsyn*, med fokus på demens og ernæring. Det var ca 120 deltakarar. Ein kommune delte sine erfaringar med kvalitetsforbetringar etter å ha fått avvik på ernæring jfr. Nasjonale faglege retningslinjer for førebygging og behandling av underernæring. Det var og førelesning om ernæring, så deltakarane fekk både ny teoretisk kunnskap og erfaringskunnskap frå ein kommune. Tilbakemeldingane var at dette var ein nyttig konferanse som viser kva ein må arbeide vidare med i eigen kommune.

Det har vore gjennomført *erfaringskonferanse om leiing og kvalitet i samarbeid mellom* Utviklingssentera og fylkesmannen for det faglege nettverket i Møre og Romsdal, der alle 36 kommunane er med. Leiing, kvalitet og forskning var tema. Det var stor deltaking.

I 2011 har det vore sendt ut «Nytt frå Omsorgsplan 2015» kvar månad. Innhaldet er både nyhende og påminningar og erfaringar.

### **Kommunal planlegging:**

I 2010 var det gjennomført kursdag i omsorgsplanlegging, i år (2012) var det møte med kommunane der kompetanseplanlegging var tema.

Når det gjeld planlegging av bustader, har vi arrangert fagdag saman med Husbanken.

Fylkesmannen ser det som viktig at tiltaka knytt til Omsorgsplan 2015 framleis blir vektlagt i kommunalt arbeid, og at det blir sett i samanheng med Samhandlingsreforma. Det kan gjelde både planarbeid, kompetanse og investeringstilskot.

## **86.2 Demensplan 2015**

### **86.2 Demensplan 2015- «Den gode dagen»**

Fylkesmannen deltok og kvalitetssikra nasjonal kartlegging av tenestetilbod til personar med demens.

Fylkesmannen har hatt møte med modellkommunane, for å få kjennskap til erfaringar som ein kan nytte i det vidare arbeidet med Demensplan 2015. Prosjektleiari har delteke på nettverkssamlingar i regi av Utviklingssentera, der fylkesmannen kan ta opp f.eks demens som tema. Utviklingssentra i Møre og Romsdal har oppretta eiga fane om demens på nettsida «[ogbedreskalvibli.com](http://ogbedreskalvibli.com)» der kommunane kan legge inn prosjekt. Dette er god erfaringsutveksling. Desse nettverka er gode møtepunkt mellom fylkesmannen og pleie og omsorgstenestene i kommunane. I desse samlingane kan fylkesmannen være pådrivar for at kommunane gir god informasjon om demens, og ein kan følgje med status for oppretting av pårørandeskolar og dagaktivitetstilbod.

Fylkesmannen har og delteke på nettverksmøte for dagsentertilbod for demens,

### **Demensens ABC**

Møre og Romsdal har hatt stor aktivitet når det gjeld Demensens ABC. Fylkesmannen har bidratt med midlar frå Kompetanseløftet på kr. 1500 pr. person som deltek. Det er sett ned ei arbeidsgruppe med deltakarar frå Helse Møre og Romsdal, eining for alderspsykiatrisk i Ålesund og Molde, Utviklingssenter for heimetenester i Ålesund og utviklingssenter for sjukeheim i Kristiansund, samt fylkesmannen for å samarbeide nærare om å bistå kommunane i måloppnåing for Demensplan 2015. Her er det spesielt fokus på Demensens ABC. Det er alderspsykiatrisk eining som har fagdagane i kommunane.

Høgskolen i Volda har vidareutdanning i Miljøterapi i demensomsorga, der fylkesmannen gjev tilskot frå

kompetanseløftet på kr. 30 000,- pr. deltakar/år. Neste år blir det nytt studietilbod spesifikt på musikkterapi. Desse to utdanningane gjev 60 studiepoeng til saman og vil gå anna kvart år. Det er stor interesse for utdanninga. På erfaringskonferansen om leiing og kvalitet, var det kommunar som synte kva tiltak som var igangsett med bakgrunn i denne vidareutdanninga. Dette viser at det nyttar!

### Demensteam og utredningsverktøy

Det vart arrangert kurs i samarbeid med Nasjonalt kompetansesenter for Aldring og helse og Utviklingsentra i Møre og Romsdal i utredning av demens og i bruk av kartleggingsverktøy i kommunehelsetenesta. Målgruppa var helse-og omsorgspersonell, fastlegar og tilsynslegar. Til saman deltok ca. 240 personar og av dei var det ca. 30 legar. Kurset var arrangert i Molde og Ålesund.

Fylkesmannen har og hatt førelesningar om Demensplan 2015 på Høgskolen i Molde til studentar i vidareutdanning i eldre og aldring og på Høgskolen i Volda til studentar på miljøbehandling i demens. Fylkesmannen har prioritert dette da det er tilsette frå dei kommunale tenestene som er på desse utdanningane. Det er og gjeve tilskot frå Kompetanseløftet til desse utdanningane.

Fylkesmannen har formidla informasjon til kommunane om Handbok om etablering og drift av pårørandeskular for demente

### Dagsentertilbod til personar med demens

Prosjektleiar i Omsorgsplan 2015 samarbeider med Landbruksavdelinga om eit prosjekt for dagsentertilbod Inn på tunet. Prosjektbeskrivinga vart ferdig i 2011. Arbeidet blir vidareført til 2012. Det er samarbeid med Høgskolen i Molde om ei utdanning Inn på tunet om demens. Oppstart hausten 2012.

### Velferdsteknologi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er med i et regionalt prosjekt. Prosjektet er finansiert av Helsedirektoratet og skjønnsmidlar frå dei tre fylkesmennene. I Møre og Romsdal er tre ulike prosjekt med;

- **Bruk av vandrealarm i sjukeheim;** Korleis sikre den enkelte sin tryggleik med varsling, samstundes gje ei oppleving tå sjølvstende. Her inngår Kristiansund kommune v/ Rokilde Sjukeheim.
- **Sporingsteknologi med bruk av GPS (Global Positioning System).** Dersom ein pasient/bebuar går seg bort, får eit anfall eller dett når ein er ute og går tur - kan ein raskare finne fram til hjelp med bruk av sporing. Her inngår kommunane Herøy, Ørskog, Vanylven og Ålesund.
- **Spelteknologi** Aktiv omsorg med å ta i bruk ulike elektronisk simulatorar/bruk av dataspill for aktivisering innan omsorgstenesta knytt til f.eks dagsenterverksemd. Her inngår kommunane Ulstein og Ålesund.

## **86.3 Kompetanseløftet 2015**

### **86.3 Kompetanseløftet 2015**

Kompetanseløftet er fylgt opp som ein del av Omsorgsplan 2015. Det er ei eiga arbeidsgruppe vedrørande utfordringar knytt til rekruttering og utdanning til helseareidarfaget og fagskole. Gruppa er leia av KS sin prosjektleiar for Aksjon Helsefagarbeidar.

Det årlege møtet med alle kommunane vart arrangert i januar. Der gjekk vi gjennom rapportering og søknadsprosedyre for kompetanseløftet. I 2011 var tema e- læringsprogrammet «Meistring og Mangfald». Jarle Eknes var med og presenterte programmet. Bakgrunn for denne satsinga er erfaringar frå tilsyn i henhold til Sosialtenestelova kap.4 og søknad om dispensasjonar for utdanningskravet. Det blir gitt støtte til dette på lik linje med Demensens ABC på kr. 1500,- pr. deltakar. Det var tre kommunar som søkte om tilskot til dette tiltaket i 2011.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har sidan 2008 gitt tilskot frå kompetanseløftet til desentralisert vernepleierutdanning ved Høgskulen i Molde. Ved studieopptak vert studentar som er tilsette i kommunane og som har ein avtale med arbeidsgivar om studiepermisjon/-tilrettelegging prioriterte. Sande kommune fekk fylkesmannens omsorgspris for sitt arbeid og engasjement som pådrivar for kompetanseheving, som mellom anna førte til oppstart av den fireårige desentraliserte vernepleiarutdanninga i Molde.

Det vart gjennomført to konferansar for elevar i Vg 2 også i 2011, slik vi har gjort dei siste åra. Fokus er



rekruttering til læretid. Kommunane er tilstades i konferansen for å profilere seg med egne stands.

Det var etablert 4 rekrutteringspatruljer, men det er berre ei patrulje som har fungert i 2011. Denne patrulja fekk 50 000 i tilskot frå Kompetanseløftet. Det blir arbeidd med etablering og vidareføring av dei andre patruljene, men det lykkast ikkje i 2011. Det ser no ut som ei til vil bli starta opp att i 2012.

Tilskot til utdanning er tildelt kommunane i to tildelingsrundar, vår og haust. Resultat og plantal 2011 - Kompetanseløftet 2015 vart rapportert i en fylkesrapport til Helsedirektoratet 01.mars.

## **86.4 Investeringstilskudd til sykehjem og omsorgsboliger**

### **86.4 Investeringstilskot til sjukeheim og omsorgsboliger**

Det er etablert ei eiga arbeidsgruppe i fylkesmanneembedet for gjennomgang av søknader frå kommunane. Oppdraget til fylkesmannen vart endra i 2011, men ein har likevel fortsett med arbeidsgruppa. Fylkesmannen har gjeve fagleg uttale ( assistanse) under søknadshandsaminga på søknader i 2011 til Husbanken, med spesielt fokus på tilrettelegging for personar med demens og velferdsteknologi.

Det er gjennomført fagdag i samarbeid med Husbanken i 2011. Fylkesmannen deltok med innlegg om Samhandlingsreformen og nasjonale føringar når det gjeld demens og bustadar.

(se prosjekt velferd teknologi under pkt. 86.2)

## **86.5 Kvalitet i helse- og omsorgstjenesten**

### **86.5 Kvalitet i helse- og omsorgstjenestene**

Erfaringskonferanse etter tilsyn vart arrangert (pkt.86.1) med fokus på internkontrollsystem og kvalitetsforbetringar. Erfaringskonferansen om leing og kvalitet i samarbeid med Utviklingssentra hadde også dette som tema. Ved tilsyn blir kommunane rettleia på kvalitetssystem og internkontroll.

Fylkesmannen hadde møte med fire kommunar vedrørende saksbehandling og kvalitet ved søknad om sjukeheims plass. Dette møtet var ledd i oppfølginga etter medieoppslag om venteliste på sjukeheim. I samband med dette vart det også sendt brev til alle kommunar med presisering av krav om vedtak og klagerett.

Oppdraget med fagdag IPLOS vart av Helsedirektoratet endra og utsett til 2012. Men ved klagesaker og tilsyn blir IPLOS kartlegging etterspurt.

Vedrørende normering av legeteneste i sjukeheim, vart det sendt brev til kommunane sommaren 2011, slik vi også gjorde året før. Brevet var ei påminning om status, der vi oppmoda kommunane til på nytt å vurdere på kva nivå ein ynskjer å ha legetenesta i sjukeheim og syte for at den samla fagkompetansen er i samsvar med behovet. Nye KOSTRA-tal viser at det framleis er langt att for mange av kommunane før dei har nådd sine egne normtal for legetimar pr bebuar i sjukeheim, sjølv om enkelte kommunar har auka legeressursen og nådd det målet som vart sett. Totalt for fylket utgjør dette ein svak auke frå 0,29 til 0,30. I den vidare oppfølginga er det nedsett ei arbeidsgruppe med legar frå dei fire regionane i fylket for å planlegge oppstart av nettverk for sjukeheimslegar. Det vil bli eit seminar/dialogmøte våren 2012.

Etisk kompetanseheving i kommunane var eit av fleire tema på årets omsorgskonferanse.» Modige møte og nødvendige samtalar» var tittel på innlegget ved Marie Aakre, KS ved Pernille Næss hadde etisk refleksjonsforum, der ein også fekk informert om tilgjengeleg opplæringsmateriell om etisk kompetanseheving. Det er også lagt ut informasjon på nettsida til fylkesmannen og vi har informert i «Nytt frå Omsorgsplan 2015». Møre og Romsdal har 11 etikkommunar, og det er avtalt eit nærare samarbeid med KS i 2012.

Faglege retningslinjer for forebygging og behandling av underernæring vart teke opp på erfaringskonferansen etter tilsyn, og det er eit av tema ved eldretilsynet, og det blir vektlagt i klagesaker der det er risiko for underernæring. Retningslinjene er lagt ut på nettsida og informert om i «Nytt frå Omsorgsplan 2015»

Kosthandboka kom ut på høring i juli 2011 og den vart lagt ut på nettsida og informert om i nyhetsbrevet i august.

Fylkesmannens årlege omsorgskonferanse vart arrangert i Ålesund i september 2011, med tittel » Kvar dag eit liv- meistring og meining i livets slutfase». Nokre tema var: Nettverksjobbing, samhandling og palliasjon, erfaringar og utfordringar i lindrande behandling, samt ”Det handler om å lære seg å danse i regnet” der Gunnhild Corwin snakka om det å være pårørende, å miste eit barn i kreft. «Merksemd og nærvær i omsorgstenesta- nøkkel til stressmeistring» og «Livskvalitet og meistring når nærepårørende er i livets slutfase» ved kreftforeninga var andre tema. Det var ca. 300 deltakarar på konferansen. Vi hadde også refelksjonsfora med tema etisk kompetanse, tru og livssyn, palliasjon og nettverksjobbing, samt eldre og rus.

6 og 7. desember blei det arrangert ein dagskonferanse om Samhandlingsreforma og Nasjonal helse- og omsorgsplan, og hovedtema var den nye folkehelseleva, og Helse og omsorgstenestelova med forebyggende tenester.

## **86.6 Utviklingsentre for sykehjem og hjemmetjenester/Lindrende behandling**

### **86.8 Utviklingssentra for sjukeheim og heimetenester/ Lindrande behandling.**

Utviklingssentra, høgskolen i Molde, fylkesmannen og kommunane har avtale om samarbeid på dette feltet. Fylkesmannen har delteke i begge fag- og samarbeidsråda for utviklingssentra for sjukeheim og heimetenester i fylket. Vi deltek også i det felles overordna samarbeidsrådet. Møre og Romsdal har etablert nettverk for alle 36 kommunane.

Fylkesmannen har delteke på nettverksmøte og på regional samling med utviklingssentra og senter for omsorgsforskning i Ålesund.

Fylkesmannen var medarrangør for erfaringskonferansen om leiing og kvalitet. Og utviklingssentra er med i samarbeidsgruppa om demens, og er med i arbeidsgruppa for fylkesmannens årlege omsorgskonferanse. Det er eit nært og godt samarbeid med utviklingssentera i fylket.

Fylkesmannen vurderte og gav uttale til inntilling til kompetansehevande midlar til tiltak til lindrande behandling til Fylkesmannen i Sør-Trøndelag.

## **86.7 Økt forvaltningskompetanse. Saksbehandling i helse- og omsorgstjenesten**

### **86.7 Auka forvaltningskompetanse. Saksbehandling i helse og omsorgstenestane**

Det vart gjennomført grunnkurs i saksbehandling i februar og kurs i skjønnsutøving i april. Det var ein dag i Ålesund og ein dag i Kristiansund for begge kursa.

Saksbehandlingskurs etter dei nye lovane blei utsett til januar 2012, dei vart gjennomført med ca 240 deltakarar fordelt på to dagar, ein dag i Molde og ein i Ålesund.

IPLOS, koordinerande eining og individuell plan var også tema på kurset.

## **86.8 Aktiv omsorg/Partnerskap med familie og lokalsamfunn**

### **86.8 Aktiv omsorg/ Partnerskap med familie og lokalsamfunn**

Fylkesmannen har i 2011 planlagt dagsseminar om retten til tru- og livssynsutøving i samarbeid med Møre Bispedøme. Seminaret blir gjennomført 29.februar 2012. Temaet vart også teke opp i forum på omsorgskonferansen i september som «Rett til egen tros- og livssynsutøvelse».

Fylkesmannen har delteke i planlegging av tiltaket Aktiv egenomsorg - Lyst på livet/Livskafeer saman med utviklingsentra. Oppstart av livskafeer i Ålesund og Kristiansund januar 2012.

Tema for Omsorgskonferansen 2010 var aktiv omsorg.

Dagaktivitetstilbod innan Inn på tunet er etablert som prosjekt i regi av Landbruksavdelinga. Fra Omsorgsplan 2015 deltek vi med fokus på demens og folkehelse. Fylkesmannen har delteke med innlegg på konferanse om Inn på tunet for å sette fokus på forebygging og eigenmeistring.

Brev frå Helsedirektoratet om den gylne spaserstokk, vart lagt ut på nettsida.

## **86.9 Rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemning**

### **86.9 Rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemning**

Det er gjennomført samarbeidsmøte med habiliteringstenestene ved sjukehusa i Ålesund, Molde og Kristiansund. I tillegg har fylkesmannen gjennomført rettleiingsmøte med enkeltkommunar som har bedt om rettleiing i høve til regelverket. Det er tildelt tilskot frå Kompetanseløftet til ein kommune for opplæring i handtering av vald/utfordrande adferd og i opplæring av rettleiarar.

Fylkesmannen overprøvde 49 vedtak i 2011. Av desse blei 31 saker handsama innan 3 månader.

## **86.10 IPLOS - individbasert pleie- og omsorgsstatistikk**

### **86.10 IPLOS- individbasert pleie- og omsorgsstatistikk**

« Veileder i person og informasjonssikkerhet for helse- og sosialpersonelli kommuner» med faktark 44 og 45 vart teke opp på dagskonferansane om Samhandlingsreforma der målgruppa var kommunen si leiing inkludert politikarar, rådmenn, einingsleiarar, kommunelegar, fagleiarar og fastlegar. I tillegg deltok leiinga i fylkeskommunen og helseføretaket.

Fagdag IPLOS er av Helsedirektoratet, utsett til 2012. IPLOS var tema på saksbehandlingskurs etter dei nye lovene i januar 2012.

Fylkesmannen har tatt opp problemet med gjennomsnittsberegning, da enkelte kommunar har benytta dette i saksbehandlinga.

IPLOS blir tatt opp ved tilsyn og klagesaker.

Vi har og gjeve informasjon om IPLOS, Normen og faktaark 44 og 45 i « Nytt frå Omsorgsplan 2015».

## **Resultatområde 87 Psykisk helse**

### **87.1 Tvungen undersøkelse**

Ingen klager på dette i 2011.

### **87.2 Behandling uten eget samtykke**

Fylkesmannen mottok og behandla 69 klager frå pasientar under tvungent psykisk helsevern der det var gjort vedtak om behandling mot pasienten si vilje, jf psykisk helsevernlova § 4-4. Dette er ei utflating etter at det over nokre år har vore ei jamn auke i saksmengda. Alle klagesakene bortsett frå ei sak gjaldt tvangsbehandling med legemiddel, den siste gjaldt behandling med næringstilførsel. I 61 av sakene (88,5%) vart vedtaket stadfesta.

Median saksbehandlingstid var 2 kalenderdagar, og gjennomsnitt 3 dagar. Som ledd i saksbehandlinga skal det til vanleg takast direkte kontakt med pasienten, og det har vore krevjande å finne tid til dette på kort varsel. For einsskilde pasientar som vi er kjende med frå tidlegare, har det derfor vore teke kontakt pr. telefon. Dersom tilhøva ligg til rette for det, vil vi også vurdere om kontakten kan skje i form av videokonferanse.

### **87.3 Privat forpleining i det psykiske helsevernet**

### **87.4 Godkjenning av institusjoner som skal ha ansvar for tvungent psykisk helsevern**

Ingen søknader er registrert i 2011.

### **87.5 Vedtak om overføring**

### **87.6 Forpleining, kontroll og tilsyn med pasienter i det psykiske helsevern**

Ingen rapportering jf. oppdrag.

### **87.7 Videre utvikling av det psykiske helsearbeidet i kommunene**

Fylkesmannen har gjenngått og kvalitetssikra kommunane sine innsende rapportar IS 24/10.

Helse- og sosialavdelinga har etablert eit felles fagnettverk innan fagfelta rus og psykisk helsearbeid der også spesialisthelsetenesta er ein viktig aktør både i planlegging og gjennomføring. Også i 2011 er det gjennomført to nettverkssamlingar. Tema for samlingane var; tidlig intervensjon ovanfor barn og ungdom og nytt lovverk og ROP rettleiaren. Ein gjengangar i nettverksamlingane er *Møteplassen*; gruppearbeid om utfordringar i samarbeidet mellom nivåa. Her har spesialisthelsetenesta teke eit medansvar for tema og prosess.

Vi registrerer lite aktivitet omkring rekruttering av psykologer.

Fylkesmannen har hatt ein aktiv rolle i samband med etablering IPS tiltak (arbeid og psykisk helse). NAV Ålesund har fått tildelt egne prosjektmidlar (kr.550 000,-) fra direktoratet og rådgivar inngår i prosjektgruppa med målsetting å spre erfaringar om prosjektet til andre kommunar i fylket.

Psykiatrirådgivar har delteke aktivt i oppfølging av dei som vart ramma av terrorhandlingane 22.juli. Eit arbeid som vil halde fram også utover 2012.

Fylkesmannen har inngått i samarbeidet med kommunane og helseføretaka kring etablering av ACT-Team. Det er nå etablert tre team i M&R.

I 2011 var det ikkje opptak til tverrfagleg vidareutdanning innan psykisk helse og psykososialt arbeid med barn og unge i vårt fylke (deltidsutdanning). Tilskotstildelinga var ei videreføring frå 2010.

Dei lokale etterutdanningmidlane blir hovudsakeleg nytta til gjennomføring av nettverksamlingane (sjå over). I tillegg fekk ein kommune og to spesialisteiningar innan psykiatri tildelt midlar på tilsaman kr.60 000,- til kursopplegg.

Det er gjennomført samarbeidsmøter med NAPHA. Evaluering og stimulering av nettverksgrupper blir ei viktig utfordring framover. Vidare det å vere ein pådrivar for kompetansebygging inn mot dei ulike nettverka.

Rådgivar deltek fast i kommunenettverk innan psykisk helsearbeid. Spesielt kommunenettverket kring Knausen (Molde) arbeider målretta. Mellom anna med fast deltaking frå spesialisthelsetenesta og Høgskulen i Molde.

Vi har eit medlem i Helsedirektoratet si koordineringsgruppe som møter i Oslo 2-3 gonger i året for diskusjon om fagfeltet, og planlegging av rådgivarsamlingar. Det er gjennomført to slike rådgivarsamlingar i 2011.

Vi har vidareført felles tenkning og tiltak rundt tema rus, psykisk helse, boligsosialt arbeid.

Rådgivarane innan psykisk helse har etter kvart oppgåver innan ulike resultatområde i verksemda, mellom anna tilsynsoppgåver, etablering av overgrepsmottak, krisesentertilbodet og klagesaksbehandling.

### 87.8 Dispensasjon fra forskrift om faglig ansvarlig for vedtak i det psykiske helsevernet

Ein søknad om dispensasjon fra forskrift om faglig ansvarlig for vedtak i det psykiske helsevern er behandla 2011. Kopi er sendt Helsedirektoratet.

### 87.9 Godkjenning av psykiatriske poliklinikker

Oversikt over alle godkjente poliklinikker i fylket og stillingstal er innsendt til Helseøkonomiforvaltningen (HELFO) februar 2011.

Ingen søknad om godkjenning av poliklinikk mottatt i 2011.

Ellers ingen rapportering jf. oppdrag.

### 87.10 Gjennomføring av tvungent psykisk helsevern for personer som ikke har bosted i riket

Oppdraget blir ivareteke av FM i Sør-Trøndelag.

Antall saker

Embeter	Antall
FMMR	
<b>Sum</b>	<b>0</b>

## Resultatområde 88 Rusområdet

### 88.1 Alkoholoven

Fylkesmannen hadde ikkje klager etter alkoholova i 2011. Det har vore nokre førespurnader angående forståinga av alkoholova, og då særleg frå kommunar. Vi har to statlege skjenkeløyve i fylket, og det var i 2011 ikkje ført tilsyn med desse.

Antall saker

Embeter	Antall
FMMR	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>

### 88.2 Rusmiddelarbeid

Tilskot til kommunalt rusarbeid er eit ev dei viktigaste verkemidlane i opptrappingsplana for rusfeltet. I 2011 fekk fylkesmannen søknad frå 20 kommunar. Fleire kommunar søkte om meir enn eit tiltak, og tre av søknandane var i samband med inerkommunale samarbeid. Møre og Romsdal blei tildelt kr. 18 millionar som vart fordelt på 33 forskjellige tiltak. For å følgje opp kommunane som mottok tilskot til kommunalt rusarbeid arrangerer fylkesmannen nettverksamlingar to gonger kvart år. Mange kommunar i Møre og Romsdal mottok tilskot både til kommunalt rusarbeid og bustadsosial arbeid. Vi har derfor valt å samle begge desse tilskotsordningngana i eit felles nettverk. Kommunane opplever det som ei god ordning og samlingane har god

oppslutning. Så godt som alle kommunar som mottok tilskot til kommunalt rusarbeid tek del. Husbanken og KoRus Midt-Norge er viktige samarbeidspartar i dette arbeidet.

Fylkesmannsembeta har fått i oppdrag å bringe fagfelte rus og psykisk helse nærare saman. For å støtte opp under denne målsettinga har vi i Møre og Romsdal etablert eit felles fagnettverk for desse felte. Fylkesmannen arrangerer to samlingar i året som går over to dagar. I samband med desse samlingane er det satt ned ei arbeidsgruppe med deltakarar frå spesialisthelsetenesta, nærara bestemt frå DPS og rusinstitusjonane i fylket. I kvar samling er det satt av tid til møte mellom spesialisthelsetenesta og kommunane for å få betre samarbeid og auka informasjon mellom tenestenivåa. For å finne fram til felles plattform for denne satsinga blei det arrangert eit eige møte med leiinga for aktørane frå helseforetaket og leiinga ved helse og sosialavdelinga Fylkesmannen.

Folkehelsearbeidet er godt forankra i Møre og Romsdal gjennom partnerskap for God helse-programmet. I Møre og Romsdal er det etablert ei arbeidsgruppe med eit rusfagleg fokus knytt til God Helse satsinga. Både Fylkesmannen og KoRus Midt Norge er representert saman med både politikarar, frivillige organisasjonar, spesialisthelsetenesta og andre delar av det statlege og fylkekommunale tenesteapparatet. Gruppa gjev eit godt grunnlag for å samarbeid på tvers av nivå og faggrenser og mulegheit til å samordne tiltaka på feltet. Frisklivsentralar er under etablering i Fylket. Fylkesmannen tek del i dette arbeidet både i høve til folkehelse generelt og rus spesielt.

Vi har formalisert samarbeid med Kompetansesenteret Midt-Norge si avdeling i Ålesund. Fylkesmannen tek del i KoRus si satsing i kurstilbud til kommunane på felte "eldre og rus" og "IP og koordinerande eining". Sistnemde tema er eit samarbeidsprosjekt som strekker seg inn i 2012. Kompetansesenteret tek del i planlegginga og gjennomføring av nettverksamlingane knytt til både rus/psykiatri og rus/boligsosialt arbeid. Regionalt er det oppretta eit rusfagleg forum der kompetansesenteret for rusfaget, Midt Norge (KoRus) og fylkeslegane i Møre og Romsdal, Nord- og Sør-Trøndelag deltek. Det blei laga ein felles kompetanseplan for 2011 der felles fokusområder for kompetanseheving blei identifisert.

Bruk av tvang i samband med rusbruk har vore eit tilbakevendande tema i kontakt med kommunana. På den bakgrunn arrangerte Fylkesmannen ein fylkesdekkjande konferanse med tema Tvang etter kap 6 i Lov om sosial tenester i haust. Dette kurset var i samarbeid med KoRus Øst og hadde stor oppslutning.

## Ressursrapportering

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 1510</b>	<b>Fagdep.</b>
81 Tilsyn og klagesaksbeh. etter sosialtj. loven	kr 1 769 235,95	kr 645 153,65
82 Tilsyn og klagesaksbeh. etter helsetj. loven	kr 3 484 692,83	kr 268 521,77
83 Folkehelsearbeid	kr 232 449,82	kr 292,01
84 og 85 Primærhelsetj. og Spesialhelsetj.	kr 620 693,89	kr 457 410,85
86 og 75 Omsorgstj, Habilitering og Rehabilitering	kr 1 077 250,34	kr 314 363,46
87 og 88 Psykisk helse og Rusområdet	kr 1 309 220,38	kr 635 870,59
76 og 77 Kvalitet og samhandling og Andre oppdrag	kr 1 512 432,45	kr 85 757,03
Andre oppgaver under HOD	kr 79 247,21	kr 1 799 300,15
Sum:	kr 10 085 222,00	kr 4 206 669,00

## Samferdselsdepartementet

### Resultatområde 91 Oppdrag for Samferdselsdepartementet

#### 91.1 Avkjørselssaker etter vegloven

Vi har avgjort ei sak om klage på avslag om avkjøyrsløse etter veglova i 2011. Statens vegvesen sitt vedtak vart stadfesta

## **91.2 Konesesjon til anlegg og drift av taubaner**

Vi har hatt 5 søknader om konesesjon for taubaner, og alle vart innvilga.

## **Utenriksdepartementet**

### **Resultatområde 92 Oppdrag for Utenriksdepartementet**

#### **92.1 Apostiller**

Det er utført 1686 Apostilledokument i 2011 .Dette er ei auke på 20 dokument frå i fjor.

## **Kulturdepartementet**

### **Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn**

I Møre og Romsdal er talet på trudom- og livssynssamfunn stabilt. For 2011 er der fremleis totalt 33 tru- og livssynssamfunn som søker statsstøtte. 15 av disse er Pinsemenigheter, 11 andre er registerert trudomssamfunn, og 7 er uregistrerte, 3 av dei er muslimske. Det har vore vanleg sakshandsaming ved utbetaling av statstilskot.

Eit trudomsamfunn har klaga over avslag på tilskudd, etter at dei ikkje fekk søknaden godkjent då dei hadde sendt ein blank CD uten medlemsregister. Klagesaka er endeleg avgjort av departementet og vårt vedtak om å avslå å utbetale tilskot vart stadfesta.

Eit av dei muslimske trudomsamfunna fekk halde tilbake statstilskotet for 2010, men etter val av nytt styre og godkjent revisorrapport, vart tilskot for 2010 utbetalt i mars 2011.

### **Resultatområde 96 Gravferdsloven**

I 2011 har fylkesmannen berre hatt 22 søknader om løyve til oskespreiing til handsaming.

Dette inneber ein nedgang frå 2010 då vi avgjorde 32 saker

Løyve til oskespreiing vert berre gjeve på åpent hav og på høgfjellet, og dei fleste søknader er førhandssøknader, der vedkommende søker sjølv medan han/ho er i live.

### **Resultatområde 97 Lov om helligdager og helligdagsfred**

I 2011 har Gjøra i Sunndal kommune og Åndalsnes i Rauma kommune, fått status som typisk turisstad, og løyve gjeld for sommersesongen.

Det ligg også føre søknad fra Averøy kommune om å få godkjent Atlanterhavsvegen som typisk turisstad.

Søknaden er ikkje endelig avgjort da området også gjeld ein del av Eide kommune, og saka er til handsamning der.

Videre er det handsama to saker om dispensasjon til å holde søndagsåpne butikkar. Ein er innvilga og ein er avslått.

## Resultatområde 98 Oppdrag på det administrative området

### 98.1 Rekruttere og beholde medarbeidere

#### Rekruttering

Vi legg til rette så langt som råd for at arbeidsstyrken skal gjenspeile mangfoldet i befolkningen når det gjeld kjønn, alder, nedsett funksjonsevne, religion, nasjonal eller etnisk bakgrunn. Vi har tatt i bruk følgende verkemiddel:

- Alle våre stillingsutlysinger inneheld følgende tekst: *Fylkesmannen i Møre og Romsdal ønskjer mangfald, og vi oppmodar difor alle kandidatar som er kvalifisert til å søkje med ulik utdanning, arbeids- og livserfaring, utan omsyn til alder, kjønn, funksjonsevna, nasjonal eller etnisk bakgrunn.*
- I 2011 starta vi med å lyse alle våre stillingar ut på jobbressurs.no, i tillegg til andre media.
- Vi har ein intensjon om at vi kaller inn kvalifiserte kandidater som har innvandrerbakgrunn eller har nedsett funksjonsevne til intervju, i den grad det kjem til uttrykk i søknaden. (å rapportere på dette er ei utfordring, då vi ikkje har noko avkryssing for dette i våre stillingssøknadsskjema, vi meiner at det ville vere stigmatiserande å be om ei slik opplysning).
- Jmf vår handlingsplan for universell utforming legg vi til rette for at personer med nedsett funksjonsevne kan rekrutterast til embetet.
- Vi gjennomfører, så langt det er mogeleg, tilrettelegging av arbeidsplassen for at våre tilsette for å styrke jobbnærværet og hindre utstøting og fråfall frå arbeidslivet.

#### Utfordringer knytt til rekruttering og beholde medarbeidere

Embetet opplever stadig at vi taper kampen om arbeidskraft i konkurranse mot andre statlege og kommunale verksemdar. Dette opplever vi både ved nyrekruttering og for å beholde høgt kvalifisert arbeidskraft som allereie er i jobb i embetet. Det er eit stort behov for å heve lønsnivået for å kunne fremme måloppnåing, sikre god rekruttering og eit høgt fagleg kompetansenivå jmf føringer frå FAD.

#### Egne IA-måltall (inngått ny IA avtale)

Planlagte og gjennomførte tiltak:

- utarbeide mål- og handlingsplan IA
- Gjennomført HMS-opplæring for verneombod, leiarar og AMU
- IA tema i fellesmøte for alle tilsette
- Opplæring i medarbeidarsamtalen for alle tilsette og utvida opplæring for leiarane
- Gjennomført medarbeidarsamtale (påtrykk frå embetsleiinga om å få gjort dette)
- Målretta bruk av BHT og i 2011 arbeidshelseundersøking
- Gjennomgang og innskjerping av oppfølging sjukmeldte
- Utarbeiding og kommentering av sjukefråværsstatistikk. Krav om kommentarar/tiltaksvurdering ved sjukefråvær >4%
- Inkludering av medarbeidarar med nedsett funksjonsevne og tilrettelegge for desse.

Planlagte, men ikkje fullt ut gjennomførte tiltak:

- Statistikk for uførepensjonistar følgjes på linje med sjukefråvær - embetet er lite og oversiktlig. Har oversikt over utvikling/kven det gjeld og grunnar for pensjonering, men ikkje systematisk statistikk på dette.

Mål for IA er satt for hele inneværande IA-avtale periode. Om vi har nådd måla, er for tidleg å uttale seg om. Sjukefråværsutviklinga er ikke positiv, men det er tatt tak i.



Tilsette med innvandrerbakgrunn

Embete	Antall 2010	% 2010	Antall 2011	% 2011
FMMR	1	0,7	1	0,7
<b>Sum</b>	<b>1</b>	<b>0</b>	<b>1</b>	<b>0</b>

## 98.2 Kompetanseutvikling

I 2011 fekk ledere, tillitsvalgte og hovedverneombud tilbud om å delta på den regionale konferansen for Midt Norge "Samarbeidskompetanse og medbestemmelse". Embetet har sett på denne konferansen som eit viktig del av opplæringa av ledere og tillitsvalgte for felles forståing av intensjonen i hovedavtalen.

Vi gjennomførte ei halvdagssamling for alle ledere og tillitsvalgte der vi arbeidde i samansette grupper med spørsmål om utfordringer evt forbedringer i embetet knytt til forhandlingskikk, reell medverknad i vår organisasjon. Dessverre så opplever vi at dei tillitsvalgte ikkje prioriterer slike samlinger.

For å sørge for at tilsette sin fagkompetanse blir brukt og vidareutvikla har vi satt av eit fast beløp pr. tilsett for kompetanseheving som avdelingane fordeler etter drøfting med dei tillitsvalgte.

Frå arbeidsgjvar si side ber vi dei tillitsvalgte ta omsyn til kjønnsbalansen ved representasjon i ulike utval og arbeidsgrupper. Vi har ikkje lukkast i dette alltid.

Fordeling menn/kvinner i lederstillinger

Embete	Kunngjorte lederstillinger	% tilsette kvinner	% tilsette menn	Antall kvinnelige ledere	Antall mannlige ledere
FMMR	6	50	33	4	4

Fordeling av kompetansemidler

Embete	% kompetanse kvinner	% kompetanse menn	% under 50 år	% over 50 år
FMMR	67	33	63	37

## 98.3 Medvirkning

Viser til årshjulet hvor vi har lagt inn 3 faste møtepunkter med tillitsmannsapparatet. I tillegg gjennomfører vi møter når det er behov for det der drøftinger/forhandlinger er tema.

Admsjef og rådgiver personal er med i nettverk med Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag og deler av Nordland. Arrangert stor konferanse for alle statlige etater i november 2011.

Vi har arbeidsgrupper sammensatt av tilsette fra tillitsmannsapparatet og arbeidsgiver. Arbeidsgruppene har i 2011 bl.a. jobbet med revidering av ny lokal lønnspolitikk, revidering av tilpassingsavtale, utarbeiding av mål og handlingsplan for IA-avtale og arbeid med strategiplan.

Tillitsmannsapparatet er deltakar i tilsettingsråd, AMU og vert invitert til samarbeid ift. IA-avtalen og oppfølging av denne.

## 98.4 Likestilling og likeverd

Rapportering er gjort i henhold til veileder for likestillingsredegjørelse etter aktivitets- og redegjørelsesplikten

### Kjønnsfordeling i embetet på ulike stillingsnivå (pr. 31.12.2011)

Stillingskategorier	K	M	Totalt
Leiargruppe	4	4	8
Seksjonssjef, ass. dir	3	9	12
Senioringeniør, seniorrådgiver	11	7	18
Rådgiver, overingeniør, fylkesagronom, fylkeskogmester	50	22	72
Førstekonsulent, konsulent, sekretær, fullmektig	20	2	22
Fagarbeiderstillinger	3	3	
Prosjektledere (leger)	3	3	

Lærlinger (kontorfaget)	2	2
Total	90	50 140

Totalt antal tilsette 140 - av desse er 90 kvinner og 50 menn

132 er Fast tilsette, 4 vikariat og 4 engasjement (som følge av tidsavgrensa prosjektmidler frå DN, MD og Utdanning)

### Fordeling ledere - medarbeidere

	Total	K	M
Ledere med personalansvar	16	39%	61%
Medarbeidere	124	68%	32%

Når det gjeld lønn ser vi ikkje noko forskjell som følge av kjønn innafor dei ulike stillingskategoriane. (vurdert i forbindelse med forberedende møte i høstens lønnsforhandlinger sammen med tillitsvalgte.)

	Kjønnsbalanse			Lønn		Summene på totalt i virksomheten er inklusiv overtid, reisetid og arbeidsgiveravgift
	m%	k%	Totalt (N)	m (kr/%)	k (kr/%)	
Totalt i virksomheten	201041	59	136	23443172/100	36243850/154	
	201136	64	140	26336503/100	34845710/132	
Embetsled/dir/admsjef	201062	38	8			
	201150	50	8	3519180/100	2156169/61	
Seksjonssjef/Ass.dir	201077	23	13			
	201164	36	14	4462611/100	1354002/30	
Senioring/seniorrådgiver	201030	70	10			
	201150	50	12	2318520/100	2376952/103	
Saksbehandlere	201029	61	84			
	201140	60	75	8937276/100	19652435/219	
Merkantile	201019	81	16			
	201112	88	26	923895/100	6996464/757	
Fagarbeidere	2010100		3			
	2011100		3	781918/100	0	
Lærling	2010	100	2			
	2011	100	2	0	122913/-	

### Overtid - fordelt på kjønn

Bruk av overtid i embetet er begrensa til eit minimum. Embetet har likevel gjort bruk av overtid som eit tiltak for å få arbeidd ned restanser, overtid ved tilsyn og i dei tilfella vi har hatt stillingsvakansar i kortare periodar.

Under viser overtid fordelt på kjønn

År	Utbetalt kronebeløp	K	M
2010	605157	44%	56%
2011	607337	45%	55%

### Sjukefråvèr

	K	M	Snitt
Egenmeldt	1,33%	0,56%	1,04%
Legemeldt 100%	2,67%	0,79%	1,96%
Legemeldt gradert	2,22%	0,79%	1,41%
Gjennomsnitt total	6,22%	1,39%	4,41%

(Snitt Gjennomsnitt total 2009 4,42%)

## Foreldrepermisjon i 2011

I embetet har 2 menn og 6 kvinner tatt ut foreldrepermisjon.

## Seniortiltak sentral avtale

100 % oppslutning om ordning, 121,2 av totalt 198 dager er utbetalt som løn, resten er tatt ut som tenestefri.

## Nedsatt funksjonsevne:

Av tiltak som har blitt gjennomført i 2011 er oppfølging av kartlegginga frå 2010, samt fleire tilrettleggingar i samband med ombygging av deler av våre lokaler. Tiltak er utført for å auke tilgjenge – noko som også vil bidra til at dei med nedsett funksjonsevne lettare kan halde fram i arbeid og vi lettare kan tilsette personar med nedsett funksjonsevne. Vi er leietakarar i lokalane. Huseigar har planlagt nytt handikoptoalett, men dette er dessverre ikkje kome på plass i løpet av året.

Vi har utarbeidd ein handlingsplan for universell utforming for eiga verksemd jmf. resultatområde 46

## Etnisitet:

Vi tydeleggjer i våre kunngjeringar at vi ønsker alle som søkere. Litt større respons enn tidlegare år. I 2011 fekk ein kandidat med innvandrerbakgrunn tilbud om ei rådgiverstilling i embetet, men kandidaten takka nei pga anna jobbtilbud i Oslo. Vi tek inn kvalifiserte søkere til intervju.

## 98.5 Føringer på IKT-området

I 2011 har vi fått på plass eit nødaggregat som i ein krisesituasjon vil sørge for nødvendig straum til vårt datarom og kontorlokaler som gjer at embetet vil vere operativt i ein krisesituasjon.

Embetet har dessverre ikkje tatt i bruk dei nye sikkerhetsmalene for informasjonssikkerheten enno. Årsaken til dette er ressurs- og kompetansemangel på IKT-området. Det er no nedsett eit nytt informasjonssikkerhetsutvalg og arbeidet vil bli prioritert i 2012.

Det er sørga for at vi har rett lisensiering på alle våre produkt som vi har i bruk, både Microsoft produkt og andre.

Embetet sine programvarelisenser er ikkje lagt inn i embetenes egen lisensportal grunna ressursmangel på IKT-området i embetet.

Sidan den sentrale IKT strategien for embetene ikkje vart ferdigstilt før, har ikkje embetet sine tiltak på IKT-området vore forankra i noko sentral strategi, og det er heller ikkje utarbeidd ein eigen lokal strategi.

## Oppfølging av fylkesmennes GIS - strategi

Den viktigaste aktiviteten på GIS området 2010 har vore utvikling av kartportalen GisLink. Dette har krevd mykje tid både for å kunne lage tenesten og utvikle kompetanse innan programvaren. Målet med å lage ei ny plattform er å kunne gje eit betre tilbod om faginformatjon til arbeidet, både i offentlig og privat sektor. I tillegg vil dette redusere arbeidsmengda på avdelingar hjå fylkesmannen i høve til digitalisering av kartdata, der kommunene kan redigere prosjekter sjølve innanfor nettløysninga.

Opplæring i den nye plattformen skal prioriterast når den er på plass. Opplæring til kommunane vert vurdert etter behov.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal deltar både i Geodatautvalet og Temadatautvalet i Norge digitalt, Møre og Romsdal. Gjennom desse møtene har det kome fram tydelege behov om å utvikle vidare samarbeidet mellom Fylkesmannen og Statens Kartverk. Dette vil vi satse på.

Vi skal fortsette med internopplæring i ArcGIS og den er til dels individinnretta og utforma etter kva som er brukarane sine behov. Dette for å få best mogeleg effektivitet og resultat.

Det er ressurskrevjande å oppdatere kartdata. Det må prioriterast å bygge opp ein betre struktur på embetet sine GIS data, dette skal bli gjerast i samband med opprydding av gamle data og innføring av meir geodatabase-basert

data, i staden for shapefiler.

## Resultatområde 99 Partistøtteordningen

Vi har deltatt på en to dagers fagsamling i regi av FAD og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i forbindelse med at fylkesmennene skal godkjenne søknader fra kommune, fylkes- og ungdomsparti, via det elektroniske systemet, før sakene går til endelig godkjenning og utbetaling fra Fylkesmanne i Sogn og Fjordane. Seminaret var en forberedelse til fylkesmennes arbeid med nye søknader fra de politiske partiene i 2012.

## Andre

### Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
Andre faglige oppg. på oppd. for statlige virk.	kr 115 362,54	kr 0,00
Andre faglige oppgaver for ikke-statlige virk.	kr 797,70	kr 0,00
Ressursbruk knyttet til adm/felles oppg./drift	kr 23 880 833,55	kr 0,00
Sum:	kr 23 996 993,00	kr 0,00